Trond Eilev Linge
Mjeltehaugen - fragment frå gravritual

# UBAS Hovedfag/Master

Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter



Trond Eilev Linge


## Mjeltehaugen - fragment frå gravritual


UNIVERSITETET I BERGEN

3

UBAS – Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Hovedfag/Master 3

Copyright: Trond Eilev Linge.

Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen
Postboks 7800
5020 Bergen, Norge

www.hf.uib.no/arkeologisk

ISBN: 978-82-90273-83-0
ISSN: 1503-9811

2007

Redaktør for denne boken:
Terje Østigård

Redaksjon for serien UBAS:
Terje Østigård
Lars Forsberg
Janicke L. Zehetner

Layout:
Terje Østigård
Forside/omslag: Arkikon, www.arkikon.no

Trykk:
Powerprint
www.powerprint.no

# Förord

Bronsålderns monument innehar onekligen ett visst lyster och skimmer. De bländar oss av olika anledningar. Ofta är det, som i fallet Bredarör, Hohøj och Lusehøj, själva monumentaliteten som är det mest anslående. Föremålet för denna skrift lär till exempel tagit omkring 650 dagsverken att uppföra. I andra fall, som Egtved, Skrydstrup, Trindhøj, Borum Eshøj Muldbjerg, och så vidare, är det de exemplariskt goda bevaringsförhållandena som vi låter oss bländas av. Vem kan glömma den bortgömda röllekan i ekkistan från Egtved? Eller den begravda kvinnans lika ”täckande som eggande” snörkjol? De tennsmyckade träskålarna från Store Kongehøj och Dragshøj? De sinnrika frisyrerna från Borum Eshøj och Skrydstrup? Klappstolen och de andra bevarade träföremålen från Guldhøj? Spåren efter gravplundrarna i Storehøj? Eller den intrikata rituella rekvisitan från Hvidegården och Maglehøj? Otaliga är de monument som likt Tobøl är omtalade för sina rika fynd av brons- och guldföremål. Andra har vunnit vår hågkomst för sina intrikata lämningar av kulturhistorisk art, såsom den skeppsformade stensättningen i Lugnaro eller de märgspjälkade människobenen från ”Kung Björns hög” i Håga. Ja, vad vore bronsåldern utan sina monument!?!

Bland de omskrivna monumenten från bronsåldern finner vi föremålet för föreliggande skrift av Trond Eilev Linge – Mjeltehaugen från ön Giske i Sunnmøre på norska Vestlandet. Allt sedan högen braktes till vår kännedom på 1840-talet, har den intagit en prominent plats i vår samtids kognitiva bronsålderslandskap. Anledningen till detta är inte fynden av några hisnande bronsföremål, utan det minst lika spektakulära fyndet av ett antal ornament- och bildsmyckade skifferhällar. Tillsammans med de omvittnade fynden från Bredarör på Kivik från Skåne och gravhögen Sagaholm från Ljungarum socken i norra Småland i Sverige, utgör Mjeltehaugen det största enskilda fyndet av hällbilder som återfunnits i en gravkontext. Fynden från dessa gravar är inte bara unika ur ett skandinaviskt perspektiv, utan de tillhör de största fynden av gravbilder som gjorts norr om alperna i Europa.

Enbart det senare faktumet motiverar denna skrift. Men det finns fler anledningar att välkomna Linges arbete.

Den arkeologiska vetenskapen och dess praxis beskrivs ibland naivt som ett gigantiskt pussel. För Mjeltehaugens vidkommande är dock denna beskrivning relevant. De sköra skifferhällarna har nämligen nått eftervärlden i ett kraftigt fragmenterat skick, en omständighet som inte bara försvårat tolkningen av de motiv som adderats på hällarna, utan också de divergerande antikvariska uppgifterna om att hällarna ursprungligen härrörde från en eller flera smyckade hällkistor.

Trots denna osäkerhet, som till stora delar skingras av Linges arbete och analys, har hällbilderna från Mjeltehaugen utgjort en självklar referenspunkt inom skandinavisk bronsåldersforskning sedan slutet av 1800-talet. En anledning till detta är att

monumentet utgör den nordligast belägna höggraven som vi känner från denna tid. De smyckade hällarna har därtill utgjort en lika omistlig som central del i diskussionen om den sydskandinaviska hällbildstraditionens ålder och betydelse. Så har Mjeltehaugens abstrakta och geometriska motiv fått tjänstgöra som argument för att denna tradition skall föras ned i senneolitisk tid, en datering av Mjeltehaugen som Linge argumenterar emot på ett för undertecknad trovärdigt vis.

Då Mjeltehaugen länge intagit en central position inom skandinavisk bronsåldersforskning är det förvånande att det saknats en tillförlitlig och probat publikation som gör de unika fynden från Giske rättvisa; Ett prekärt förhållande som nu har åtgärdats på ett förtjänstfullt sätt.

Det är därför lika viktigt som glädjande för skandinavisk bronsåldersforskning att föreliggande skrift materialiserats i sinnevärlden.

Linköping 2007-04-17

Joakim Goldhahn

# Innhold

**Forord**

*Trond Eilev Linge*
## Mjeltehaugen - fragment frå gravritual


| | |
|---|---|
| Kap. 1. Innleiing | 9 |
| Kap. 2. Funnhistoria | 15 |
| Kap. 3. Rekonstruksjon av ristningsflater og kisteanlegg | 27 |
| Kap. 4. Beinmaterialet - brent eller ubrent? | 69 |
| Kap. 5. Kulturhistorisk kontekst | 73 |
| Kap. 6. Teoretisk innfallsvinkel til analysen | 91 |
| Kap. 7. Handlingsaspekt ved Mjeltehaugen | 97 |
| Kap. 8. Mjeltehaugen i lokale og regionale kontekstar | 107 |
| Kap. 9. Frå inhumasjon til kremasjon | 119 |
| Kap. 10. Fragment frå gravritual | 131 |
| Appendiks | 135 |
| Litteratur | 142 |

Kapittel 1

# Innleiing

## Introduksjon til området og Mjeltehaugen

Kystlandskapet på Sunnmøre, lengst nord på Vestlandet, er prega av rekkjer av øyar som stikk opp frå havet. Dei fleste er fjellkledde med ein smal og flat strandbrem mellom fjellet og havet. Frå dette generelle landskapsbiletet er det ei øy som skil seg ut. Rett vest for byen Ålesund ligg øykommuna Giske som har namn etter ei lita og flat øy. I følgje stadnamngranskarane skulle den særeigne topografien ha inspirert dei som i si tid gav øya namn. "Giske" skal ha samanheng med det gamalnorske ordet *gizki* som tyder "duk" eller "klut", og ein har tenkt seg at dette har vist til at øya er flat som ein duk (Gidske 1913; Sandnes & Stemshaug 1990). Høgste punkt på øya er knapt 25 meter over havet og kontrasten til granneøya Godøy med topp på 497 meter skulle dermed vere tydeleg (fig. 1). Med sine 2,67 kvadratkilometer, er øya lita i høve til dei andre busette øyane på kysten av Sunnmøre (Mandt 1983:14). Øya er likevel etter måten rik på arkeologiske funn frå yngre steinalder og fram til mellomalder, kor av gravfunn frå jarnalder er den kvantitativt rikaste kategorien (Fett 1950; Lavik 1969; Aksdal 1996; Nyland 2003). Dei skriftlege kjeldene fortel at øya var sete for den mektige Arnungeætta i sein vikingtid og mellomalder (Sulebust 1984).

Mjeltehaugen er namnet på den største kjente gravhaugen på Giske og ligg like ved stranda på øya si austlege side (fig. 2, 3 og 4). Gjennom tre episodar, i 1847, 1867 og 1878, kom det fram funn her som samla utgjer det største funnet av helleristningar i gravkontekst som til no er teke vare på i Noreg. No er det nærast slik at det einaste som verkeleg *er* klart er at ristningane kan knytast til kategorien grav. Det føreligg nemleg avvikande opplysingar om viktige punkt når det gjeld anlegget sin oppbygnad i kjeldene etter desse tre inngrepa. W.F.K. Christie (1847), som rapporterte inn opplysingane etter at grunneigar Christopher Hagerup hadde avdekka gravanlegget, fortel at hellene med ristningar inngjekk som dekkheller over i alt åtte graver som inneheldt brente beinrestar. Ristningane var å finne på den sida av hellene som vendte ned mot gravene. Elles skal det ikkje vore funne noko i kistene. Anders Lorange (1879), som utførte den siste gravinga i haugen, finn derimot grunn til å tvile på



***Figur 1*** *Øyane i Giske kommune sett frå fjellet Aksla i Ålesund. Frå venstre (sør): Godøy, Havsteinen (ubebodd), Giske, Valderøy og Vigra (delvis skjult av Valderøy). Delar av Ålesund sentrum i venstre hjørne. Mjeltehaugen vender inn mot den indre kystleia som går mellom Ålesund og øyane. Foto: Trond E. Linge.*



***Figur 2.*** *Flyfoto av delar av gardane Giskegjerde og Giske på austsida av Giske. Mjeltehaugen markert med sirkel. Foto: Trond E. Linge.*

desse opplysingane. I staden ser han for seg at ristningane har vore plassert på innsida av vegg- og dekkhellene i *eitt* større gravkammer og at dette kammeret har inneheldt eit ubrent lik.

Spørsmålet om kisteanlegget si datering er også omstridt (Lorange 1879; de Lange 1912; Lindqvist i Fett & Fett 1941:141; Marstrander 1963, 1978; Lavik 1969; Mandt 1983, 1991; Aksdal 1996). Funnet av to spenner frå eldre romartid i kontekstar som



**Figur 3.** *Mjeltehaugen slik den i dag fortonar seg i rekonstruert utgåve. Foto mot nordaust. Foto: Trond E. Linge.*

er omdiskuterte i høve til kisteanlegget, har gjeve enkelte grunn til å stille spørsmål ved om funnet skal daterast til eldre bronsealder slik dei fleste meinar.

Desse uklare tilhøva kring sjølve funnet gjer at mykje plass er sett av til å diskutere og prøve å finne fram til svar på desse tilhøva. Først ser eg difor på funnhistoria til Mjeltehaugen med særleg fokus på kva dei skriftlege kjeldene frå 1800-talet kan gje av informasjon kring faktorane som Christie og Lorange var ueinige om. I tillegg vert informasjonen om stratigrafien diskutert med særleg vekt på plasseringa til dei to spennene i høve til kisteanlegget. Dinest vert ei meir praktisk tilnærming til problemstillinga om anlegget sin oppbygnad presentert. Spørsmålet er om det er mogleg, med utgangspunkt i dei restane som i dag er att av dei dekorerte hellene, å sannsynleggjere korleis anlegget ein gong var oppbygd. Så vert beinmaterialet diskutert ut frå skriftlege kjelder og arkeologiske og osteologiske analogiar. Spørsmålet om dateringa av dei dekorerte hellene vert deretter teke opp.

## Siste delen – Mjeltehaugen innafor eit rituelt rammeverk

I den siste delen søkjast ei forståing av Mjeltehaugen ut frå eit teoretisk rammeverk som tek utgangspunkt i ritual omkring død, og handlingane i ritualet. Eg vil i liten grad kome inn på konkrete problemstillingar no innleiingsvis fordi desse i stor grad heng saman med kva konklusjonar eg kjem til i den første delen. Eg viser difor til meir konkrete problemspesifiseringar seinare. Det teoretiske grunnlaget vert også gjort greie for her. Deretter vert handlingsaspekta ved Mjeltehaugen trekt fram og




problematisert for vidare diskusjon. Fokuset vert deretter sett på forståinga av sosiale struktur lokalt i det aktuelle tidsrommet vert problematisert. Med utgangspunkt i ei geologisk analyse utført på Mjeltehaughellene som konkluderar med at hellene ikkje er brotne lokalt (Askvik 1983), vert også relasjonar til andre område diskutert. Kan dette til dømes forståast som ein ressurs som er trekt inn i dei sosiale strategiane som har utspela seg kring ritualet? Dinest kjem ein bolk som tek opp aspekt ved det aktuelle tidsromet sin gravskikk, og endringar av denne, diskutert og knytt opp mot Mjeltehaugen. Til sist vert det heile trekt saman og plassert inn i ein rituell sekvens.

***Figur 4.*** *Kart over Sør-Noreg med utsnitt av Sunnmøre der øya Giske er markert.*

Arbeidet sine mål kan såleis oppsummerast slik:

- Å foreta ein grundig gjennomgang av materielle og litterære kjelder om Mjeltehaugen for å undersøkje om det er mogleg å oppnå større klarleik kring kammeranlegget sin konstruksjon.

- Å analysere tilgjengelege kjelder for å skaffe greie på beinmaterialet. Med andre ord korleis den/dei gravlagde i Mjeltehaugen har vorte handsama før gravlegginga.

- Diskutere Mjeltehaugen sin datering og kulturhistoriske kontekst.

- Drøfte aspekt ved den sosiale struktur på eit lokalt nivå, og syne korleis Mjeltehaugen kan ha vore ein del av lokale sosiale strategiar.

- Knyte Mjeltehaugen opp mot generelle trekk og endringar ved gravskikken på eit skandinavisk nivå.

- Å søkje meining for materialet frå Mjeltehaugen innanfor ein rituell kontekst.

### Referansesystem for hellefragmenta

Diskusjonen i oppgåva vil gå til dels særs detaljert på hellefragmenta frå Mjeltehaugen. For å halde eit nokon lunde system over dei meir enn 100 dekorerte fragmenta og for å gjere det enklare for lesaren å følgje med, har eg laga eit referansesystem over fragmenta. Referansesystemet tek utgangspunkt i kalkeringane av fragmenta, utført av Gro Mandt i 1976. Kalkeringane er synt som figurane 9 til og med 15. I alt er fragmenta frå Mjeltehaugen kalkert på 7 kalkeringsblad. Eg har valt å ordne kalkeringsblada etter bokstavar (A – G). Dei einskilde fragmenta har blitt gitt eit tal som er knytt til bokstaven til det aktuelle kalkeringsbladet. Fragmenta får då ”kodar” som A1, B3, C9 osb. Fragment som har ristningar på båe sidene er i tillegg gitt ein liten ”a” eller ”b” for å vise kva for ei side det vert synt til. B1a og B1b syner då til ulike sider av det same fragmentet. Ved sidan av kalkeringane (fig. 9-15) og ved enkelte figurar i teksten er det laga omriss av hellefragmenta som syner dei aktuelle ”kodane”. Det føreligg også siloprenavstøyping av delar av materialet, og desse er nytta i ein del figurar. Generelt er valet av kva dokumentasjon som er nytta i figurane gjort ut frå kva dokumentasjon eg har meint gjenspeglar materialet best.

Kalkeringane på fig. 9-15 famnar om nesten alle dekorerte fragment slik dei var å finne i magasinet til Bergen Museum i januar 2002. Unntaka er ni av dei små fragmenta i samling A (fig. 9) som ikkje vart gjenfunne i magasinet[1]. Det vart derimot identifisert 24 fragment i magasinet som ikkje let seg identifisere på kalkeringane. Desse er alle små og syner mindre brotstykke av dekor som alt er registrert i materialet. Elles er dei fleste andre fragment å finne støypt inn i kassar, etter ein rekonstruksjon tidleg på 1900-talet. Det er funne enkelte ristningslinjer som ikkje er med på kalkeringane. Desse vert det gjort greie for etter kvart.

1) Fragmenta som ikkje blei funne er A10, 12, 13, 17, 18, 19, 22, 32 og 34 på fig. 9

Kapittel 2

# Funnhistoria

> *"Paa Gidskøens østre Side, som vender indad mod Aalesund, ganske nær ved Proprietair Hagerups Huus og Stranden, ligger en stor og skjøn Gravhøj…" (Christie 1847).*

Her vil eg først gje ei framstilling av framkomsthistoria til Mjeltehaugfunnet. Deretter vil eg sjå på korleis ettertida har handsama funnet med særleg vekt på vurderingar av dei ulike framstillingane som Christie og Lorange gjev av funnet. Til slutt vil stratigrafiske observasjonar frå utgravingane verte diskutert. Dette dannar bakgrunn for rekonstruksjonsforsøket av ristningsflatane og kisteanlegget som vert handsama i neste kapittel.

## Framkomsten av funnet

Inngrepet som førte dei dekorerte hellene fram att i ljoset, skal ha skjedd i mai 1847 av Christopher Hagerup, grunneigar på garden, og ein viss Kjøbmand Fouske (Christie 1847). Denne sommaren var *W.F.K. Christie*, den eine grunnleggjaren av Bergens museum, på reise nordover kysten frå Bergen, og den 4. juli kom han innom Giske og intervjua Hagerup om kva som kom fram ved inngrepet. Opplysingane som Christie på denne måten fekk føreligg i dag dels i ei innberetning (Christie 1847), og dels i form av eit notat som Christie skreiv inn i margen på eit eksemplar av Klüwer 1823 (Christie u.d.). Innberetninga føreligg både som kladd og i reinskreve versjon i Universitetsbiblioteket i Bergen si manuskriptsamling. Det er tidlegare gjort avskrift av manuskriptet, men på enkelte viktige punkt er det gjort feil i avskrifta. Eg har lagt originalmanuskripta til grunn, og der avskrifta inneheld feil vil dette verte påpeika i fotnotar. Det vert frå Christie si side understreka at alle opplysingane om funntilhøva kjem frå Hagerup: "Det ovenanførte, (…) skylder vi Proprietair Hagerups mundtlige beretning" (Christie 1847). Når han ikkje har valt å basere framstillinga si på sjølvsyn, må det anten bety at kammeranlegget på dette tidspunktet var så øydelagt at det ikkje gav nokon informasjon, eller at restane av kammeranlegget ikkje gav informasjon som Christie fann motseiande til Hagerup si framstilling.

I følgje Christie skal Hagerup ha fortalt at det vart grave 3 alen ned frå toppen av haugen. Ved gravinga kom det fram *8 steinkister som stod tett saman*. På undersida av dekkhellene til kistene ”vare forziringer indhugne, bestaaende af Cirkler, Slyngninger, langs og tværgående Streker og Blade” (Christie 1847). Om dimensjonane på dekkhellene får vi ein stad vite at ”Kisterne bestode af store, tynde Skifersteens Heller” (*ibid*.), ein annan stad at ”Ved Overliggernes Optagelse gikk de fleste af dem itu, dog ikke anderledes, end at nogle af Stykkerne beholdt en Lengde af circa 2 Alen og en Bredde af henimod 1 Alen” (*ibid*.). Målet 1 x 2 alen må vel anten sikte til dimensjonen på dei største uskadde hellene eller til dimensjonen på dei største hellefragmenta. Før Christie kom til Giske vart enkelte av fragmenta brukt som leikety, og det største målet blant dei fragmenta Christie tok til Bergen var 1 x 0,5 alen (*ibid*.). Dette høver bra med eit fragment som C19. Kistene var noko breiare i dei austvendte kortsidene enn i dei vestvendte. Dei var konstruert av ”store, tynde Skifersteens Heller, og vare meget tætte” (Christie 1847). ”Endestykkerne” var derimot ”lange” og ”af tykkere og fastere stene”. Disse ”stode på Enderne neddrevne i Sanden, paa hvilken Overliggerne laae, uden at der var aabne rum imellem Kisterne” (*ibid*.).

”I den fine Sand under Overliggerne” vart det funne *brente menneskebein*. Kjevebein og andre delar av hovudskallar kunne ein tydeleg sjå. Dessutan vart det rapportert om funn av oske i kistene (Christie 1847). Ingen av kistene hadde steinbotn (*ibid*.). Steinhellene frå kistene vart tekne ut av haugen. Enkelte vart lagt på sida av haugen, andre vart tekne heim til familien Hagerup og nytta som leiker av barn. Alle dekorerte fragment som kunne oppsporast vart samla inn og sendt til Bergens Museum. Ytterlegare ”et halvt Snees” fleire heller vart tekne inn 19. august same år, då Christie returnerte til Giske for å kjøpe Bergens Museum eineretten til å grave i Mjeltehaugen av Hagerup (*ibid*; Christie & Hagerup 1847).

Christie meinte at ein grunn til at hellene vart brotne så lett var at dei var festa med jarnnaglar til ende- eller sidehellene. Han synte til at han på fleire fragment såg ”indhugne Huller” som var plassert i par, to og to. Truleg har han med dette meint dei hogde linjene ein ser nedst både på samling C og D. Ei av hellene som Christie teikna er identisk med C19 (sjå fig. 5), og her ser ein i alt 4 slike ”Huller”. Vitringa på skiferen har ført til at eit brunt rustliknande lag av kalk har kome fram fleire stadar og det er truleg dette som fekk Christie til å dra den slutninga han gjorde (Mandt 1984:77). Det er i dag akseptert at dette er delar av båtstamnar. Interessant nok meinte Christie likevel at det var båtfigurar på fragmenta, men han sikta då til dei loddrette linjene med markert sirkulært punkt som avslutning (Christie 1847). Ut frå dette er det truleg at Christie ikkje kjente til dei fragmenta som saman utgjorde dei meir komplette båtfigurane. Han ville rimelegvis ha identifisert desse tatt i omsyn likskapen til ein del av båtane frå Leirvåg i Sunnfjord som Christie sjølv hadde omtala i ein artikkel ti år tidlegare (Christie 1837).

*Peder Fylling* publiserte i 1859 ei bok om fornminne i Borgund prestegjeld der han også nemner Mjeltehaugen (Fylling 1859). Framstillinga hans synast å indikere at



***Figur 5.*** *Christie si teikning av fem av fragmenta er den eldste dokumentasjonen av Mjeltehaughellene. Øvst: C19 og D10(?), under: C15(?) og D1 og heilt nedst C13. Etter Christie (1847).*

det var ristningar både på dekkhellene og sidehellene til kammera, og eg vil difor sjå nærare på kvar han kan ha fått opplysingane frå. Fylling skriv:

”Man har i Aaret 1847 anstillet Undersøgelse i Højens Toppunkt, ved hvilken Leilighed forskjellige Gravkamre, eller rettere Stenkister kom tilsyne, dog uden at nogen Ting af Værdi fandtes, undtagen nogle Vegstensheller, paa hvilke var anbrakt en hel Del Sirater, og som havde tjent Stenkisterne til *Sidestene* og Overliggere” (Fylling 1859:83, mi utheving).

Utgivingsåret syner at det berre er aktiviteten frå 1847 (og eventuelle seinare udokumenterte aktivitetar) som kan ligge til grunn for framstillinga. Peder Fylling kan skildrast som ein sjølvlært historikar, folklorist og antikvar som hadde Sunnmøre som ”sitt” område. Grunnlaget for det han skreiv fekk han gjennom omfattande reising i landsdelen (Grøvik 1969). Ein tidleg versjon av boka, der Mjeltehaugen ikkje vert omtala, vart trykt i Bergens museum sitt tidsskrift Urda i 1847 (Fylling 1847), og skal ha gjort Fylling og Christie til kjenningar. Fylling fungerte etter dette blant anna som innsamlar av oldsaker for Bergens museum (Grøvik 1969:17). Trass i denne kjennskapen vil eg hevde at det er lite som tydar på at Fylling har nytta Christie som kjelde for si framstilling av Mjeltehaugen. Samanliknar ein ordlyden i Fylling og Christie sine framstillingar er det påfallande lite samsvar. Talet på kister hjå Fylling er ikkje 8, men ”forskjellige”, Christie omtalar ristningane som

"Forziringer" medan Fylling skriv "Sirater". Der Christie skriv "Skifersteensheller", skriv Fylling "Vegsteensheller". Endå til dei fysiske måla på Mjeltehaugen er ulike: Christie (1847): 140 alen i omkrins, 10-15 alen høg. Fylling (1859:82f): 180 alen i omkrins, 8 alen høg. Dette gjev grunn til å sette skildringa i samband med Fylling sine reiseaktivitetar, slik at opplysingane må vere basert på eigne samtalar med Hagerup og eigne oppmålingar av haugen. Christie si skildring vart da heller ikkje publisert og distribuert. Stemmer dette resonnementet er Fylling ei kjelde som er uavhengig av Christie. Dette har to konsekvensar. For det første vil det bety at ei uavhengig kjelde stadfestar påstanden om at kammeranlegget besto av fleire kister. For det andre betyr det at Christie (1847) sin påstand om at det ikkje var ristningar på sidehellene til dei åtte kammera kan vere feil.

Frå 1865 finns det eit brev frå *Christian Henrichsen* til Bergens Museum der det vert gjort greie for ei forundersøking av Mjeltehaugen som tydelegvis er gjort for å skaffe grunnlag for å gje eit overslag over kostnadar ved ei utgraving (Henrichsen 1865). Henrichsen var tidlegare medlem av direksjonen ved Bergens Museum, men var no rektor ved Latinskolen i Ålesund (Mandt 1984:72). Hans aktivitetar med Mjeltehaugen er dokumentert i brev som han sendte til dåverande medlemmar av direksjonen til Bergens Museum (Henrichsen 1865, 1867a,b,c,d, 1868a,b,c,d).

Utgraving vart det likevel ikkje før sommaren 1867 da Henrichsen fekk støtte frå museet til å ha 4 mann i arbeid i 4 dagar (Henrichsen 1867b). Den primære oppgåva hans var derimot ikkje å undersøke kammeranlegget med dei dekorerte hellene, men å finne eit gravanlegg av "kongelege dimensjonar", som han var overtydd fanst djupare i haugen (*ibid.*) Utgravinga føregjekk ved at det vart grave ei vel 12 alen djup sjakt minst 15 alen inn i haugen. På dette djupnenivået møtte dei på eit rullesteinslag som Henrichsen meinte "efter al Sansynlighed er en Overdækning af det egentlige Gravkammer" (*ibid.*). Vissleik om dette fekk dei likevel ikkje, for no rasa sjakta saman (*ibid.*). Breva frå 1868 viser at Henrichsen hadde ønske om å fortsette utgravinga. Dette har truleg stranda på manglande økonomisk støtte frå Bergens Museum.

Utgravinga gav likevel resultat i form av at det kom fram ein heil del fleire dekorerte brotstykke frå kistene. I følgje katalogføringa skal talet ha vore 19 (Ab. 1868:88). Desse vart funne omrota i haugen. Etter utgravinga kom Henrichsen fram til at to heile båtfigurar og antyding til enda ein kom fram ved å setje dei ulike bitane saman (Henrichsen 1867b). Han er dermed den første til å identifisere dei "riktige" båtavbildingane i materialet. Ut frå det bevarte materialet ser det ut til at dette dreier seg om dei to båtane på B1/B5 og båten på F11-17. Båten på B1b/B5b er mindre komplett enn båten på andre sida av hella (B1a/B5a) og kan vere den "antyda" båten. Det vart også funne nokre små beinstumpar, eit lite stykke av ein hovudskalle samt eit lite fragment av ei krukke av brent leire. Anders Lorange påpeikar seinare at keramikkskåret var udekorert og at ein i brotkanten kunne sjå "en sort grusblandet Masse, der er styrket ved iblandede lange Asbeststykker" (Lorange 1879:26).

Både hellefragmenta, keramikkskåret og ein bit av ein hovudskalle vart sendt til Bergens museum. Dessutan fotograferte han enkelte heller, og lovde å sende fotografia til Bergens Museum (Henrichsen 1867d). Desse fotografia har det diverre ikkje lukkast å finne att. Det føreligg ingen nye opplysingar om kammeranlegget sin utsjånad i Henrichsen sine brev. Av opplysinga om at det vart funne fragment av dekorerte heller omrota i haugen, er det truleg at kammeranlegget var heilt øydelagt på dette tidspunktet.

Vidare utgraving vart det først i 1878, og denne gong ved *Anders Lorange*. Av hans rapport går det fram at heile haugen vart gjennomgrave ”for om muligt at paatræffe en urørt Gravkiste eller andre Forhold, der kunde tjene til nærmere at belyse den ældre Fundberetning samt til nærmere at bestemme Begravelsernes og Haugens tilblivelsestid” (Lorange 1879:23). Lorange var den første fast tilsette arkeologen ved Bergens museum, og hadde lang erfaring med utgraving av gravhaugar (Hagen 1997:18ff, 60).

Han tok opp tråden frå Henrichsen si graving og undersøkte rullesteinslaget på botnen av den etterletne sjakta. Lorange konkluderte med at dette var gamal havbotn og at haugen opp til tett under steinlaget der dei dekorerte kistene vart funne, var ei naturdanning (Lorange 1879:24). I den samanraste sjakta fann Lorange fleire fragmenter av dekorerte skiferheller, ”samt adskillelige «brændte Benstumper»” (*ibid.*, hermeteikn i original). I sjaktveggen, i steinlaget, ”men tæt under Græstorven”, fann Lorange ei bronsespenne (B 3266a[1]) som var identisk med ei spenne som var funne i utkasta masse frå haugen i 1871 (B 2721, sjå Hyssing 1872). Lorange meinte han hadde funne spenna B3266a *in situ*, og at funnstaden beviste at dei var lagt ned etter at steinlaget som dekte skiferkistene var påført (Lorange 1879:24f).

På to punkt gjer Lorange radikale revurderingar av dei opplysingane som føreligg frå Christie (1847, u.d.) etter det første inngrepet. For det første *sår han tvil om at beina som var knytt til dei dekorerte hellene var brente*. Han set fram to argument for dette. Først at Christie (1847) skriv at Hagerup skal ha sagt at både kjevebein og andre delar av hovudskallar var synlege. Dinest skal Hagerup ved eit seinare høve ha sagt ”at Laarbenene laa paa sin Plads”[2] (Lorange 1879:26). Framkomsten av utelukkande brente beinbitar ved hans eiga graving meinar han skuldast at desse hadde rasa ned frå sekundærgrava knytt til dei to spennene (*ibid.*).

For det andre vert sjølve *kistekonstruksjonen revurdert* (*ibid.*:25f). Opplysinga om at det var 8 kister finn Lorange mistenkeleg fordi han ikkje kunne finne brotstykke som mangla dekor, korkje i haugen eller i ein nærliggande mur som han undersøkte, men som likevel inneheldt eit par dekorerte fragment. Dette finn han påfallande fordi ein ut frå dei opplysingane Hagerup gav Christie burde forvente minst dobbel så mange udekorerte heller som dekorerte (*ibid.*:25). Han trur difor dei 8 kistene har oppstått

1) B-nr. refererar til katalognummer hjå Bergen Museum.
2) Denne opplysinga finn eg ikkje i noko skriftleg kjelde før Lorange (1879). Mest truleg er det Lorange som sjølv har tala med Christopher Hagerup. Av folketeljinga for 1900 går det fram at Hagerup framleis var i live på dette tidspunktet (www.digitalarkivet.uib.no). I 1878 fylte han 61 år.

ved ei misforståing og at det i staden har vore meint ”èn af 8 Skiferheller bygget Gravkiste – paa hvis indvendige Sider var indhugne Figurer” (*ibid.*). Han går likevel ut frå at måla som er oppgjeve for hellene er riktige slik at det har dreidd seg om ei kiste med to dekorerte heller i kvar langvegg, kortveggar av tjukkare, udekorerte heller og 4 dekorerte heller som tak. Dette vil gje ei kiste som er fire alen lang og to alen brei (*ibid.*:26). Ein kan legge til at høgda vil bli ca ein alen. Usemja mellom Christie og Lorange når det gjeld kistekonstruksjon vil verte diskutert nærare seinare.

Lorange (*ibid.*:26ff) går også igjennom motiva på hellene. Han beskriv dei ulike elementa i den lineære dekoren: sikksakkfigurar, doble og tredoble bølgjer, skråstrekar, band med ”langaktige Firkanter i to Rader”, tverrstrekar med ”Hoved eller Punkt i den ene Ende.” Sistnemnte set han i samband med mannskapsstrekar på helleristningsskip og nemner særleg Kivikgrava og Villfarastenen (*ibid*:27). Dessutan har han merka seg at bredda mellom dei parallelle linjene varierar mellom 4 og 7 cm.

Lorange er den første til å diskutere dateringa til dei dekorerte hellene. Viktig for tidfestinga hans var plasseringa til dei to spennene i høve til dei dekorerte hellene. Som nemnt meinte han at spenna som hadde kome fram ved hans graving var funne *in situ* i eit stratigrafisk lag som låg høgare enn der dei dekorerte hellene hadde stått. Han meinte difor at spennene høyrde til ei eldre jarnaldersgrav som var sett inn i ein eldre gravhaug (Lorange 1879:29). Dessutan meinte han at figurane på hellene var framande for jarnalderen sin ornamentikk (*ibid*:25).

Ornamenta meinte han synte ”et umiskjendeligt Slægtskab med vore almindelige Helleristninger”, og at dei dermed viser til ”Helleristningernes Tidsalder” (Lorange 1879:28). Sikksakkornamentikken meinte han kunne samanliknast med 3 av hellene i Kivikgrava (*ibid*). Når to felt med skråstreksornamentikk vart plassert inntil kvarandre (t.d. fragment C15), minna det han om ”det tidtomskrevne Broncealdersornament «Palmekvisten»” (*ibid*:26, hermeteikn i original). Dei ”stive” båtane samanlikna han med båtfigurar på Leirvåg i Sunnfjord (*ibid*:28). Alt i alt fekk dette han til å konkludere med at kammeret med dei dekorerte hellene skreiv seg frå bronsealderen (*ibid.*:29). Påstanden om bronsealderen som ”Helleristningernes Tidsalder” syner at Lorange har hatt kjennskap til Bror Emil Hildebrand sitt retningsgjevande dateringsarbeid med utgangspunkt i helleristningane frå Östergötland (Hildebrand 1869).

## Ettertida si vurdering av dei ulike versjonane

Problemkomplekset kring kammeranlegget skulle med dette vere klart. Ein gjennomgang av seinare omtalar av Mjeltehaugen syner at det er Lorange sin rekonstruksjon som har vunne størst tilslutnad. Hjå både Eyvind de Lange (1912:13), Johs. Bøe (1942:177ff), Per Fett (1950:44), Sverre Marstrander (1963:317f; 1978) og Jostein Aksdal (1996:101ff) vert Lorange sin rekonstruksjon lagt til grunn. Ingen har gitt Christie sin versjon uførehalden tilslutnad, men fleire har helde dette ope som mogleg (Sune Lindqvist i Fett & Fett 1941:141; Lavik 1969:146f; Mandt 1983:19, 1991; Randsborg 1993:72f).

Argumenta for tilslutnad til Lorange sin versjon har i stor grad gått på Lorange sine personlege eigenskapar. Utsegn som "takket være Loranges omhu og skarpsyn er det i hovudsaken klart hvordan det hele henger sammen" (Bøe 1942:178), og "takket være hans omhyggelige iakttagelser må hovedtrekkene i anlegget antas å være klarlagt" (Marstrander 1963:317) er typiske. Jostein Aksdal (1996) nemner ikkje ein gong at det er gjort undersøkingar før Lorange.

På mange måtar vert dette ei vurdering av kva tillit ein skal tilskrive Lorange og Hagerup (jf. Lavik 1969:147). På den eine sida har ein Anders Lorange som i 1878 hadde ei brei erfaring frå arkeologiske utgraving av gravhaugar, men som aldri fekk gleda av å observere fysisk det kammeranlegget han skildra. På den andre sida har vi ein grunneigar som neppe var oppteken av arkeologiske detaljar då han gjorde inngrep i haugen. Hans fordel er at han kunne observere kammeranlegget med innhald før han øydela det.

Desse to må ha møttes då Lorange var på Giske i 1878. Det er rimeleg å tru at Lorange nytta høve til å spørje ut Hagerup om desse forholda. Likevel er det einaste Lorange har fått ut av Hagerup ei forsikring om at "Laarbenene laa paa sin Plads" (jf. Lorange 1879:26). Gro Mandt (1983:19) peika på at opplysinga hjå Christie (1847) om at berre *dekorerte* heller vart tekne hand om, svekkar Lorange sitt viktigaste argument for å avvise dei åtte kistene. I forlenginga av dette vil eg peike på ein klausul i kontrakten som vart inngått mellom Hagerup og Bergens Museum i 1847. Det fjerde punktet lyder "At jeg (Hagerup) beholder til min Raadighed den af Højen udkastede Steen og Sand og andet der ej kan ansees som Oldsager" (Christie & Hagerup 1847, min parentes). Klausulen kan neppe tolkast annleis enn at Hagerup såg steinmaterialet i haugen som ein ressurs som han ville sikre seg. Så sant steinmaterialet ikkje vart rekna som oldsaker, og det vart neppe dei udekorerte gravhellene sidan dei ikkje vart tekne inn, let museet han få gjere med dei som han ville. Sett med bonden Hagerup sine auge var kanskje desse hellene, som han sjølv skildrar som både tjukkare og meir solide enn dei dekorerte hellene, blant det mest verdfulle som fans i Mjeltehaugen. Det er også grunn til å tru at Hagerup har gjenteke at det var mange kister i tilknyting til dei dekorerte hellene ovanfor Peder Fylling. Dette vil i så fall bety at Lorange sitt argument om at det har skjedd ei misforståing på dette punktet ikkje kan relaterast til kommunikasjonen mellom Christie og Hagerup.

Dersom spørsmålet dreier seg om tillitt, kan det altså bydast fram argument for at den tilliten særleg Bøe, Marstrander og Aksdal gjev Lorange, nok er overdriven. I det heile synast då ei tillitsvurdering på grunnlag av dei skrivne kjeldene som ein lite fruktbar veg å gå dersom ein vil skaffe seg ei formeining om korleis kammeranlegget i Mjeltehaugen såg ut, og tilstanden til beina det inneheldt var i. Heldigvis er delar av dei dekorerte hellene framleis bevart, og vi skal snart sjå om ein kan nærme seg spørsmålet om kammeranlegget ved å la desse vere utgangspunktet for vurderinga. Diverre er ikkje beinmaterialet lenger blant oss. På grunnlag av ei tekstanalyse vil eg seinare likevel prøve å nærme meg ei avklaring av dette spørsmålet.

## Opplysingar om stratigrafi og strukturar i haugen

Figur 6 syner variasjonane i måla på høgd og omkrins som er oppgitt for Mjeltehaugen til ulike tider. Variasjonane tyder på at enkelte har funne det problematisk å setje grensa mellom naturleg og kunstig oppbygd haug. Dette gjev seg utslag både for omkrinsen og høgda. Gravinga til Hagerup og Fouske skal ha teke utgangspunkt i toppen av haugen, og det skal ha vorte grave om lag 3 alen (nær 190 cm) djupt. Dei åtte kistene låg også om lag 3 alen[3] under haugen. Ytst var haugen dekka av torv, og under torvlaget skal ha vore eit om lag 2 alen djupt lag av ”ikke meget store Rullestene” (Christie 1847). Under rullesteinslaget var eit ”lag af ganske fiin Sand” som dei åtte kistene var plassert i (*ibid.*). Opplysingane kan tolkast på fleire måtar fordi det er uklart kva del av kista som var plassert 3 alen under haugen. Om det er teke utgangspunkt i *toppen av kistene*, ser det ut til at kistene var heilt nedgrave i sanden. Dersom det er teke utgangspunkt i *kistebotnane*, vil desse vore om lag i nivå med overgangen mellom sandlaget og rullesteinslaget, og kisteveggane vil ha gått opp i og vore omslutta av, rullesteinslaget. Opplysinga om at dei tjukkare og udekorerte endehellene ”stode paa Enderne neddrevne i Sanden” (*ibid.*) peikar på at berre endane på desse var nedgravd i sanden, og tydar på at sistnemnte alternativ er riktig. Kor djupe kistene var, er det vanskeleg å få greie på ut frå dette. Men det synast ikkje mogleg at dei har gått over rullesteinslaget som altså skal ha vore om lag 2 alen djupt. Av dette går det også fram at Christie meinte at berre ein liten del av haugen hadde blitt undersøkt. Dette er den direkte årsaka til at Henrichsen 20 år seinare valte å konsentrere seg om å finne graver på djupare nivå.

I følgje Henrichsen (1867b) var det øvst i haugen eit om lag 1,5 alen (knapt 1 m) djupt rullesteinslag. Dette er truleg identisk med rullesteinslaget som er omtala av Christie (1847). Under dette igjen var det i hovudsak sand heile vegen ned til rullesteinslaget på 7,5 m djupn. I sandlaget vart det sporadisk treft på samlingar av rullestein. Henrichsen (1867b) meinte desse var kasta inn i hol frå tidlegare utgravarar som hadde gjeve opp.

Anders Lorange (1879) er den som har lagt seg størst flid med å skildre og tolke stratigrafien til haugen. Det tjukke sandlaget, og rullesteinslaget i botnen av Henrichsen si sjakt, omtolka han til naturleg danna lag. Sandlaget hadde tydelege avleiringsslag og isprengde årer som tyda på at det var ein naturleg danna sandbank. Rullesteinslaget, som Lorange nivellerte til 7 meter under haugen sin topp, måtte vere gamal sjøbotn eller fjøre (*ibid.*:24). Den kunstig oppbygde haugen avgrensa han til 2 meter.

Den kunstige påbygginga skildrar Lorange slik (etter Lorange 1879:24): Ytst var haugen kledd i grastorv. Under torva var eit om lag 80 cm tjukt lag av ”fin, sortbrændt, askelignende Sand” (*ibid.*). Under dette laget igjen var eit ”mangedobbelt Dække af store Strandstene” (*ibid.*). Dei største steinane låg øvst i laget og desse ”var ordnet med kjendelig omhu saaledes, at det dannede en regelmæssig Bueflade med saa smaa

3) I den maskinskrevne avskrifta som ligg i top. ark. ved Bergen Museum står det ”2 alen”. Dette er feil. I originalmanuskriptet står klart og tydeleg ”3 alen”.

| | Omkrins (O) | Høgd | Diameter (D), rekna etter omkrins: O/2pi=R, D= Rx2 |
|---|---|---|---|
| Christie 1847 | 140 Alen x0,6275 = ca 88m | 10-15 Alen x0,6275 = ca 6,5-9m | ca 44 alen = ca 27,5m |
| Fylling 1859 | 180 alen = ca 113m | 8 alen = ca 5m | Ca 57 alen = ca 36m |
| Henrichsen 1865 | 250 Fot x0,31 = 77,5m | 15-18 Fot x0,31 = ca 4,5-5,5m | ca 80 Fot= ca 24m |
| Henrichsen 1867 | | 12 alen = 7,5m | 30-40 alen = ca. 19-25m |
| Lorange 1878 | 75m | 2m (7m) | 22m |
| ØK-registrering 1980 (Fasteland 1981) | | 2-3m | Ca 25m |

***Figur 6.*** *Ulike ytre mål oppgitt for Mjeltehaugen til ulike tidspunkt. Omrekna til meter.*

Aabninger som mulig mellem de enkelte Stene" (*ibid.*). Mellom steinane, og rett under dei var mørk, brent sand som gjekk over til raudbrun farge og deretter blei lysare. Dette tolka Lorange som spor etter at "det havde været tændt et mægtigt Baal" på staden før haugen vart anlagt (*ibid.*) Frå 2 meter under toppen og ned til 7 meter var gråkvit sand, som altså vart rekna som naturleg danna (*ibid.*).

Omkrinsen til haugen har Lorange (1879:24) målt til 75 m, som kan reknast om til ein diameter på 22 meter. Haugfoten vert skildra som steil unntatt på sida som vender innover mot øya (vest). Toppen av haugen var nesten heilt plan eller flat (*ibid.*). Etter at Lorange var ferdig med utgravinga, restaurerte han haugen. Den restaurerte haugen vart ved ØK-registreringa i 1980 målt til 25 meter i tverrmål og 2-3 meter høg (Fasteland 1981).

Dokumentasjonen av Mjeltehaugen sin stratigrafi er sjølvsagt langt i frå å tilfredsstille dagens krav til dokumentasjon. Det manglar både teikningar og foto, så ein er nøydt til å basere seg på den skrivne teksten. Den mest detaljerte skildringa er utan tvil Lorange si. Samstundes hadde han det dårlegaste utgangspunktet for å gjere observasjonar. Eg vel difor å ta utgangspunkt i Lorange sine skildringar, men brukar dei eldre kjeldene for kjeldekritikk av Lorange.

Hjå Lorange manglar mål for fleire av laga. Det er mål (2 meter) for avstanden frå haugen sin topp til overgongen frå raudbrun og lysare sand til gråkvit sand, ein overgong som Lorange også let definere skiljet mellom kunstig og naturleg oppbygd haug (Lorange 1879:24). Det vil seie at den samla høgda på laga som er med i fig. 7 er to meter. Det totale målet for djupna stemmer godt overeins med målet som Christie (1847) gav for djupna på nedgravinga til Hagerup og Fouske. Denne skal ha vore om lag 3 alen (knapt 2 m), og må minst ha strekt seg ned til laga av varmepåverka sand. Samsvaret mellom desse måla indikerar at lite eller ingenting av det øvste partiet av haugen har blitt fjerna mellom 1847 og 1878.




***Figur 7.*** *Prinsippskisse. Forsøk på å illustrere korleis Lorange tenkte seg Mjeltehaugens stratigrafi. Tjukk strek ytst illustrerar torvlaget. Vertikale strekar syner til laget av "sortbrændt, askelignende Sand" som også fans mellom steinane i røyslaget. Det er gitt to versjonar av haug- og røysendane. Til venstre steil haug- og røysfot som Lorange påpeika. Til høgre ein meir skrånande avslutning. Under røysa og kistene eit lag av "mørk brændt Sand" over "rødbrun og derefter stedse lysere Sand". Under dette er den gråkvite sanden som Lorange meinte var avsett naturleg (ikkje markert på illustrasjonen). Kista er plassert i ein ende fordi det var slik Lorange sjølv tenkte seg det. Han har truleg teke feil på dette punktet. Ei plassering i midtområde er meir truleg. Krysset lengst oppe og midt på rullesteinslaget viser omlag kor Lorange meinte dei to romartidsspennene var plassert.*

Innanfor den totale høgda på 2 meter, er det av Lorange berre oppgitt mål for laget av "sortbrændt, askelignende Sand", målt til 80 cm (Lorange 1879:24). Dette vil seie at ein har 120 cm å "fordele" mellom torvlaget, rullesteinslaget og den varmepåverka sanden i botnen av haugen. I følgje Christie (1847) skulle rullesteinslaget, som var om lag 2 alen djupt, åleine dekkje desse måla. Dette gjer det truleg at dei andre laga må ha vore relativt tynne, neppe over 5-10 cm kvar for seg. Rullesteinslaget si høgd ser ut til grovt å kunne reknast til noko i overkant av ein meter. Dette samsvarar til ei viss grad med Henrichsen (1867b) sitt mål på laget: ca 1,5 alen (ca. 1 meter). Implisitt hjå Lorange (1879:24) er ei kistehøgd på 1 alen (vel 60 cm). Dersom botnen av kista/kistene låg i nivå med den varmepåverka sanden under røysstrukturen, ville avstanden frå kistelokka til toppen av røysstrukturen vore om lag 40-60 cm, og rundt ein meter til toppen av sjølve haugen. Det er ikkje oppgitt noko mål for djupna på kistene hjå Christie.

Når det gjeld spørsmålet omkring den stratigrafiske plasseringa til dei to romartidsspenne, har ein berre Lorange (1879) si tolking å halde seg til. Han fann ei av spennene i kanten av Henrichsen si grøft og på eit stratigrafisk nivå som han meinte låg høgare enn der kammeranlegget ein gong hadde stått (*ibid.*:25). Tolkinga hans av funnstaden som *in situ* meiner eg det kan stillast spørsmålsteikn ved, blant anna fordi det ikkje finnast informasjon om at det framkom anna materiale, som til dømes bein, her. Men her må ein også hugse at det Lorange omtalar som kanten av Henrichsen si grøft eigentleg var raskanten etter denne grøfta. Spenna kan difor ha blitt eksponert som ei følgje av grøftekanten si nedrasing i kombinasjon med den erosjonen som regn og vind påførte kanten i dei elleve åra som gjekk mellom desse to inngrepa. Eg har vanskar for å sjå at desse prosessane kan ha flytta spenna oppover i haugen. Derimot kan bein og anna som var knytt til spenna ha blitt vaska



***Figur 8.*** *Fotografi av Mjeltehaugen frå 1922, retning mot nord. På fotografiet kjem det klart fram korleis Lorange har lagt opp rullesteinane som ein steil mur i ytterkanten av haugen. Foto: Johs. Bøe, copyright: Bergen Museum.*

ut. Ei betre skildring av funnstaden for spenna som kom fram i 1871 ville i denne samanhengen vore ønskjeleg, men her har ein ikkje andre opplysingar enn at den er "Funden af Andreas Olsen Gidskegjærdet i det Grus, som tidligere var udkastet fra Mjeltehaugen" (Hyssing 1872). Ein kan ikkje ut frå dette utelukke at funnstaden er nede i sjølve grøfta, og at spenna difor kan ha rasa ut frå like i nærleiken av spenna som Lorange fann i 1878. Sjølv om det kan stillast spørsmål ved Lorange si tolking av funnstaden som *in situ*, meinar eg det er særs lite truleg at spennene opphavleg var plassert inni kisteanlegget.

I følgje Lorange (1879:24) var haugfoten steil på alle kantar unntatt den austlege. Lorange seier ikkje om dette også gjeld rullesteinslaget. Legg ein derimot Lorange sin rekonstruksjon til grunn så ser det ut til at han har meint det. Ytterkanten av røyskonstruksjonen er i dag synlege kring store delar av haugen og ein kan sjå at Lorange har lagt dei opp i ein steil mur (fig. 8). Rekonstruksjonen tydar også på at røysstrukturen si utbreiing i plan, som vi manglar opplysingar om i skrivne kjeldene, ikkje har vore mykje mindre enn haugen si totale utbreiing i plan.

Haugfoten kan ha blitt "steil" som følgje av tidlegare inngrep i haugen. Allereie Christie (1847) nemner at det har blitt grave inn i sidene til haugen, og Henrichsen si sjakt vil rimelegvis også ha øydelagt delar av haugen sin kant. Til sist vert dette eit spørsmål om vi kan stole på Lorange si evne til å identifisere uskadde parti av haugen. Han nemner i samanhengen at haugfoten var "*omhyggeligt torvsatt* og steil" (Lorange 1879:24, mi uth.). Dette kan indikere at han byggjer påstanden på eit urøyrt parti av haugen. Dersom denne konstruksjonsdetaljen verkeleg ikkje har kome fram ved seinare inngrep, set det Mjeltehaugen i samband med gravanlegg med murkonstruksjonar. Døme på dette har ein i gravstrukturar datert til bronsealder som på Jåtten på Jæren (Møllerop 1963:32), Hystad på Stord, Sunnhordland (Bakka 1972:101ff, Østerdal 1999:54ff), og seinast omtala ved røysa som vart utgraven i 2002 på Frøset ved Steinkjer, Nord-Trøndelag (Grønnesby 2002).

Ved Lorange si graving var toppen av haugen nesten plan eller flat (Lorange 1879:24), og slik er han også rekonstruert (fig. 8). Korkje Christie eller Henrichsen nemner overflata si framtoning. Både Christie (1847) og Henrichsen (1867b) peika derimot på tidlegare inngrep som var gjort i toppen av haugen. Dei tidlegare inngrepa gjer det vanskeleg å fastslå om dette trekket er opphavleg. Særleg Henrichsen si samanraste sjakt kan ha hatt stor innverknad på overflata. Samanfallet mellom Christie og Lorange sine mål for djupna gjev likevel indikasjonar på at ikkje mykje har blitt fjerna frå toppen.

Ein annan observasjon frå Lorange er at steinane i det ytre eller øvste laget av røyskonstruksjonen var lagt ned slik at dei skapte ei jamn overflate og størst mogleg grad av tettleik (Lorange 1879:24). Eg har vanskar for å sjå at dette er eit trekk som har blitt skapt av seinare inngrep i haugen. Inngrep ville heller ha skada ei slik steinlegging. Eg reknar det som truleg at Lorange her skildrar ein reell detalj ved anlegget sin konstruksjon. Skildringa kan minne om noko Karl Rygh noterte seg ved røys nr. 4 på Todnes-Holan, Nord-Trøndelag. Det øvste laget var her ”af fladere stene, lagt som i hvælv” (Rygh 1906:7). Observasjonen er interessant på bakgrunn av at ein kan ha to fasar med gravleggingar i Mjeltehaugen. ”Finishen” på røysstrukturen kan vere ein indikasjon på at berre røysstrukturen skal knytast til gravlegginga der dei dekorerte hellene inngjekk.

Kapittel 3

# Rekonstruksjon av ristningsflater og kisteanlegg

*"…omtrent 3 Alen under Höien, laae 8, ved Siden av Hverandre anbragte, Steenkister…" (Christie 1847)*

*"… at der i stedet for 8 Kister egentlig var ment: én af 8 Skiferheller bygget Gravkiste…" (Lorange 1879:25)*

Desse to sitata syner til ulike oppfatningar om kisteanlegget hjå to av dei sentrale personane ved funnet sin framkomst. Spørsmålet denne usemja reiser har stått uløyst heilt sidan Lorange presenterte si alternative tolking. Brorparten av seinare forskarar har stødd seg på Lorange, men det kan stillast spørsmålsteikn ved dette. Ein diskusjon som tek utgangspunkt i sjølve materialet, eller det som er att av fragment, har ikkje vorte presentert før. Datateknologi gjer det lettare å halde orden på dei lause bitane og representerar difor ei moglegheit på dette området. Eg vil difor her prøve å sjå kva haldepunkt ein kan få ut av materialet før eg går vidare med å diskutere dei skriftlege opplysingane frå utgravingane på 1800-talet.

## Problemstilling og metode

Målet med handsaminga av materialet er å prøve å rekonstruere større heller eller ristningsflatar med utgangspunkt i det som er att av fragmenta. Håpet er at dette vil gje haldepunkt på mål og dimensjonar på ristningsflatar som kan gje eit bidrag til å kaste nytt ljos over det skriftlege kjeldegrunnlaget.

Mi metodiske tilnærming baserar seg for ein stor del på bruk av dataprogrammet Photoshop. Dette er eit program for bilethandsaming som i andre samanhengar har vore nytta i tolking og dokumentasjon av bergkunst (t.d. Slinning 2002). Mitt problem er ei mengd fragment av heller som opphavleg har høyrt saman i fleire heilskapar som eg ønskjer å rekonstruere. Mange av fragmenta er endå til støypt fast i sement og ein har difor avgrensa moglegheit til å kontrollere om måten dei

er oppstilt på er korrekt. Photoshop gjer det virtuelt mogleg å løyse hellene frå sementen att. Utgangspunktet er at dokumentasjon av materialet vert skanna inn på ei datamaskin og lagt inn i programmet. Her kan ein handsame dokumentasjonen med dei funksjonane programmet har. Viktige funksjonar har vore: *Endring av storleik på bilete* både for å operere med ein størst mogleg grad av detaljrikdom og for å lage ein standardstorleik slik at ulike bilete kunne samanliknast. Ved å *klippe ut og lime inn* dei ulike fragmenta er det mogleg å prøve dei ut i ulike samanhengar med andre fragment.

Før gjennomgangen av fragmenta i Photoshop laga eg eit referansesystem for kvart enkelt fragment (sjå innleiinga). Med utgangspunkt i dette systemet er dei einskilde fragmenta gjennomgått for å skape oversyn over kva samanhengar dei kunne inngått i og kva samanhengar dei umogleg kan ha inngått i. Denne gjennomgangen førte fram til ein del trekk ved materialet som dannar kriterium for kopling mellom fragmenta.

Målet med gjennomgangen av fragmenta er altså å finne samanhengar i materialet. Det er to typar samanhengar eg fokuserer på. Den første typen vil eg kalle *direkte* samanhengar eller koplingar. Det er her sikta til koplingar der to fragment kan plasserast inntil kvarandre slik at ein m.a. veit at dei må ha tilhøyrt same helle. På den andre sida kan ein snakke om *indirekte* koplingar eller samanhengar. Her siktast det til koplingar på bakgrunn av at fragmenta kan framvise likskapar (sjå kriteria under) med kvarandre slik at det vert sannsynleggjort at dei høyrer til i same miljø. Fragment som er kopla på denne måten kan ein likevel ikkje utan vidare fastslå tilhøyre same helle. Det metodiske grunnlaget for å kunne seie at ulike fragment har samanheng med kvarandre tek utgangspunkt i følgjande trekk ved materialet:

*Brotkantar.* Den mest ideelle form for kopling er sjølvsagt å kunne påvise at to fragment har brotkantar av ei form som gjer det sannsynleg at det er snakk om fragment som har vore direkte knytt til kvarandre. Ein bør likevel ta omsyn til at handsaminga av hellene etter at dei vart tekne opp nok har gått særskild hardt ut over kantparti som lett kan ha vorte skada. Samanlikning av eldre dokumentasjon med nyare synleggjer skader på enkelte fragment. Til dømes har fragmentet med båtar på båe sider framstilt som fig. 10 & 11 hos de Lange (1912) i seinare tid vorte til to fragment (samanlikn med B1 og B5 i fig. 10). Likeeins har eit større parti på F4 skalla av (samanlikn fig. 14 her med de Lange 1912: fig. 10). Koplingar med basis i brotkantar inngår som *direkte* samanhengar.

*Motivmessig samanheng.* Ein føresetnad for å kople to brotkantar med kvarandre er sjølvsagt at motiva som finnast på dei to fragmenta passar saman. Avsluttar det eine fragmentet med ei bølgje på veg opp, bør det fragmentet ein meinar har ein passande brotkant ha ei bølgje som held fram med denne tendensen. Dette aspektet vert difor i hovudsak ein ekstra kontroll på at *direkte* koplingar gjennom brotkantar er riktig.

*Motivstruktur.* Med dette siktar eg til relasjonen mellom dei einskilde motiva. Denne

varierar på ein slik måte at det mogleg å redusere kva miljø eit bestemt fragment kan passe inn i ned til eit minimum. Det vil til dømes ikkje la seg gjere å plassere D15 i samanheng med dei nedre fragmenta på samling C. I dette ligg det også eit premiss om at motiva er repeterande i lengderetninga. Det vil seie at til dømes eit skråstreksmotiv held fram i heile det feltet det er sett inn i utan å verte brote av andre motiv. I hovudsak er motivstrukturen eit hjelpemiddel for å finne *indirekte* koplingar, men føresetnadane må sjølvsagt også vere til stades i direkte koplingar.

*Feltbredde.* Det er variasjon mellom bredda på dei ulike felta. Det smalaste feltet er ca 3 cm bredt, medan det vidaste har ei bredde på 8 cm. I dette ligg eit premiss om at ein har tilstreva å lage rette linjer slik at felta sine bredder er konstant i lengderetninga. Dette er likevel berre delvis riktig. Nokre fragment viser at enkelte linjer er ujamne innan eit avgrensa område. Tydelegast er dette på fragment C19 der ei ujamn linje har ført til at det er nær 2 cm variasjon på tjukkleiken på det opne feltet over "frynsene". Dette ser ut til å ha blitt jamna ut ved at bølgjefeltet ovanfor smalnar inn i det aktuelle området. Dette kriteriet må difor brukast med varsemd slik at avvik i eitt enkelt felt ikkje naudsamt betyr at det ikkje er grunn for ei kopling. Gjeld avviket fleire felt, vert sjølvsagt situasjonen ein annan. Kriteriet er i hovudsak til hjelp når det gjeld *indirekte* koplingar, men må sjølvsagt også vere tilfredsstilt ved *direkte* samanhengar.

*Repeterande trekk ved motiva.* Her siktar eg til trekk som at sikksakkdekoren (t.d. samling G) synast å vere rissa slik at topp og botn på kvar enkelt sikksakk treff kvarandre. Det synast også å vere nær ein konstant faktor kva avstand det er mellom kvar av toppane. Desse faktorane synast på den andre sida ikkje å ha vore tekne omsyn til ved rissinga av inntilliggjande felt med bølgjedekor (t.d. samling C og D). Vidare synast vinkelen på skråstrekane i høve til dei horisontale linjene å vere nær konstant innanfor kvart felt, men kan variere mellom ulike felt med skråstreksdekor. Det er likevel unntak her, til dømes det nedre skråstreksfeltet på fragment C15. Unntaka gjer at ein ikkje kan vere for kategorisk, og dette gjeld særleg *indirekte* koplingar sidan ein då manglar fragment som kan ha synt endring i desse trekka. Ved *direkte* koplingar bør det på den andre sida ikkje finnast slike brot, med mindre desse kan observerast i materialet.

## Tilstanden til hellefragmenta og dokumentasjon

Hellene føreligg i dag i større og mindre fragment, kor av ein del er sementert saman og sett inn i kasser (samling C, D, E, F6-18 og G). Dette vart truleg gjort av Eyvind de Lange, eller av andre på hans vegne, i samband med hans artikkel frå 1912. Han skriv her at "stykkene er ordnet efter ornamentene saaledes som disse viste sig at passe til hinanden" (de Lange 1912:13). *Før* hellene vart plassert i sementkassene vart dei teikna av Madeleine Abel, men teikningane er identisk med måten dei er plassert i kassene (*ibid.*:13, fotnote). de Lange rekna likevel ikkje rekonstruksjon som fullstendig da han meinte at mange fragment mangla (*ibid.*:13). Ein konsekvens av "nedsementeringa" er at det ikkje er mogleg å kontrollere om det har vore figurar

på "baksidene" til desse fragmenta. Fragmenta i samling B har truleg vorte skåna frå sementen fordi dei har ristningar på begge sider. Fragment F1-5 har også ristningar på begge sider og har høyrt saman med fragmenta B1 og B5 (jf. de Lange 1912: fig. 10 & 11). Her har fragmenta vorte støypt saman, men på ein slik måte at båe sider er synlege. Sementen har her delvis gått i oppløysing. Fragmenta i samling A har heller ikkje vorte støypt inn i kassar, sjølv om her berre er ristningar på ei side. For dei fleste kjem nok dette av at det er små fragment som kan passast inn fleire stadar i materialet, men som vi skal sjå gjeld ikkje dette alle.

Bevaringstilstanden varierar mykje mellom dei ulike fragmenta. Generelt kan ein seie at dei fragmenta som er plassert i sementkassar har betre bevarte ristningsflater enn dei som har lagt laust. Sementkassane har truleg hatt ein positiv verknad ved at dei har minska i kva grad fragmenta har blitt flytta på, blitt utsett for slag osb.

Det faktum at mange av fragmenta er støypt inn i sementkassar er eit problemet i høve til den problemstillinga eg har her. Dette gjer det berre mogleg å sjå hellene todimensjonalt, der det ideelle heilt klart hadde vore å kunne basert rekonstruksjonen på ein tredimensjonal framstilling. Dette er eit problem det ikkje er mogleg å gjere noko med i praksis før fragmenta eventuelt lausnar frå sementen[1]. Dette gjer også at ein ikkje kan føle seg hundre prosent trygg på at der ikkje er udekorerte flatar, noko som ville hatt konsekvensar for kvar ein kan plassere fragment, skjult under sement. Ser ein til dømes på samling D, så er her til dels store udekorerte flatar som har kome fram ved avskaling av dekor. Det at desse har fått stått synlege kan vere ein indikasjon på at ein har prøvd å unngå å dekke til slike flater då ein støypte fragmenta inn i kassene. Problema dette skapar vert minska noko ved at dei ulike kriteria fungerar som korrektiv for kvarandre. Det hadde vore meir problematisk om motiva var av ein slik art at ein måtte stole utelukkande på brotkantar.

Den eldste dokumentasjonen av ristningane er teikningar av i alt fem fragment som W.F.K. Christie utførte i samband med innberetninga si (sjå fig. 5). Han skriv i samband med teikninga "At Figurerne paa Overliggerne kunne reduceres til følgende forskjellige Slags" (*ibid.*). Det kan tyde på at Christie sin kjennskap til materialet berre gjaldt heller med motiv som er representert i teikninga. Henrichsen fekk fotografert og teikna av enkelte fragment, men dette er truleg gått tapt. Det er ikkje kjent at det vart gjort nokon dokumentasjon av Lorange.

Den første dokumentasjonen som er i nærleiken av å vere komplett vart publisert i de Lange sin artikkel om *Ornerte heller i Norske Bronsealdersgraver* frå 1912. Her er alle fragmenta som er plassert i sementkasser blitt teikna av Madeleine Abel (fig. 16). I tillegg er her teikningar av B1, 2, 4 og 5. I høve til kalkeringane (jf. fig. 9-15) manglar her berre B3 og fragmenta i samling A. I høve til dei kalkerte fragmenta manglar her berre B3 (fig. 10) og fragmenta i samling A (fig. 9).

1) I samband med hennar arbeid med hellene tok Gro Mandt kontakt med konserveringsavdelinga for å undersøke om det var mogleg å fjerne fragmenta frå sementen. Dette blei frårâda då faren for at dette ville øydelegge materialet vart rekna som stor (Gro Mandt, pers. med.).

Nyare dokumentasjonen av hellene består for det første av i alt 7 kalkeringsblad etter kalkeringar utført av Gro Mandt i 1976. For alle fragmenta som er satt inn i sementrammer føreligg det også siloprenavstøypingar. I samband med denne oppgåva har eg teke fotografi av alle dei dekorerte fragmenta. Kvaliteten på fotografia varierar. På enkelte bilete kjem figurane særs dårleg fram når bileta er i ein låg målestokk. Fotoa har likevel vore tenelege som reiskap i arbeidet med å rekonstruere ristningsflatane fordi ein i Photoshop kan dra fordelen med å forstørre bileta. Fordi kalkeringane dermed utgjer den mest komplette dokumentasjonen som også kunne nyttast i ein presentasjon er denne nytta i figurane 9 til 15. Det er også kalkeringane som er utgangspunktet for referansesystemet. Der eg etter eigne observasjonar meinar at kalkeringane har feil eller manglar er dette nemnt i teksten nedanfor, og supplert med bilete av annan dokumentasjon som eg meiner gjenspeglar situasjonen betre.

## Samling A

Samling A består på kalkeringa av i alt 40 fragment (fig. 9). Sams for desse er at det er fragment som ligg laust, dvs at ein ved tidlegare rekonstruksjonsforsøk ikkje har satt dei inn blant andre fragment i større samanhangar. Nokre få av dei minste fragmenta på kalkeringa lukkast det meg ikkje å identifisere ved gjennomgangen av materialet i januar 2002. På den andre sida fans det fleire dekorerte mindre fragment i materialet som ikkje let seg identifisere på kalkeringa. Totalt reknar eg difor med 55 fragment i denne kategorien (fragment med dekor på ei side og som ikkje er satt inn i sement).

Sidan fragmenta ikkje er sett inn i sement er det mogleg å få eit mål på tjukkleiken til hellene. Fragment A2 ser ut til å ha lite skadar i form av avskalingar eller liknande og vart målt til 3 cm tjukk. Ingen av dei andre lause fragmenta er vesentleg tjukkare enn dette. Problemstillinga i høve til desse fragmenta er om ein kan få dei til å passe inn i større samanhengar. Der eg meiner dette har vorte sannsynleggjort vert det nemnt i samband med dei aktuelle samlingane eg meiner dei har tilhøyrsle i.

## Samling B

Det er i alt 5 fragment i samling B der fellesnemnaren er at fragmenta har dekor på båe sider (fig. 10). Problemstillinga i høve til desse fragmenta er, som A-fragmenta, kor vidt det kan gjerast sannsynleg at dei har høyrt heime innan andre samlingar. Dette vil eg kome attende til under dei aktuelle samlingane. Her skal det berre kort nemnast at fragmenta B2 og B4 opphavleg har hengt saman (jf. de Lange 1912:fig. 9 & 12, fig. 17 her). Det same gjeld fragmenta B1 og B5 (jf. *ibid.*:fig. 10 & 11).

På desse hellene opptrer det figurar som ikkje opptrer andre stadar i materialet. Det gjeld for det første 8 fordjupingar som opptrer i to rekkjer på B2b. Desse minner noko om dei rektangulære fordjupingane i samling G, men er noko meir avrunda i forma og er ikkje innsett i avgrensingslinjer. Dei ser ut til å ha halde fram utanfor brotkanten. Vidare gjeld det ein figur med restar av konsentriske bua linjer på B4b. Dei konsentriske bogane vert gjennomskore av to linjer som går på tvers av dei.




***Figur 9.*** *Samling A. Alle fragmenta er lause. Kalkering ved Gro Mandt, copyright Bergen Museum.*




***Figur 10.*** *Samling B. Fragmenta er lause og har ristningar på båe sidene. Kalkering ved Gro Mandt, copyright: Bergen Museum.*




***Figur 11.*** *Samling C. Samling av fragment som er sett saman i ei av sementkassane. Fragmenta i samling E er plassert øvst til venstre i same sementkassa. Dei sju stamnrestane på C24, C21 og C19 er ikkje med på den originale kalkeringa og er lagt til gjennom datamanipulasjon. Original kalkering ved Gro Mandt, copyright: Bergen Museum..*




***Figur 12.*** *Samling D. Fragmenta er sett saman i ei sementkasse. Stamnen til høgre på D16 er ikkje med på den originale kalkeringa og er lagt til gjennom datamanipulasjon. Original kalkering ved Gro Mandt, copyright: Bergen Museum.*




***Figur 13.*** *Samling E består av fragment som er sett inn i same sementkasse som fragmenta i samling C, men kalkert på eit eige blad. Kalkering ved Gro Mandt, copyright: Bergen Museum.*




***Figur 14.*** *Samling F. Fragmenta F6-18 er sett saman i ei sementkasse. Fragment F1-5 ligg laust, men har ein gong vore støypt saman. Denne har no delvis lausna. På F1, 2 og 3 er det også rissa på baksida (sjå figur 23). Kalkering ved Gro Mandt, copyright: Bergen Museum.*




***Figur 15.*** *Samling G består av fragment som er sett saman i ei sementkasse. Kalkering ved Gro Mandt, copyright: Bergen Museum.*

Den eine markerar avslutninga slik at det ikkje har vore snakk om slutta sirklar. Teikninga i de Lange (1912:fig:12, fig. 17 her) gjev eit betre inntrykk av korleis denne figuren ser ut enn kalkeringa gjev. B4b har også ein rest av ein sirkulær figur som er dokumentert på kalkeringa, men ikkje på fig. 12 i de Lange 1912. Kva som er rissa inn på B3 er særs vanskeleg å seie. Begge sidene er sterkt forvitra og linjene utydelege. B3a oppfattar eg om lag som den er blitt kalkert. Eg klarar ikkje å sjå dei tre kortaste linjene på B3b. Derimot er det rimeleg tydelege skrå strekar nedanfor den lange linja lengst til høgre på kalkeringa (Fig. 18).

## Samling C og E

Desse samlingane utgjer totalt 30 fragment, 26 i samling C og 4 i samling E. Grunnen til at desse vert handsama under eitt er at dei er oppstilt i same sementramme. Det er dermed i tidlegare rekonstruksjonsforsøk antyda ein samanheng mellom dei (jf. de Lange 1912: fig. 5). Denne tidlegare samanstillinga utgjer den mest komplette i materialet, og eit naturleg utgangspunkt for mi handsaming vert difor å undersøkje kor langt ein kan seie at den eksisterande samanstillinga er korrekt. Eg har valt å fokusere på kva *lengd* og *høgd* ristningsflata har hatt. Eg har her valt å ta utgangspunkt i nedre høgre hjørne (fragment C18), og arbeide både i høgda og lengda med utgangspunkt i denne.

*Lengd:* I lengderetninga[2] er det oppstilt i alt 9 fragment heilt nedst i samlinga (nr. C18 tom. nr. C26) så tett inntil kvarandre at det er nærliggande å tru at den som sette dei inn i sementramma meinte dei kunne koplast direkte saman.

Dei figurative elementa her er nedanfrå og opp: i alt sju linjer som det med referanse til båtane elles i materialet er nærliggande å tru er stamnendar tilhøyrande i alt minst 4 båtar. Dei to midtre stamnane på C19 må ha tilhøyrt same båt. Denne vil ha vore 38 cm lang (målt frå stamnende til stamnende). Vidare syner desse at stamnane anten har hatt ulik høgd eller at båtane ikkje er avbilda parallelt med linjene som dannar feltinndelingar. Ut frå betre bevarte båtar i materialet (t.d. samling F6-18) er det første mest truleg. Ovanfor båtane finn vi ei rad med loddrette linjer med markerte sirkulære punkt som avslutning, eit ope felt, eit felt med doble bølgjer og eit felt med tredoble bølgjer.

Koplinga mellom C18 og C19 vurderar eg som korrekt med bakgrunn i godt samsvar mellom brotflatane og at det er samanheng i figurelement mellom fragmenta (sjå fig. 19). Av same grunnar reknar eg koplinga mellom C19 og C20 og C21 som korrekt. På C19 og C20 har steinen ei naturleg utbuling akkurat i kontaktpartiet. Dette styrkar koplinga. Avstanden mellom stamnen lengst til venstre på C19 og stamnen lengst til høgre på C21 er 36 cm. Det at dei to sistnemnte stamnane gjev ein båt på om lag

2) Lengderetninga definerar eg her som retninga parallelt med felta på hellene. Høgd ser eg som retninga som kryssar felta. Nede på hellene er ved stamnane og dei geometriske motiva er ovanfor i høve til desse. Eg vil understreke at på det noverande tidspunkt er dette nokså tilfeldige omgrep som er til hjelp med å halde orden på materialet, men som ikkje naudsamt speglar kva som har vore lengd, breidde osb. i den "verkelege" kammerkonstruksjonen.

same storleik som båten midt på C19 er også eit moment som styrkar koplinga. Vidare reknar eg koplinga mellom C21 og C22 som truleg riktig. Her er det ikkje mogleg å få ei direkte kopling med brotkantane, noko som kan skuldast forvitring. På den andre sida støttar det gode samsvaret mellom bølgjemotivet på dei to fragmenta ein slik konklusjon.

Når det gjeld dei tre fragmenta lengst til venstre (C 24-26), så heng desse truleg internt saman. Oppbygnaden av figurelementa (dvs. båt-loddrette linjer med sirkulært punktope felt-doble bølgjer) stemmer med resten av dei nedste C-fragmenta. Viktigare i denne samanhengen er likevel om det kan gjerast ei direkte kopling til C21 og C22. Her tek eg utgangspunkt i stamnenden lengst til venstre på C21. Denne er plassert slik at dersom C24 skal kunne koplast direkte til C21, så skulle ein finne framhaldet av stamnen lengst nedst til høgre på C24. Dette fann eg ikkje sjølv med skråljos i mørkt magasin. Det er heller ikkje mogleg å kople C24 direkte til C22. Ein bør likevel vurdere om det er mogleg at stamnen lengst til venstre på C21 har sitt motstykke i stamnen på C24. Ut frå dei føresetnadane som er skissert ovanfor vil avstanden mellom dei bety at båten er minst 55 cm lang. Eit siste moment som kan ha relevans i denne samanhangen bør også nemnast; det er påfallande kor jamn dei nedre brotkantane på dei nedste C-fragmenta er. Dette fellesstrekket kan vere ein peikepinn på at fragmenta fekk ein felles lagnad, nemleg den hendinga som skapte kantane. Sidan det er truleg at båtane sine skrog har vore nedanfor kantane, er det rimeleg at dette har skjedd ved framkomsten av hellene. Ei tolking er at brotkanten er eit resultat av den metoden Hagerup og Fouske nytta då dei etter mykje strev fekk løfta av lokket (jf. Christie (1847) som fortel at dette var eit vanskeleg punkt ved inngrepet).

Konklusjonen blir dermed at eg i lengderetninga kan gå god for rekonstruksjonen av fragmenta C18, C19, C20, C21 og C22. Eg kan avvise at C24-26 har ei *direkte* kopling til desse fragmenta, men det kan ikkje utelukkast at dei er plassert inn i riktig miljø. Dvs. at i realiteten kan det vere snakk om at nokre få centimeter av venstre del av C24 har vitra vekk og gjort ei direkte kopling til C21 og C22 umogleg.

Frå det eg til no i denne undersøkinga har fastslått, kan eg utleie følgjande:

-C18, C19 og C21 har saman ei maksimal lengd på 147 cm. Lengst til venstre på C21 er ein del av ein figur som eg finn det rimeleg å tru er ein stamnende. Det er difor sannsynleg at det har vore ein båtfigur som fortsetter mot venstre. Legg ein lengda mellom dei to midtre stamnane på C19 til grunn bør ein kunne leggje minst 35 cm til lengda på C18, 19 og 21 og ende opp med 182 cm. Det er rimeleg å tru at samling C har ei lengd på minst 182 cm.

Ser ein bort frå dei usikre momenta eg har knytt til C24-26, kan ein leggje 80 cm, som er lengdemåla til desse tre fragmenta, til 147 cm og ende opp med ei totallengd på minimum 227 cm.



***Figur 16.** Madeleine Abel si teikning av samling D (etter de Lange 1912:fig.6).*



***Figur 17.** Madeleine Abel si teikning av B2b og B4b (de Lange 1912:fig. 12). Merk at dei konsentriske sirklane ikkje har vore slutta. Etter de Lange (1912).*




***Figur 18.** Ristningsflatene på fragment B3 er sterkt skadde. Kva som er rissa inn er vanskeleg å avgjere. B3a til venstre, B3b til høgre. Foto: Trond E. Linge.*

*Høgd:* Utgangspunktet for å finne ut av høgd er igjen det nedre høgre hjørnet i samlinga. Diskusjonen vil her dreie seg om fragment C18 og 19 samt dei fragmenta som er sementert inn over dei: C13-17, C5-8 og E4. Figurstrukturen slik fragmenta er plassert i sementramma, er slik nedanfrå og opp: stamnrestar (båtar) – loddrette linjer med markerte sirkulære punkt som avslutning – ope felt – felt med doble bølgjer – felt med tredoble bølgjer – ope felt – to felt med skråstrekar, kryssande i høve til kvarandre – ope felt – to felt med doble bølgjer – ope felt – felt med skråstrekar – ope felt med dobbel avgrensingslinje oppover – felt med skråstrekar – ope felt – felt med sikksakk. Det er vidare antyda gjennom fragment E1-3 at denne strukturen held fram slik: nok eit felt med sikksakk – ope felt med dobbel avgrensingslinje nedover – skråstreksfelt.

Koplinga mellom C18 og C15 ser eg som ei rimeleg sikker kopling. Brotkantane kan koplast direkte saman ved dei tredoble bølgjene og ser elles også ut til å passe bra med kvarandre. I tillegg gjer det faktum at både dei tredoble og dei doble bølgjemotiva samt feltbreidda passar mellom fragmenta koplinga særs truleg. Eg vil også rette merksemda mot dei høgre endane til fragmenta som passar bra med ei hypotese om

at dette er enden på ei helle. Dette argumentet vil også gjelde for C16, C14 og C8. Det er *direkte* kopling mellom C15 og C16 i partiet ved det tredoble bølgjemotivet. Ved skråstrekane ser det ut til å ha skala av eit mindre parti av brotkanten. Vidare er det ei *direkte* kopling mellom C15 og C13 i partiet med skråstrekar. Av kalkeringa kan det sjå ut som om ein har eit tredobbelt bølgjemotiv heilt nedst på C13. Dette er kontrollsjekka i magasinet og det er utan tvil *skråstrekar* i dette feltet. Lenger oppe ser eit mindre parti ut til å ha skalla av frå brotkantane. C17 vert plassert mellom C19 og C13. Koplinga til C19 er *direkte* ved det tredoble bølgjemotivet. Eit særeige trekk ved det nedre skråstreksfeltet ved C13, 15 og 17 er med på å støtte koplinga mellom desse tre; skråstrekane står tettare her enn elles. Dette trekket går igjen på alle tre fragmenta.

Ovanfor C13, 15 og 16 er fragmenta C6 og C14 plassert. C14 har ei *direkte* kopling til C16 ved skråstreksfelta. Vidare fell C6 på plass mellom C13 og C14. Enkelte parti av kantane er skalla av her. Det er føretatt ein kontrollsjekk av bølgjemotiva. På hellene C13 og C14 er avstanden mellom bølgjetoppane regelmessig både for dei doble og tredoble. Dette samsvarar med korleis bølgjemotiva på C6 forheld seg til omgjevnadane når det er plassert som i fig. 19. C7 ligg i ei direkte kopling til høgre for C6. Plasseringa til C8 ser ut til å vere riktig på grunnlag av den gode korrespondansen når det gjeld motiva og det faktum at brotkantane på både C6, C7 og C14 er sameinlege med brotkanten på C8. Så langt verkar altså den rekonstruksjonen som finnast i sementkassa å vere riktig.

I det sementerte rekonstruksjonsforslaget held hella fram med at motivelementet sikksakklinjer kjem inn. Sikksakklinjene er representert på fragmenta E1, 2, 3 og 4 samt C1. Desse er i sementrammene internt sett opp som om det er kopling mellom C1, E1 og E2. Denne vert stadfesta av mi gransking: brotkantar og motiv passar så godt at det ikkje kan vere tilfeldig. Eg har i tillegg sett inn E3 inntil høgresida til E2 fordi både motiv og brotkant gjer ei slik samanstilling mogleg. Kor sikker denne siste koplinga er kan diskuterast, men den vil ikkje få konsekvensar for diskusjonen her.

Den einaste staden ein kan diskutere ei direkte kopling til dei andre fragmenta er ved E4 og denne si eventuelle kopling til C7 og 8. Denne koplinga kan ikkje kallast direkte. Fordi motivelementa set avgrensingar for kvar ein kan plassere E4, kan ein i beste fall fastslå at den kviler på eit hjørne av C7 og dette er ikkje nok. Ein bør likevel leggje merke til det gode samsvaret det er mellom den rette høgre kanten på E4 og kantane til C8, 14, 15, 16 og 18 dersom E4 vert plassert nettopp her.

Koplinga mellom majoriteten av C-fragmenta og E-fragmenta og C1 kan difor berre eventuelt vere av ein *indirekte* karakter. Den kviler slik særleg på E3 som nedanfrå og opp først har eit ope felt og dinest skråstrekar med dobbel avgrensingslinje i nedre kant og eit nytt ope felt. Desse to felta koplar E3 *indirekte* til C6, 7 og 8 fordi det ikkje er andre stadar i det som er att av materialet at denne motivkombinasjonen går inn. Vidare har E3 eit felt med sikksakkmotiv og rest av eit tilsvarande like over dette som

koplar fragmentet til C1, E1 og E2. Sikksakkmotivet finnast elles i materialet også i samling G, men ei samanlikning med G-fragmenta viser at desse er omgjevne av ein annan motivstruktur.

Alternativet til å godta at E-fragmenta og C1 høyrer til same ristningsflate som C-fragmenta generelt er difor at dei tilhøyrer ein sjølvstendig situasjon der det truleg må mangle særs mange fragment. Den samla vurderinga mi av materialet gjer at eg finn dette minst truleg og eg er tilbøyeleg til å meine at rekonstruksjonen av C og E er riktig på dei punkta som er vesentlege her.

På grunnlag av dette kan ein utleie følgjande om høgda på denne samlinga. For fragmenta som er påvist å passe saman gjennom *direkte* kopling, det vil seie frå C7 og ned til C18/19, er det ca 90 cm. Det er også rimeleg å tenkje seg at det i nedkant av C18, 19 osb. har vore båtar. Ved å nytte måla på den meir komplette båten på B1a/B5a, kan ein leggje ca 12 eller 25 cm til høgda, avhengig av om ein reknar med området utan ristningar under båten eller ikkje. Totalen er dermed oppe i mellom 100 og 115 cm. Vel ein i tillegg å ta med fragmenta som berre kan koplast indirekte til dei andre (dvs. E-fragmenta og C1), har dette som konsekvens at ytterlegare 25 cm må reknast med. Ein får dermed eit minimumsmål på høgda som ligg ein stad mellom 100 og 115 cm. Ein aksept av det indirekte sambandet til E-fragmenta og C1 vil gje ei høgd ein stad mellom 125 og 140 cm.

## Samling D

Samlinga består av i alt 17 fragment. Figurane er fordelt på følgjande måte: Heilt nedst i alt 6 linjer som det igjen er grunn til å tru er stamnar og difor restar av båtavbildingar. Ved hjelp av skråljos vart det identifisert ein slik figur som ikkje er med på kalkeringa. Denne er på D16 (fig. 20). Figuren er særs vanskeleg å sjå, noko som ikkje skuldast forvitring eller skade, men at den er særs forsiktig og tynt prikkhoggen. Ein ser ein skråstilt stamn og nede ved brotkanten er eit parti av skroget og relingslinja bevart. Båtane på samling D er generelt plassert med større avstand frå stamnende til dei loddrette linjene med sirkulær avslutting enn båtane på samling C. Motiva på samling D held fram over dei loddrette linjer med først eit ope felt, deretter tredoble bølgjer og doble bølgjer. Legg merke til at plasseringa av dei ulike bølgjemotiva er motsett i høve til samling C og dermed ein indikator på at vi her har med to ulike situasjonar å gjere. Ovanfor bølgjene er eit ope felt, eit felt med skråstrekar, nok eit ope felt før endå eit skråstreksfelt. Skråstrekane i dei to felta er spegelvendte i høve til kvarandre.

Den rekonstruksjonen som føreligg for samling D gjev ikkje så mange haldepunkt som rekonstruksjonen for samling C. Likevel er det nokre klare hovudtrekk. Fragmenta D14-17 ser ut til å kunne høyre saman og er eit høveleg utgangspunkt (Fig. 21). Brotkantane på D14 og 15 passar bra saman sjølv om dei ikkje kan leggjast heilt inntil kvarandre. Ein får haldepunkt gjennom at tre loddrette linjer med markerte sirkulære




***Figur 19.*** *Rekonstruksjon av samling C og E basert på siloprenavstøypinga med omriss for referanse nedst. Siloprenavstøypinga er rettvendt gjennom datamanipulasjon. Enkelte fragment er flytta på i høve til originalfoto. Manipulert etter foto; copyright Bergen Museum.*



***Figur 20.*** *Den "nye" figuren på fragment D16 er så vidt synleg på siloprenavstøypinga. På biletet til venstre er figuren tydeleggjort ved at ei avteikning av figuren er blitt lagt over. Utsnitt av foto; copyright Bergen Museum.*




***Figur 21.*** *Rekonstruksjon av samling D med utgangspunkt i rettvendt siloprenavstøyping. Det er gjort enkelte endringar i høve til korleis fragmenta er oppstilt i sementkassa (sjå tekst). Nedst omriss for referanse. Fragmenta sin innbyrdes relasjon er endre frå originalfoto; copyright Bergen Museum.*



***Figur 22.*** *Detalj. A3 (øvst til venstre) sett inn i samband med D2, 3, og 4. Merk naturleg spor i steinen som går frå A3 over til D3 (markert med sirkel). Foto: Trond E. Linge.*

punkt som avslutning, som har gått gjennom båe fragmenta, passar saman. Det er også samsvar i lengda på dei loddrette linjene på begge fragmenta. Mykje av det same gjeld for brotkanten til D15 i høve til D16. Her gjev fire loddrette linjer lengst til venstre eit ekstra haldepunkt ved måten dei er relatert til kvarandre på dei ulike fragmenta. D17 ser igjen ut til å kunne knytast til desse gjennom brotkanten i høve til D16, og ved samanlikning av feltbredde med D15. D13 er sett inn i sementen til venstre for D14. Det er problematisk å fastslå om plasseringa er riktig fordi eit større parti har skalla av D14 og fordi D13 har få motiv som kan gje noko samanlikningsgrunnlag.

D11 er sett inn kvilande oppå venstre del av D13. Brotkantane gjev eit visst haldepunkt for at dei høyrer saman, men det er vanskeleg å vere sikker på dette så lenge ein ikkje har andre faktorar å halde seg til. Plasseringa av D11 inntil D10 er også usikker. Diverre gjev det avskalla partiet det umogleg å gjere nokon samanlikning av dei geometriske motiva. Koplinga mellom D10 og D7 er derimot sikrare: brotkantane kan leggjast inntil kvarandre på ein slik måte at bølgjemotiva på dei to får ei riktig kopling. D9 er flytta frå si plassering i sementkassa fordi dei ”unormalt” lange loddrette strekane på D10 ikkje har noko samsvar i fragment D9. Eg tykkjer difor ei *indirekte* kopling til venstre for D17 er ei meir høveleg plassering for D9 og D8 (jf. fig. 21).

Øvre del av samling D (dvs. D1 tom. D6) består av fragment som antydar at flata over det doble bølgjelinjefeltet held fram med eit ope felt, eit skråstreksfelt, eit ope felt og eit skråstreksfelt der skråstrekane er kryssande i høve til det førre. Det er ingen direkte haldepunkt som koplar desse med fragmenta lågare nede på samlinga. Koplinga kan vere gjort med utgangspunkt i til dømes D1 som har både doble bølgjer og dei to skråstreksfelta med ope felt i mellom. Denne motivkombinasjonen finnast også på samling C (t.d. C6), men ein har her nytta dobbel feltavgrensingslinje noko som utelukkar D1 herfrå. I tillegg er bølgjene på D1 overdimensjonerte i høve til det aktuelle bølgjefeltet i samling C. Fragmenta D1, D2 og D5 kan, på grunn av avgrensingar som motivstrukturen skapar, ikkje plasserast i andre miljø enn det som dei er plassert i på samling D.

Følgjande av dei lause fragmenta kan ut frå motivstruktur vere aktuelle å ”importere” til samling D:

-B2a og B4a. Desse har vore kopla til kvarandre (jf. de Lange 1912:fig. 9). Det aktuelle koplingspunktet til samling D er ved dei to skråstreksfelta og det opne feltet mellom dei som ein finn på D1 og D5. Samanliknar ein bredde på skråstreksfeltet er tjukkleiken på B2a/B4a mellom 5 og 5,5 cm mot 4 cm på fragment D1. Feltbredda til det opne feltet mellom skråstreksfelta har på den andre sida godt samsvar med D1. Det er også synleg skilnad på vinkelen til skråstrekane i høve til avgrensingslinjene. Dette gjer koplinga mindre truleg. Likevel vil eg ikkje avfeie dette på noverande tidspunkt, og vil kome attende til det etter at alle fragmenta er gjennomgått.

-A3 har også området ved dei to skråstreksfelta som aktuelt koplingspunkt. Samsvaret

både når det gjeld feltbredde og vinkel er bra i høve til D1. Dette gjer ei kopling meir truleg. Det er endå til eit mogleg *direkte* koplingspunkt i samband med D2, D3 og D4 (sjå fig. 22). Avstanden mellom kvar spiss i sikksakkfeltet er noko mindre enn på sikksakkfelta i samling G og på B2a/B4a.

Dersom plasseringa til A3 er riktig held samling D fram med sikksakkmotiv[3] ovanfor dei felta ein allereie kjenner til. Dette gjer to nye fragment aktuelle for ei kopling til samlinga. I tillegg aktualiserast ei kopling til samling G (om dette sjå seinare).

-A2 sitt eventuelle koplingspunkt til samling D er ved det øvre skråstreksfeltet. I høve til A3 kan ein også samanlikne det opne feltet ovanfor skråstreksfeltet. Feltbreddene passar bra. Det gjer også vinkelen på skråstrekane. Spissane på sikksakkfeltet har mindre avstanden mellom kvarandre enn tilsvarande på samling G og B2a/B4a.

-A6 sitt skråstreksfelt er ca 1 cm breiare enn samanlikningsfeltet på D1. Vinklane på skråstrekane er også spissare enn på D1. Desse faktorane har meir samsvar med strukturen på B2a/B4a og ei kopling opp mot desse er difor meir truleg. Avstanden mellom "spissane" i sikksakkfeltet er også i samsvar med B2a/B4a.

Samling D let seg ikkje setje saman i same grad som samling C. Det let seg påvise at enkelte fragment heng saman med kvarandre, men ikkje på ein slik måte at ein via *direkte* koplingar finn store område som høyrer saman. Det er likevel *indirekte* koplingar mellom fragmenta då motivstrukturen stemmer mellom dei ulike fragmenta. Dette er indisium på at det likevel er samanhengar mellom fragmenta. Det ser ut til at fragmenta A2 og A3 kan plasserast øvst i samlinga. Dette får i så fall som konsekvens at motiva vert "utvida i høgda" med eit sikksakkfelt. Som samling D står no har samlinga ei lengd på vel 165 cm, måla ved avgrensingslinja ovanfor "frynsene". Høgda er 70 cm frå toppen av D1 til brotkanten ved stamnane (t.d. D16).

## Samling F

Samling F består av i alt 18 fragment. Desse er det naturleg å dele i to grupper. Først fragmenta F1-5. Desse er identisk med dei fragmenta som av Madeleine Abel er teikna saman med B1 og B5 (jf. de Lange 1912:fig. 10 & 11). Denne samanstillinga er i det vesentlege korrekt (sjå fig. 23). Unntaket er F5 som ikkje kan koplast *direkte* til brotflatene på dei andre fragmenta og som ein difor må ta visse atterhald for. På fig. 11 hos de Lange (1912) er det markert ei rett linje med ein kort kroka avslutning på det som her tilsvarar B5b og baksida av F3. Figuren er ikkje markert på kalkeringane. Ved undersøking av hellene i januar 2002 kunne det slåast fast at her verkeleg er ein linjefigur, men eg oppfattar den som tjukkare enn han er framstilt hos de Lange. Eg har også problem med å godta den kroka avslutninga. Dessutan er det ein totalhoggen trekanta figur på baksidene av F1 og F2, altså til venstre for linjefiguren, som tidlegare ikkje har vorte dokumentert (jf. fig. 23). Både trekantfiguren og linjefiguren ser ut til å ha halde fram utanfor brotkantane. Dekormessig har F1-5 saman med B1 og

3) Dette feltet er berre delvis bevart. På kalkeringa kan det sjå ut som bølgjemotiv. Eg meinar, etter å ha sett på dette i magasinet, at motivet ikkje er så avrunda som dei er framstilt på kalkeringa.

B5 denne oppbygnaden: på "framsida" (dvs. de Lange 1912:fig. 10) ein båt, deretter loddrette linjer med markerte sirkulære punkt som avslutning, ope felt, felt med tredoble bølgjer, felt med doble bølgjer, ope felt og felt med skråstrekar.

På "baksida" (dvs. de Lange 1912:fig. 11) består dekoren av ein båt. Ovanfor denne er to figurar som eg vil kalle linjefigur og trekantfigur. Den rette kanten på B5a og F1 gjer det truleg at dette er endestykket på ei helle. Kanten er i dag særs skadd, men innimellom kan ein sjå spor som tydar på at den har vore glatta ut eller slipt.

Motivstrukturen på "framsida" er identisk med motivstrukturen på samling D og det er naturleg å sjå nærare på om her kan vere ei kopling. På fig. 24 er F1-5 og B1a og B5a difor sett inn saman med samling D. Samanstillinga viser samsvar i feltbredde for alle dei fire aktuelle felta. Måten båten er plassert i relasjon til dei loddrette linjene stemmer også med samling D. På den andre sida er det ikkje mogleg å finne noko *direkte* koplingspunkt blant fragmenta i samling D. Dette gjer at koplinga er usikker, men samstundes fullt ut mogleg. Det er også det einaste alternativet i materialet dersom F1-5, B1a og B5a skal koplast til andre fragment. Ei slik kopling vil innebere at om lag 50 cm vert lagt til i lengda på samling D slik at den samla vert 215 cm. Høgda vil samla verte 90 cm, eller 100 cm om ein inkluderar A2 og A3 (jf. fig. 24).

Kva konsekvensar har det at samling D har ei mogleg kopling til fragment med dekor på begge sider? Eyvind de Lange (1912:20) forsikrar om at fragment med dekor på begge sider ikkje er blitt plassert i sementkassene. Samstundes er det klart at den teikna dokumentasjonen til Madeleine Abel ikkje har teke med trekantfiguren på baksida av fragmenta F1 og F2. Ein kan difor ikkje vere sikker på at dei såg alt. Her bør det også nemnast at Anders Lorange nemner to figurar som ikkje utan vidare let seg identifisere, korkje i sjølve materialet eller på eldre dokumentasjon. Dette dreier seg for det første om ein "Cirkelbue med Tagger, altsaa en Del af et Tandhjulformet Cirkelornament"[4] (Lorange 1879:27). Dinest nemner han "En Figur, 0.12 m lang helt fordypet (…), der synes at fremstille en Vase, men som ogsaa minder om Grebstykket paa enkelte af de mærkelige Sværdfremstillinger blant de østergøtlandske Helleristningar" (*ibid.*). Det er freistande å setje denne i samanheng med trekantfiguren som kan minne om eit dolk- eller sverdblad. På den andre sida vert *ikkje* trekantfiguren nemnt av Lorange, så ein kan ikkje sjå heilt vekk frå at Lorange eigentleg har sikta til sverd*blada* på dei østergøtlandske ristningane[5]. Det er altså mogleg at det ligg figurar støypt inn i samling D.

Dei resterande F-fragmenta (F6-18) er satt inn saman i ei sementkasse. Eg meinar at den samanstillinga som er gjort i alt vesentleg må reknast som riktig. I tillegg til at dekor og brotflatar passar saman der kvart enkelt fragment er plassert, har ein eit anna hjelpemiddel her: Særleg i partiet kring båten er det naturlege spor som buktar

4) Han kan ha sikta til fordjupingane på B2b som samla sett har ei svak krumming (jf. fig. 17).
5) Målet (12 cm) som Lorange nemner stemmer faktisk bra med lengda på trekantfiguren. Figuren kan også vekkje assosiasjonar til ein vase med spiss botn. På den andre sida kan ein spørje seg om det er sannsynleg at ein som seinare skulle publisere ei avhandling om sverd frå yngre jarnalder (Lorange 1889) skulle klusse med sverdterminologi!

seg rundt på overflata av steinen (fig. 25). Desse fungerar som eit ekstra korrektiv til brotflatar og dekor, og koplinga mellom desse spora på ulike fragment viser seg å stemme. Same type spor er observert på eitt fragment som er utanom denne samlinga, nemleg A16.

Lorange har ei detaljert skildring av ei båtframstilling som etter dei haldepunkta han gjev må vere båten på F6-18. Han omtalar båtfiguren som om den er på *eitt* fragment (Lorange 1879:27).

Dekorstrukturen på F6-18 vert då slik, sett nedanfrå og opp: ein båt, deretter loddrette linjer med markert sirkulært punkt som avslutning, deretter eit ope felt, felt med doble bølgjer, nok eit felt med doble bølgjer, ope felt, felt med skråstrekar og til slutt eit ope felt. Det at ein har to felt med doble bølgjer og ikkje, som i samling C og D, eitt felt med doble og eitt med tredoble, gjer strukturen på denne samlinga unik i høve til resten av materialet.

Eg vil også gjere merksam på ein annan eigenskap ved dekoren på desse fragmenta i høve til dei andre samlingane: breidda på felta er nemleg gjennomgåande mindre på F6-18 enn på dei fleste andre fragment. Til dømes er dei fire felta nærast frynsene i rekkjefølgje omlag 4, 5, 5 og 3 cm breie. Til samanlikning er breidda på tilsvarande felt på C18 og C15 omlag 7, 8, 6 og 6 cm. Det er feltbredda på C-fragmenta som representerar ”normalen” i materialet. Berre to andre fragment i materialet, A7 og A1, har så smale feltbreidder at det er rimeleg at det skal inn i samanheng med fragmenta F6-18 (jf. fig. 27).

Viktig her er at dersom ein stiller F6-18 opp mot samling C og D så vil F-fragmenta utgjere eit brot med dei andre fragmenta som gjer det lite truleg at desse har vore oppstilt saman (fig. 26). Dette gjer det etter mitt skjønn truleg at F6-18 har hatt ei anna plassering i heilskapen til gravanlegget enn det C og D har hatt. Forskjellen kan tenkjast å ligge på plassering i ulike kammer, eller at det eine har inngått som takhelle der det andre har vore sidehelle.

## Samling G

Samling G består av i alt 9 fragment. Det er med oppstillinga i sement ymta om følgjande motivoppbygging nedanfrå og opp: først eit skråstreksfelt, dinest eit ope felt før eit nytt skråstreksfelt som er kryssande i høve til det førre. Deretter eit ope felt før to felt med sikksakkmotiv, nok eit ope felt, eit skråstrekfelt og eit felt med rektangulære fordjupingar ordna i ”sjakkmønster”. Over desse er eit større parti med udekorert flate.

Det er ein feil i oppstillinga av fragmenta. Øvst på fragment G5 er det ein liten flik bevart som på kalkeringa er teikna som tre skråstrekar. Den eine linja er ei naturleg linje og dei to andre bøyer av oppover til høgre. Dermed er det mest truleg at dette



***Figur 23.*** *Til venstre: Fragment F1-5 saman med B1a og B5a. Fragmenta har vore støypt saman, men sementen er no delvis gått i oppløysing. Foto: Trond E. Linge.*
*Til høgre: Baksida av fragmenta til venstre viser båten på fragment B1b og B5b med strek- og trekantfigur ovanfor. Manipulert etter Madeleine Abel si teikning (de Lange 1912:fig.11).*

er ein rest av anten bølgje- eller sikksakkdekor som bryt med skråstreksdekoren nedst på G3. G5 og G6 høyrer saman, og dette får som konsekvens at desse to går ut av samanhengen med dei andre G-fragmenta. Ein truleg samanheng for desse er i det doble bølgjefeltet og det nedre skråstreksfeltet på samling D. Dette føreset at dei vert vendt 180 grader.

Elles ser det ut til at fragmenta let seg *direkte* kople i to grupper (fig. 28). G1, 2 og 3 ser ut til å hengje saman om lag som dei er støypt saman. Både brotkantar og motiva er vitnesbyrd om det. G7 og G8 kan av same årsak koplast saman slik at G8 ligg tett inntil høgre sida til G7. G9 kan kanskje plasserast inntil høgresida til G8. I høve til sikksakkmotivet passar dette i alle fall bra. Det er igjen *indirekte* kopling mellom desse to gruppene.

Når det gjeld fragment som det kan vere verdt å prøve å "importere" til denne samlinga er desse aktuelle.:

- Først dei samankopla fragmenta B2a og B4a (jf. de Lange 1912:fig. 9). Sett saman har desse to skråstreksfelt med ope felt imellom samt eit ope felt før to tettståande




***Figur 24.*** *Fragmenta F1-5 og B1a/B5a (lengst til høgre) satt saman med fragmenta i samling D. A2 og A3 over D1 og D2 øvst til venstre Det er satt inn rette linjer for å synleggjere samsvaret i feltbredder. Satt saman etter kalkeringar ved Gro Mandt,copyright Bergen Museum.*

felt med sikksakkmotiv. Koplinga til samling G går eventuelt ved sikksakkfelta. Det er ikkje mogleg å plassere B2a og B4a *direkte* i samling G i den tydinga at den glir rett inn i ein brotkant. Ei samanlikning av dimensjonane på motivelementa mellom dei to gjev likevel eit sterkt samsvar. Det gjeld både feltbredde og avstanden mellom kvar spiss i sikksakkmønstera (fig. 29).

- Vidare gjeld dette A6, som også har sikksakkmønster som er sameinleg med tilsvarande mønster på samling G og B2a/B4a. Feltbredder og vinkel på skråstrekane er i samsvar med B2a/B4a (fig. 29).

-A1 er det einaste lause fragmentet som har rektangulære fordjupingar i sjakkmønster. Det kan likevel ikkje høyre saman med samling G, fordi skråstreksfeltet vert spegelvendt i høve til tilsvarande i samling G. Bredda på feltet med dei rektangulære fordjupingane er også mykje mindre enn på samling G. Denne siste faktoren ser ut til å vere meir i samsvar med dei ekstremt smale felta blant fragmenta F6-18 (jf. fig. 27).

Med unntak av fragment G5 og 6 ser samling G ut til å vere sett riktig saman slik fragmenta er plassert i sementen. Fragmenta kan koplast *direkte* saman i to grupper som igjen kan koplast *indirekte* med kvarandre. Målt i avgrensingslinja over dei




***Figur 25.*** *Rettvendt siloprenavstøyping av fragment F6-18. Merk linjene i steinen, som er eit ekstra korrektiv for å fastslå samanheng mellom fragmenta. Målestokk: 30 cm. Etter foto, copyright: Bergen Museum.*




***Figur 26.*** *Feltbreddene på fragment A1 og A7 (øvst til høgre) synast å tale for at dei skal inn i samband med F6-18. Satt saman etter kalkeringar ved Gro Mandt, copyright Bergen Museum.*

rektangulære fordjupingane har det attverande materialet ei lengd på ca 110 cm. I nedkant har ein flik på G3 synt at motiva held fram med eit skråstreksfelt. Fragmenta B2a/B4a er blitt plassert inn i samanhengen og det er synt at feltbreddene passar bra mellom desse og dei aktuelle felta i samling G. Det er også synt at sikksakkmotiva er særs likt utforma på samling G og B2a/B4a. Dersom B2a/B4a verkeleg inngår i denne samanhengen har den hatt ei høgd på minimum 60 cm.

B2a og B4a vart også trekt inn i diskusjonen ved samling D. Før eg går over til ein samla konklusjon om gjennomgangen av materialet vil eg difor sjå om B2a/B4a kan vere eit ledd som knyt samlingane D og G saman.

## Kopling mellom samlingane D og G?

Då eg tidlegare vurderte fragmenta B2a/B4a og A6 opp mot samling D peika eg på at feltbredde og vinkelen på skråstrekane tala imot koplinga trass i at motivstrukturen var sams. Under presentasjonen av kriteria innleiingsvis vart det peika på at slike ”ujamnskapar” førekjem i materialet, slik at ein bør nytte kriteria feltbredde og vinklar med varsemd (sjå ”problemstilling og metode”). Det er teikn på at ein slik ujamnskap førekjem i samband med B2a/B4a, då det berre internt på fragment B2a er 0,5 cm forskjell i bredda på skråstreksfeltet. Dette kan bety at det er indirekte kopling mellom D-fragmenta og B2a/B4a, men at det truleg ikkje har vore plassert rett i nærleiken av kvarandre.

Det er også problem med vinklane på skråstrekane på D1 i høve til B2a/B4a. Igjen




***Figur 27.*** *Samanlikning av feltbredde. F6-18 i midten. Samling C til venstre og samling D til høgre. Utsnitt frå kalkeringar ved Gro Mandt, copyright: Bergen Museum.*

har ein eksempel frå andre delar av materialet på at slike forskjellar har førekomme, og blitt "retta opp". Det som eventuelt manglar her er eit fragment der ein *ser* at vinkelen har blitt retta opp. Ut frå desse atterhalda er det mogleg at samling D saman med F1-5, B1 og 5 og A2 og 3 kan knytast til samling G og B2 og 4 (sjå fig. 30). Det er viktig å understreke at eg ikkje meiner å ha kome fram til at dette er *den* riktige koplinga av desse fragmenta, men at *den er ei mogleg kopling*. Difor vil ei slik kopling inngå som berre ei av fleire moglegheiter for desse fragmenta i den vidare diskusjonen.

Er denne koplinga riktig, vil den samla flata hatt følgjande mål: lengda, målt langs linja ovanfor dei loddrette strekane, vil vere uforandra frå fig. 24: minimum 215 cm. Her er ikkje det opne rommet mellom F4 og D10 (sjå fig. 30) rekna med. Høgda frå toppen av G7 til nedst på B1a er om lag 130 cm.

## Konklusjon etter gjennomgang av samlingane

Som konklusjon etter denne gjennomgangen vil eg trekkje fram følgjande resultat:

Samling C og E: Fragmenta her utgjer den største bevarte delen av ein heilskap i materialet. Det er bevart fragment i nedre del som gjer at ein kan slå fast at ein har ei helle med ei lengd på *minimum* 180 cm. Det er samtidig sterke indisium på at lengda skal strekkast opp til 225 cm. Dei bevarte fragmenta i høgre del av samlinga gjer det mulig å etablere ei *minimumshøgd* på mellom 100 og 115 cm. Det er også indisium på at høgda kan ha vore større; mellom 125 og 140 cm (jf. fig. 19).

Fragmenta F6-18: Det er eit gjennomgåande trekk ved dei geometriske motiva på desse fragmenta at dimensjonane er mindre enn på tilsvarande motiv i dei andre samlingane. Oppstilt mot desse samlingane vil fragmenta F6-18 skape eit brot i det som eg legg som eit premiss for motiva i dei horisontale felta; at det har vore tilstreva at desse skulle plasserast i felt rissa av jamne, rette linjer. Eg ser dette som eit spor i retning av at F6-18 må ha vore plassert på ein slik måte i relasjon til dei andre samlingane at dette brotet ikkje har verka forstyrrande på heilskapsinntrykket. Dimensjonane til den hella F6-18 tilhøyrde er det vanskeleg å seie noko om bortsett frå dei minimumsmåla dei bevarte fragmenta gjev (jf. fig. 25, 26 og 27).

Samlingane D og G med import av B1,2,4 og 5, F1-5 og A2,3 og 6. Dette utgjer den svakaste underbygde samanstillinga av fragment, fordi den for ein stor del byggjer på *indirekte* koplingar. Eg har vist at det er ei *mogleg* kopling mellom desse fragmenta, men og at det er problem knytt til dette. Det mest spanande, dersom ein aksepterar koplinga, er at ein får ei eller fleire heller som åleine eller saman har dimensjonar som er samanliknbare med samling C og E (jf. fig. 30).

Problema som er knytt til å kople alle desse fragmenta saman gjer at ein samstundes også bør ha klart for seg andre alternativ der fragmenta inngår i mindre samanhengar (jf. fig. 24 og 28).

## Hellene i gravanlegget

Det følgjande er eit forsøk på å diskutere resultata av gjennomgangen av hellefragmenta opp mot dei skriftlege kjeldene frå 1800-talet. Hovudfokuset vert retta mot dei ulike versjonane av kistekonstruksjonen som Hagerup (via Christie) og Lorange gjev. Målet mitt er at det gjennom denne diskusjonen vil utkrystallisere seg eit klarare bilete av korleis dei dekorerte hellene har inngått i gravanlegget.

Omstenda rundt funnet sin framkomst i 1847 har allereie vorte presentert. Eg skal difor her berre kort rekapitulere at finnaren Hagerup skal ha fortalt Christie at det var 8 kister i haugen og at desse stod tett saman. Ristningsflatane var utelukkande å finne på dei sidene av dekkhellene som vendte nedover mot sjølve kammera. Ut frå Christie (1847) sin tekst er det truleg meint at kvar enkelt dekorerte helle (ristningsflate) hadde ein dimensjon på 2 alen (ca 125 cm) lengde og ei breidde på nærare 1 alen (60 cm). Langsidene til kvar av kistene hadde heller av liknande steintype og tjukkleik




*Figur 28. Samling G kan koplast i to grupper. G7, 8 og 9 til venstre. G1, 2 og 3 til høgre. G5 og 6 er tekne ut av samanhengen. Etter foto av siloprenavstøyping (copyright Bergen Museum). Fragmenta er flytta på i høve til originalfot..*




*Figur 29. Samling G med B2a/B4a og A6 sett inn. Rette linjer er satt inn for å samanlikne feltbredde. Satt saman etter kalkeringar ved Gro Mandt, copyright Bergen Museum.*

som dei dekorerte overliggjarane, men desse mangla altså ristningar. Peder Fylling (1859), som truleg kan vurderast som ei sjølvstendig kjelde i høve til Christie, skildrar funnet på ein måte som kan gje grunn til å tru at det likevel var ristningar også på desse hellene. Kortveggane var danna av tjukkare og meir solide heller av ein annan steintype.

Min konklusjon på dimensjonane til samling C og E (*minimum* ca 100-115 x 180 cm) overskrider klart dei dimensjonane Christie (1847) tilsynelatande oppgjev for kvar einskild dekorerte helle (ca 60 x 125 cm). Eg skriv 'tilsynelatande' fordi eg meinar Christie (*ibid*.) sin tekst er uklar på om måla gjeld for skadde eller uskadde heller. I høve til mine resultat må samling C og E ha dekka over *fleire* kister dersom Christie







***Figur 30.*** *Samanstilling av fragment frå samling D, F1-5 og B1a/B5a og G der A2,3, 6 og B2a/B4a utgjer bindeledda. Dei bindande koplingane er indirekte og samanstillinga såleis ikkje uproblematisk. Rette linjer er sett inn for samanlikning av breidde på felta. Omriss er gjeve av referanseomsyn. Rekonstruksjonen byggjer på kalkeringar ved Gro Mandt, copyright Bergen Museum.*

sitt scenario skal vere riktig. Det ligg då nærast å tenkje seg at kistene låg på rekkje langs det eg har referert til som lengdeaksen på samling C og E. Dette vil gjere alle dei lineære dekorelementa "synlege" i kvart kammer og båtane vil ha vore plassert nær eine kortveggen til kammera. Det er naturleg å sjå nærare på båtane i høve til denne teorien. Er båtane plassert i kvart sitt kammer?

Avstanden frå høgre kant av helle C18 til stamnen lengst til høgre på C19 er ca 45 cm (sjå fig. 19). Om lag same avstand er det bort til midtpunktet mellom dei to stamnane lengst til venstre på C19. Båten som er bevart i form av dei to midtre stamnane på C19 er ca 40 cm lang frå stamn til stamn. Frå midtpunktet mellom dei to stamnane lengst til venstre på C19 er det om lag 50 cm bort til midtpunktet mellom dei to stamnane på C21. Denne båten vil vere noko i underkant av 40 cm lang. I frå midtpunktet mellom dei to stamnane til venstre på C21 er det heile 90 cm bort til venstre kant på C26 slik fragmenta er oppstilt i rekonstruksjonen (fig. 19), men her skal ein hugse at det ikkje let seg gjere å etablere ei direkte kopling mellom C24, 25 og 26 og dei andre fragmenta. På den andre sida er det ingen alternativ stad i det som er att av materialet der C24, 25 og 26 kan inngå. Dersom venstre stamn på C21 har hengt saman med stamnen på C24 vil båten ha vore minst 55 cm lang.

Dersom vi tenkjer at båtane har strukturert breidda på kvar einskild kiste, får altså tre kister ei breidde på mellom 45 og 50 cm. Kista som vil ha vore knytt til båten lengst til venstre på samlinga (jf. fig. 19) vil ha vore vel 60 cm brei om den berre inneslutta partiet kring båten. Det vil på den andre sida medføre at eit mindre parti av den dekorerte hella låg utanfor kista. Alternativt har også dette partiet dekka kista, slik at breidda er oppimot 90 cm. Det kan også tenkjast ein modell der kvar båt representerar ei kiste utan at det på naudsynt vis er eit konstruksjonsmessig samsvar mellom kvar båtavbilding og kvar kiste. Samla lengd på samling C og E er 225 cm. Deler ein dette talet på fire får kvar kiste ei breidde på ca 56 cm.

Dersom fragmenta lengst til høgre på samling C har vore enden på ei helle, noko det på grunn av den beine kanten er grunn til å tru, stemmer det bra med opplysinga om at kistene sine kortsider skal ha hatt ulike bredde (Christie 1847). Rekonstruksjonen (fig. 19) syner at kanten ikkje står 90°, men noko mindre (86°), i høve til feltinndelinga i dekoren. Dette gjev inntrykk av at breidda på kistene smalnar av når ein går oppover på samlinga. I høve til det scenariet eg jobbar med her, vil kistene ha vore breiare i den enden som båtane har vore plassert i.

Følgjer ein Christie sitt scenario vidare, manglar framleis dekning for fire kister. Eg finn det difor naturleg å halde fram diskusjonen med samling D og fokusere på båtavbildingane her. Lengst til høgre for fragmenta i samling D sette eg inn B1a, B5a og F1-5 fordi motivsamansetnad og feltbredde her gav ei sterk indirekte kopling. Til saman er her seks stamnar bevarte på fragment B5a, D9, D13 (to stk) og D16 (to stk). Teoretisk kan desse stamnane tilbakeførast til 3 båtar, då her er like mange venstre som høgrestamnar. Tilhøva talar likevel for at her må ha vore ein båt til. Båtane ser ut

til, som på samling C, å ha vore plassert tett saman. I samband med D10 har ein eit stort parti utan restar av båtar eller stamnar. Det er truleg at skroget på ein båt har vore plassert like i underkant av dette fragmentet. Slik fragmenta er plassert i figurane 24 og 30, vil stamnen til venstre på D16 og stamnen på D9 vere frå same båt. Stamnen til høgre på D16 vert knytt til den venstre stamnen på D13. Høgre stamn på D13 høyrer truleg til skroget under D10. Vidare vert det føresett at det manglar eit parti til høgre for D10 der parstamnen til høgre stamn på D13 og den manglande stamnen på båten på B1a/B5a har vore plassert. Etter den oppstillinga båtane har i figurane 24 og 30 har dei desse måla: Lengst til venstre har båten med stamn på D9 og D16 ei lengd på ca 50 cm. Båten med stamnane bevart på D16 og D13 om lag 55 cm. Føresett at den manglande stamnen plasserar seg rett til venstre for D10 er tredje båt frå høgre 60 cm. Båten på B1a/B5a er bevart i ei lengd på ca 40 cm. Den manglande stamnen har truleg vore framoverlutande, slik som venstre stamn på D13. Dette vil gje ein båt med ei lengd på rundt 50 cm. Dersom ein tenkjer seg båtane som strukturerande for kistene vil breiddene på kistene altså bli mellom 50 og 60 cm.

Så langt kan Christie sitt scenario sameinast med mi undersøking på følgjande måte: Dei åtte kistene var dekka av til saman to store heller. For kvar enkel kiste ville dekoren i taket ha fortona seg som ulike felt med geometrisk dekor som fordelte seg i lengderetninga til kista. I avslutninga til felta var det loddrette linjer med markert sirkulært punkt som avslutning før ein båt som låg parallelt med eine kortveggen. Breidda til kistene vil, dersom ein tek utgangspunkt i båtane, vere mellom 45 og 60 cm, men ei var kanskje så mykje som 90 cm brei. Det kan også tenkjast ein modell der båtane ikkje var direkte relatert til kvar einskild kiste. På denne måten vil dei to store hellene vore jamnare fordelt mellom kistene, og breidda på kvar einskild kiste ville ha lege på mellom 55 og 60 cm.

Lengda til kistene skulle ut frå samling C og E liggje ein stad mellom 100 og 140 cm (dvs. det som tidlegare vart referert til som høgda til samling C og E). Lengda på kistene som låg i samband med B1a, B5a, D-fragmenta og F1-5 er det større usikkerheit kring. Det er indisium på at B2a, B4a og brorparten av fragmenta i samling G kan gå inn over her. Dette gjev ei høgd på knapt 130 cm. Det er verdt å merkje seg at dette målet fell innanfor lengdemålet til kistene som var dekka av C og E fragmenta. Dersom denne dimensjonen på kistene er riktig, har han ein forbausande likskap med målet som vart gjeve for dei største fragmenta som vart henta ut: "en Lengde af circa 2 Alen, og en Bredde af henimod een Alen" (Christie 1847). Oversatt til det metriske system vert dette: ei lengd på ca 125 cm og ei breidde på oppimot 60 cm.

Det som då står att å plassere er fragmenta F6-18. I gjennomgangen av desse vart merksemda retta mot at både motivkombinasjon (to doble bølgjer inntil kvarandre) og motiva sin dimensjon skil fragmenta frå resten av materialet (jf. fig. 26 og 27). Dette vart teke som ein mogleg indikasjon på at F6-18 har hatt ei anna plassering innanfor heilskapen enn fragmenta i samling C, D, E, F1-5 og G. I tråd med ei hypotese om at anlegget var samansett av i alt 8 kister, vil ikkje det dekormessige "brotet" mellom F6-

18 og dei andre fragmenta vore merkbar om F6-18 var tak for ei av kistene. Eg meiner likevel at argumentasjonen som er gitt ovanfor gjev ei betre forklaring for dekket over dei 8 kistene. Det er ei alternativ plassering igjen for F6-18, og det er som sidehelle for eitt av dei åtte kammera. Dette føreset at det er Fylling og ikkje Christie som har rett på dette punktet (sjå ovanfor). Det kan også repeterast at det truleg var Henrichsen som fann desse fragmenta. Dette kan bety at dei vart oversett ved Hagerup og Fouske sitt inngrep. Fragment A16 har liknande naturlege gangar i steinen som det ein finn på F6-18. Figurresten på A16 er mest truleg kjølpartiet på ein båt (jf. fig. 9). Dersom A16 har høyrt til same helle som F6-18, må her ha vore minst to båtar. Båtfiguren på F6-18 er ca 50 cm lang og truleg manglar berre ein mindre del. Føreset ein at båten i samband med A16 har hatt om lag same lengd, får ein ei lengd på hella på i overkant av 100 cm. Denne lengda vil høve bra med den lengda som samling C og E peikar på at kammera har hatt.

Minst eitt av kammera har etter dette hatt ei dekorert sidehelle. Slik eg ser det kan her tenkjast to scenario. Det første føreset berre ei dekorert sidehelle. Det er då freistande å knytte dette til det moglege større kammeret i samband med venstre del av samling C. Kanskje endå ein faktor som skilde dette kammeret frå dei andre? I det andre scenariet har fleire kammer, og kanskje alle, dekorerte sideheller.

Denne rekonstruksjonen får som konsekvens at ristningane på fragment B1b, B2b, B4b, B5b og på "baksida" av F1-4 (sjå fig. 23) vert plassert på utsida av lokka til kistene. Rekonstruksjonen føreset altså at Hagerup og Fouske ikkje har sett desse ristningane ved framkomsten i 1847. Av omsyn til at desse då synast å ha vore eksponert utover heller enn innover i kammeret, er det verdt å merke seg kontrasten mellom motiva. Dei utovervendte manglar feltinndeling i form av den geometriske dekoren. Derimot opptrer her motiv som manglar på innsida, slik som konsentriske sirklar og trekantfiguren. Båten er felles for båe sider. B1b/B5b samt baksida på F1-4 er enden på ei større helle, og vil difor anten ha vore plassert midt i eller i eine enden av det totale anlegget.

Anders Lorange (1879) si avvising av dei 8 kistene vert altså grunngjeve med at dei udekorerte tjukkare sidehellene ikkje let seg finne att trass i at han hadde undersøkt både haugen og eit gjerde i nærleiken. Han vel dermed å behalde måla (1x2 alen) for kvar dekkhelle til dei åtte kistene, men gjer om på korleis dei var plassert i det eine kammeret han meinte dei hadde inngått i. Han meinar dei har vore plassert slik i kammeret: to i kvar langvegg slik at kammeret får ei lengde på om lag 4 alen (dvs. ca 250 cm), og dei siste 4 som tverrliggande takheller slik at bredda på kammeret vert 2 alen (ca 125 cm). I dei to kortveggane plasserar han dei tjukkare udekorerte hellene (*ibid.*:25f). Av samanhengen vil kvar kiste vere om lag 1 alen (60 cm) djup.

Lorange såg altså føre seg at tre flater (to langveggar og taket) i kistekonstruksjonen hadde ristningar. Mine resultat på dimensjonane på hellene får konsekvensar for Lorange sitt scenario. Det synast ikkje som om det er mogleg at det kan ha vore to

heller i kvar langside. I staden må ein truleg tenkje seg at ei større helle utgjorde kvar langvegg. Det ser også ut til at kammeret må ha vore langt djupare enn dei 60 cm Lorange såg føre seg.

Igjen vil eg ta utgangspunkt i samling C og E. Med tanke på at den kan ha vore langvegg, vert dei måla som eg kom fram til vedrørande høgda interessante. Høgda på samlinga er *minimum* 100 cm, men den har truleg vore større, kanskje opp mot 140 cm. Det er derimot rimeleg å gå ut frå at ein del av hella har vore grave ned i underlaget, av omsyn til konstruksjonen sin stabilitet. Tek ein utelukkande utgangspunkt i dei *direkte koplingane* mellom fragmenta lengst til høgre i samlinga (fig. 19) og lånar mål for partiet frå båten og ned frå B1a/B5a, vert hella her 115 cm høg/djup. Det kan tenkjast at den nedgravne delen har vore identisk med det udekorerte partiet under båten. I så fall vil kista si djupn frå tak til golv vore om lag 100 cm. Eit anna tenkjeleg scenario er at mesteparten av båten har vore grave ned, og at grensa for nedgravinga vert gjenspegla i den jamne brotkanten på fragmenta nedst på samlinga. Dette vil endre djupna til 90 cm. Tek ein omsyn til den *indirekte* koplinga til dei 4 E-fragmenta samt C1, vert minimal djupn på heile 115 cm. Held ein dette målet på samling C og E opp mot dei stratigrafiske observasjonane i haugen, ser toppen av kisteanlegget ut til å plassere seg like under toppen av den indre røyskonstruksjonen i haugen.

Samling D og G med dei importerte fragmenta slik det er framstilt i figur 30, har om lag same dimensjonar som samling C og E, og kan difor ha utgjort den andre langveggen i dette scenariet. Ein manglar då å gjere greie for takhellene. F6-18 kan ha vore ein del av takkonstruksjonen, men dette føresett at om lag ¾ av taket manglar i det som er att av materialet. Kammeret får etter denne rekonstruksjonen ei lengd på om lag 225 cm og ei høgd/djupn på minst 115 cm. Breidda er det vanskelegare å seie noko om. Tek ein utgangspunkt i F6-18 (jf. fig. 27) må den ha vore minst 60 eller 75 cm, avhengig av i kva vinkel F6-18 låg i høve til kammeret.

Det er eit andre alternativ i høve til Lorange sitt scenario. Dette alternativet tek høgde for dei usikre momenta som vart påpeika ved koplinga mellom samling D og G, samt fragmenta som vart knytt til desse. I dette alternativet vert G og D skilt frå kvarandre slik at dei utgjer to sjølvstendige flatar identisk med fig. 24 & 29. Dersom desse to flatene utgjer kvar sin langvegg, kan samling C og E vere takhella. Taket vil i så fall få ein dimensjon som ligg nær det Lorange såg føre seg (4 x 2 alen eller 250 x 125 cm) sjølv om taket må ha vore danna av ei, og ikkje fire, heller.

Samling D som sidehelle vil fortone seg følgjande. Dersom ein legg ei kopling til F1-5 og B1a/B5a til grunn (sjå fig. 24) er det 90 cm frå nedre del av B1a til toppen av D1. Mellom 10 og 20 cm kan trekkast frå for den truleg nedgravne delen, etter same mønster som eg har hevda for samling C og E. Vi får då eit kammer med ei djupn på 70-80 cm. Problematisk er det likevel at det ikkje er nokon klart definert avslutning øvst på samlinga. Koplar ein til dømes A2 og A3 til øvst på samling D (jf. fig. 22), aukar djupna med meir enn 10 cm. Vi får då eit kammer med djupn på 80-90 cm,

men heller ikkje her kan det definerast nokon klar avslutning. Sjølve hella må ha vore minst ein meter høg.

Det store opne udekorerte feltet øvst på G2, G3 og G7 kan tyde på at samling G har ei avgrensing øvst (jf. fig. 28). Her manglar på den andre sida ei klar avgrensing i nedkant. Dei bevarte fragmenta gjev høve til å hevde at høgda har vore minst 45 cm, men reelt noko meir, fordi ein ser at motiva må ha halde fram i nedkant av G3. Dersom B2a/B4a utgjer ei forlenging av samling G (jf. fig. 29) vert høgda ca 55 cm, men også her må motiva ha halde fram i nedkant av B2a. Føreset ein at om lag 40 cm manglar nedanfor B2a/B4a, vil ein kunne få ei helle av nokolunde lik dimensjon som det ovanfor er skissert for samling D. Dersom samling G skal ha ei nedre avslutning med loddrette linjer og båtar som samling D, er 40 cm eit minimumsmål på kor mykje som må mangle (basert på måla i samling D).

Innanfor dette scenariet er det ikkje direkte klart kor F6-18, samlinga av fragment som vart skild ut på grunn av dei smale felta relativt til resten av materialet, skal plasserast. Dei unike forholda kring dimensjonen og motiva på desse fragmenta (fig. 26 & 27) gjer det i det heile vanskeleg å passe dei inn saman med nokon av dei større samlingane. Det er i teorien mogleg at F6-18 har vore ei sidevegs forlenging av takhella (samling C og E), men dette gjev brot lik det som er vist i figur 26. Det same vert tilfelle om ein tenkjer seg den som ei forlenging av samling D.

I høve til samling G og B2a/B4a er ei kopling nedover teoretisk mogleg. Dette fordi her er samfall i motivstruktur (to skråstreksfelt med ope felt imellom), men dette føreset at dei to A-fragmenta vert fjerna frå F6-18. På bakgrunn av feltbredda finn eg situasjonen slik han er framstilt i figur 27 meir sannsynleg enn denne teorien. Einaste moglege plassering for F6-18 innan dette scenariet er, slik eg ser det, i eine kortsida til kammeret. Lorange (1879) meinte derimot at det ikkje var ristningar her.

Av desse to alternativa innanfor Lorange sitt scenario er det første det som gjer minst kompromissar med korleis Lorange såg føre seg kammeret. Likevel er det også i dette ei grad av avvik mellom moglegheitene og avgrensingane innafor materialet og korleis Lorange såg føre seg det heile på. Først og fremst gjeld dette djupna på kammeret, som i første alternativ er oppimot det doble av kva Lorange meinte det var. Også det andre alternativet føreset eit djupare kammer enn Lorange såg føre seg: sidehellene må ha vore minst ein meter høge, og med ein del av hellene nedgrave har sjølve kistedjupna *minimum* vore mellom 80 og 90 cm. Det kjem ikkje fram av nokon av dei skriftlege kjeldene frå 1800-talet kva djupn kista eller kistene hadde. Det einaste haldepunktet ein har her er den indre røyskonstruksjonen som set grense for kva høgd kammeranlegget har hatt. Røysa synast å ha hatt ei høgd på i overkant av ein meter. Det betyr at toppen av kista i Lorange sitt scenario, og særleg i alternativ ein, plasserar seg særs nær toppen av røysa.

## Konklusjon

Dei siste sidene har vore eit forsøk på å setje mine resultat frå arbeidet med hellefragmenta inn i ein dialog med dei skriftlege kjeldene frå Christie og Lorange. Håpet har vore at gjennom dette skulle det eine scenariet framstå som det mest truverdige, og/eller at det eine scenariet skulle møte såpass motstand i høve til materialet at det fortona seg som lite sannsynleg. Diskusjonen har på naudsynt vis måtte bli innfløkt. Eg vil difor repetere hovudpoenga medan eg konkluderar.

Det er tidlegare synt til ein del aspekt som bør gje grunn til skepsis kring den tilslutninga Lorange si framstilling har fått hjå dei fleste (jf. de Lange 1912; Nordèn 1934; Bøe 1942; Fett 1950; Marstrander 1963, 1978; Aksdal 1996). Gro Mandt (1983) påpeika at det faktum at Lorange hadde problem med å finne udekorerte heller kunne hengje saman med at Christie berre konsentrerte seg om å ta hand om dei dekorerte hellene. I forlenginga av dette peikar eg på at kontrakten som vart inngått mellom grunneigar og Bergens museum inneheldt ein klausul som gav grunneigaren *retten til å nytte seg av desse*. Det vart også synt til ei kjelde (Fylling 1859) som stadfestar at det var fleire kister knytt til dei dekorerte hellene. Det vart vurdert som truleg at denne kjelda kan reknast som uavhengig av Christie. Dersom dette er riktig minskar det risikoen for, som Lorange (1879) meinte, at dei åtte kistene kan vere eit resultat av misoppfattingar i kommunikasjonen mellom Christie og grunneigar Hagerup.

Eg finn at scenariet passar bra med min gjennomgang av materialet, dersom ein let to store heller (fig. 19 og 30) dekke dei åtte kistene som Hagerup rapporterte å ha observert. Det er også interessant å notere seg at desse to hellene truleg har hatt nettopp åtte båtavbildingar på den sida som har vendt ned mot kammera. Dersom ein tek utgangspunkt i at båtane på den eine eller andre måten har strukturert plasseringa til kistene, anten ved at kvart einskild båtmotiv har vorte plassert i kvar si kiste eller at samanhengen er av meir symbolsk art, får kvar kiste ei breidd på mellom 45 og 60 cm. Det som då vert lengdemålet på kistene ligg mellom 130 og 140 cm, med utgangspunkt i det som i gjennomgangen vart referert til som høgda på fig. 19 og 30. For kistene sine indre mål må ein trekke frå noko fordi delar av hellene har lage oppå dei tjukke hellene i kortveggane. Desse måla rimar bra med måla som vart oppgitt for anten største uskadde helle eller største hellefragment: "en Lengde af circa 2 Alen og en Bredde af henimod een Alen" (Christie 1847), eller lengde om lag 125 cm og bredde oppimot 60 cm. Eg meinar at måla eigentleg refererar til *kistene*. Ei anna moglegheit er at overliggarane har blitt pressa ned av tyngda av stein og jord ovanfor. Dei ståande sidehellene i anlegget vil då ha utgjort motvekta til presset og kan ha skapt brot i overliggarane. Det er påfallande kor mange brot som ligg i nærleiken av stamnane. Ei slik hending kan ha skapa inntrykk av ei dekkhelle pr. kiste, men Hagerup har i så fall ikkje erkjent den faktiske situasjonen.

Lorange sitt utgangspunkt var annleis enn Hagerup/Christie sitt. Ingen av anlegget sine bestanddelar kunne observerast ved hans utgraving. Han meinar likevel at kvar enkel helle har mål på 1 x 2 alen (60 x 125 cm) basert ut frå måla til Christie og

eigne observasjonar av hellefragmenta. Eg har vist at desse måla ikkje kan stemme og at dimensjonane på hellene har vore langt større. Dette har i utgangspunktet større konsekvensar for Lorange sitt scenario enn for Christie sitt. Medan dei åtte kistene til Christie kan stå ved lag ved å redusere talet på dekkheller, vert Lorange si omtolking av "åtte kister" til "åtte dekorerte heller" ståande i eit meir problematisk ljos. Eg vil rekne det som særs lite truleg at summen av dekorerte heller i Mjeltehaugen var åtte. Samling C og E, som må ha vore ein vesentleg komponent i kammeret sin oppbygnad, har mellom 3 og 4 gongar større dimensjonar enn Lorange gjekk ut frå. Eg har også vanskar med å sjå at fragmenta i samling D og G kan ha vore i nærleiken av den dimensjonen Lorange førespegla. Skal Lorange sitt scenario ha noko for seg, tyda materialet på at ein i staden burde tenkje seg at dei dekorerte hellene inngjekk som tre komponentar i kammeranlegget sin konstruksjon: to sideheller og ei dekkhelle. Eg har likevel synt at veggane i eit slikt kammer må ha vore bygd av *minst* 1 meter høge heller (alternativ 2 ovanfor) som, sidan ein bør rekne med at delar av dei var nedgrave, har gjeve kammeret ei djupn på *minst* 80-90 cm. Høgda på hella som utgjorde sideveggane i Lorange sitt scenario må altså vere opp i mot det doble av kva Lorange såg føre seg.

Fragmenta F6-18 kan i Christie sitt scenario inngå som sidehelle. Sjølv om det frå Christie si side vert hevda at det ikkje var dekor på sidehellene, finn eg likevel dette mest truleg. Eg vil peike på indisia som ei seinare kjelde (Fylling 1859) gjev, og på at framkomsthistoria tyder på at F6-18 vart oversedd i 1847 og først teke ut av Christian Henrichsen i 1867. Innanfor Lorange sitt scenario kan F6-18 plasserast som takhelle, men dette føreset eit kammer med ei djupn på over ein meter (alternativ 1 ovanfor). I alternativ 2 for Lorange finn eg ikkje plass til F6-18 anna enn som helle i eine kortsida, dei einaste flatene i kammeret som Lorange sjølv meinte ikkje hadde ristningar.

På bakgrunn av at eg får mine resultat etter gjennomgangen av fragmenta til å passe såpass bra med førstegangsobservasjonen av kammeranlegget (Christie 1847; Fylling 1859) og mindre bra med det bilete Lorange (1879) såg for seg, vel eg å konkludere med at versjonen som vert presentert av Christie ligg nær opp mot korleis anlegget eigentleg var utforma. Anlegget var difor truleg konstruert som åtte kister med ei lengd på ca 125 cm som stod vegg i vegg med kvarandre sine langsider. Minst ei av hellene i langsidene har hatt ristningar. Hovudmengden av ristningar (fig. 19 og 30) har vore plassert på den nedovervendte sida av to dekkheller som kvar dekka fire kammer. Det har også vore ristningar på delar av den utovervendte sida til den eine dekkhella (til høgre på fig. 23). Den høgre enden på den eine dekkhella (fig. 11 og 19) har ein vinkel som samsvarar med opplysinga frå Hagerup om at kistene hadde trapesoid form.

## "…8, ved Siden af Hverandre anbragte, Steenkister…"

Til slutt vil eg klargjere korleis dette gravanlegget *kan* ha fortona seg. Figurane 31 og 32 syner det eg meinar har vore dekkhellene til dei åtte kistene. Dei tynne grå

strekane syner forholdet mellom langveggane til kistene og dekoren på hellene. Langveggane er skråstilt slik at kvar kiste får ei trapesform. Dette på bakgrunn av at kistene er opplyst å vere breiare i den austlege enden enn i den vestlege (Christie 1847). Den skråstilte kanten blant fragmenta lengst til høgre i samling C gjev grunn til å tru at den breiaste sida er identisk med der båtane er plassert. Om eg har riktig vinkel på sidehellene er usikkert. Dei 4 kistene som er knytt til samling C og E får desse måla på sine breiaste endar, sett nedanfrå og opp på fig. 31: 45 cm, 40 cm og 50 cm. Den øvste kista er noko usikker. I fig. 31 har eg plassert kista i direkte relasjon til båten, noko som gjev ei bredde på ca 65 cm. Dette føreset at ein overskytande del av dekkhella har vore utanfor kammeret. At dekkhella er større enn sjølve kammeret er ikkje uvanleg i bronsealderkister. Ein finn døme på dette i kiste i røys 4 på Todnes-Holan (Rygh 1906:7) og kiste i haug på Storesund, Karmøy (Myhre 1998:214). Om ein føreset at kista har gått i eitt med dekkhella, får kista ei breidde på opp mot 90 cm (stipla linjer). Fig. 32 syner det same for samling D og G samt fragment som har blitt knytt til desse. Nedanfrå og opp får kistene om lag desse breiddene: 60 cm, 60 cm, 50 cm og 60 cm.

Vi veit ikkje kor mange det var av dei tjukkare hellene som danna kortsidene i kammera. Eg har difor berre markert desse med tjukkare grå linjer. Vi får vite at overliggarane kvilte oppå desse hellene (Christie 1847). Dersom ein går ut frå at det var udekorerte parti i nedkant av båtane som på fragment B1a/B5a, og at desse kvilte på dei tjukke hellene, kan båtane så vidt ha vore på kammeret si innside. Fragmenta G2, 3 og 7 har eit større parti med udekorert flate over dekoren. Dette kan likeeins ha kvilt på hellene. Lengda på kammera i fig. 32 vil då ha vore minst om lag 115 cm. På fig. 31 er dette vanskelegare å fastslå fordi dei øvste fragmenta ikkje har noko klar avslutning i dekoren. Føresett at toppen av E1 er nær ei slik avslutning, vil lengda på desse kistene ha vore om lag 125 cm.

Trapesforma kammer, slik dei er presentert i figurane 31 og 32, får som konsekvens at det vert trekanta avlange opne rom mellom kvart kammer. I følgje funnopplysingane frå Christie (1847) skal det ikkje ha vore opne rom mellom kistene. Føreset ein at det berre var ei sidehelle mellom kvar kiste, får dette som konsekvens at kammeret totalt sett har hatt ei krumma form. Eg ser det som lite truleg, på grunnlag av dei bevarte fragmenta, at anlegget kan ha vore bygd slik. I staden må ein tru at det var to heller mellom kvar kiste. Dei opne romma kan ha vore fylt med stein for å støtte opp sidehellene. Det er samstundes noko mistenkeleg med måten dette vert omtala hjå Christie. Opplysinga kjem først etter Christie sin omtale av dei åtte kistene, og i samband med omtalen av sjølve hellene. Ordlyden i setninga er slik: "Endestykkerne vare lange, af tykkere og fastere Stene, der stode på Enderne neddrevne i Sanden, paa hvilken Overliggerne laae, uden at der var aabne Rum imellem Kisterne" (Christie 1847). Det er noko ulogisk å plassere denne opplysinga saman med hellene. Føreset ein derimot at dette reflekterar korleis anlegget fortona seg *før* dekkhellene vart løfta av, får det meining i høve til mine resultat.



*Figur 31. Samling C og E som dekke over 4 av kistene. Motiva sett i relasjon til kvar enkel kiste. Den øvste kista er her føresett å berre omslutte båten. Dersom ho har strekt seg heilt til kanten av den øvste hella, har ho ei breidde på ca 90 cm. I tråd med opplysingar hjå Christie (1847) er den eine kortenden breiare enn den andre. Vinkelen på kanten heilt nedst på samlinga tyder på at båtane representerar den breiaste enden. Satt saman etter foto av siloprenavstøyping (copyright Bergen Museum). Båtane er teikna inn.*




*Figur 32. Samling D og G m. fl. som dekke over dei fire andre kistene. Også her er det føresett at kistene har vore breiare i den eine enden som opplyst av Hagerup. Hellene som har ristningar på begge sider (jf. fig. 33) er plassert nedst. Båtane er teikna inn. Satt saman etter kalkeringar ved Gro Mandt, copyright Bergen Museum.*




***Figur 33.*** *Figurane på B1b, B5b og baksida av F1-3 har vore plassert i enden av hella fig. 32. Øvst B2b og B4b som ikkje kan plasserast korrekt i lengderetninga (pila), men ved hjelp av bla. spegelvendte fragment kan ein relatere desse figurane i riktig høgdeavstand til dei andre figurane. Figuren viser også korleis ristningane har vorte sett dersom båten har vore styrande for synsstad. Til høgre er fragment B2a/B4a, F1-3 og B1a/B5a spegelvendte og lagt nedtona i bakgrunnen slik at relasjonen mellom figurane på båe sidene av hella kjem fram. Satt saman etter kalkeringar ved Gro Mandt, copyright Bergen Museum.*

Fragmenta med dekor på begge sider vil, med unntak av B3 som er for skadd til å kunne relaterast til andre fragment, plassere seg på den oppvendte sida av dekkhella på fig. 32. Fordi det er identifisert ein tildanna kant på fragment B5 og F1 kan ein fastslå at figurane på B1b, B5b samt baksidene til F1-3 vil vere plassert i eine enden av denne dekkhella. For figurane på B2b og B4b kan ein ikkje vite nøyaktig kvar på hella dei har vore plassert. Ved hjelp av linjene i dekoren kan ein likevel relatere sistnemnte figurar i høve til dei andre når det gjeld høgda (fig. 33).

## Kapittel 4

# Beinmaterialet - brent eller ubrent?

Beinmaterialet frå Mjeltehaugen er diverre ikkje lenger bevart. Skal ein kome fram til korleis det er rimeleg å tru at lika har vore handsama, er difor ei tekstanalyse ein mogleg framgangsmåte. I dette kapittelet tek eg for meg alt tekstmateriale eg har kjennskap til som omhandlar dei tre episodane i funnet si framkomst, og der beinmaterialet er nemnt. Dette gjeld kjeldene frå Christie, Henrichsen og Lorange, men også oversyn over innsendt og katalogisert materiale ved Bergens Museum. Eg vil fokusere på følgjande spørsmål: Korleis vert beinmaterialet skildra på dei ulike tidspunkta? Har beina vorte teke vare på etter at dei vart grave fram? Korleis vert beina skildra i seinare magasingjennomgangar?

I følgje Christie skal Hagerup ha hevda at beina låg "i den fine Sand under Overliggerne" (Christie 1847). Beina vert vidare omtala som brente. Kjevebein og andre delar av hovudskall*ar* (sic) vart identifisert blant beina. I tillegg nemner Christie at det låg oske i kistene (*ibid.*). Den vidare lagnaden til beina er usikker. Ein har riktig nok ei katalogisering av Mjeltehaugfunnet i tidskriftet Skirner[1], der det står at museet har mottatt frå "Hagerup, Christopher, proprietair, forskjellige steenfliser af hellekister med indhuggede forsiringer, og Cranium med Laar og Læggebeen af Mennesker, alt fundet i en Gravhøj paa Giskøe" (Skirner 1848:20), men det er usikkert om dette verkeleg er beinmateriale frå Mjeltehaugen. Den 3. juli 1847, altså dagen før Christie undersøkte Mjeltehaugfunnet, undersøkte han eit jarnalderfunn (B719–B727) frå gården Staurnes, nord på Giske. Her fann Christie eit kranium samt "*et laar- og et Lægbeen*, der toges i Forvaring" (Christie 1847). Det har ikkje lukkast meg å etterspore kraniet i seinare katalogiseringar av Staurnes-funnet. Gjenstandsmaterialet er katalogisert, men noko kranium er ikkje nemnt (Lorange 1875; Fett 1950). Det er difor grunn til å vere skeptisk til at beinmaterialet som er nemnt i Skirner verkeleg kjem frå Mjeltehaugen. I beste fall var berre delar av det materialet som er nemnt frå Mjeltehaugen. Det faktum at beina i Skirner vert omtala som om dei stammar frå

1) Av tidsskriftet sin undertittel framgår det at Skirner var "et Quartalsblad, indeholdende Meddelelser fra det Bergenske Museums Direction til Museets Medlemmer og Velyndere". Det er ikkje oppgitt nokon redaktør eller forfattar for tidsskriftet.

*fleire* individ, medan grava på Staurnes berre inneheldt eit individ og som Christie attpåtil berre samla inn *eitt* lår- og *eitt* leggbein frå, kan tyde på det. Når Lorange over 30 år seinare hevdar å ha mottatt ei munnleg meddeling frå Hagerup om at det vart observert lårbein i samband med dei dekorerte kistene (Lorange 1879:26), må vi dermed også ta omsyn til at Hagerup kan ha sett Staurnes-grava og blanda saman observasjonane herfrå med Mjeltehaugen.

Også Henrichsen fann bein ved si graving i 1867. Han omtalar dei som ”smaa Benstumper” og identifiserar ”et lide Stykke af et Menneskes Hjerneskal” (Henrichsen 1867b). Dei verkar ikkje å vere funne i urøyrt kontekst. I eit seinare brev same år skildrar Henrichsen (1867d) korleis beina er lagt i kassane som står klare til å verte skipa til Bergen. Henrichsen nemner ikkje om beina var brente eller ubrente. I *Foreningen til Norske Fortidsmindesmerkers Bevaring* si årsberetning for 1868 (Ab. 1868) er det publisert ei katalogisering av Henrichsen sine funn. Forutan hellefragmenta er her nemnt ”Nogle Brudstykker af en Lerurne og *brændte Ben*” (Ab. 1868:88, mi uth.). Beina har altså kome fram til Bergen, og der har dei vorte identifisert som brente. Det har ikkje lukkast meg å finne ut kven som stod for denne katalogiseringa.

Neste omtale av beinmaterialet finn ein i Anders Lorange sin katalog over heile inventaret i Bergens museum sine samlingar fram t.o.m. 1874. Under Mjeltehaugen vert berre ”brændte Ben” nemnt (Lorange 1875:107). Det går ikkje fram om dette er basert på Lorange sine eigne observasjonar av materialet eller om Lorange baserar seg på eldre skrivne kjelder.

Tre år etter utgjevinga av katalogen fekk altså Lorange sjølv høve til å grave i Mjeltehaugen. *Alt* beinmateriale han no finn i haugen avgjer han som brent (Lorange 1879:26). Det dreier seg om små bitar, og dei har tydelegvis ikkje lete seg anatomisk identifisere (*ibid.*). Han konkluderar med at desse må knytast til dei to spennene frå romartid. Utsegna frå Christie om brente bein i tilknyting til dei dekorerte hellene, meinar han må vere feil. Som argument vert det vist til den anatomiske identifiseringa frå Hagerup si side (Christie 1847), og at Hagerup ved eit seinare høve skal ha sagt ”at Laarbenene laa paa sin Plads” (Lorange 1879:26).

I Per Fett sin serie *Førhistoriske minne på Vestlandet* (Fett 1950) vert beinmaterialet omtala som ”beinstumpar”. Det vert ikkje sagt noko om dei er brente eller ikkje. Fett meiner at dei må høyre til romartidsgrava. Ser ein dette opp mot Fett sin generelle tilslutnad til Lorange sin versjon av Mjeltehaugen (jf. *ibid.*), er det truleg at beina Fett har observert har vore brente.

Av dette kan ein så langt oppsummere:

- Bein har blitt observert ved alle tre utgravingane. Med eit atterhald for 1847, ser det også ut til at beina har blitt sendt inn til museet.

- Ved alle tre høva har anten utgravar eller katalogførar av funna omtala beina som brente.

- Ikkje ved eit einaste høve har dei som har utgrave og/eller katalogisert funn frå Mjeltehaugen *positivt* vist til at det er observert ubrente bein i funnmaterialet.

Lorange si omtolking av beina frå gravanlegget byggjer difor i sterk grad på dei indisia han argumenterar for ut frå opplysingane i Christie sin rapport. Når tekstgjennomgangen min viser at det vart sendt inn bein frå begge dei tidlegare utgravingane og at desse er dokumentert tilstadeverande i Bergens Museum sitt magasin berre 3-4 år før Lorange grov ut og diskuterte Mjeltehaugen, er det grunn til å spørje seg kvifor han ikkje trekte desse inn i diskusjonen. Det er all grunn til å tru at i alle fall beina frå Henrichsen si graving må ha vore i magasinet på denne tida.

## Osteologi om brente bein

Det er ikkje støtte i osteologien for at brente bein ikkje let seg anatomisk identifisere (Sigvallius 1994; Holck 1996; McKinnley 1997:131). Osteologiske eksperiment syner at bein som er kremert på open eld utandørs vil vere relativt uforandra etter at elden har slokna. For at dei skal bli fragmentert til det "ukjennelege", må dei gjennomgå ein knuseprosess etter sjølve kremasjonen (Holck 1986:44f; Sigvallius 1994:27f). Kvernsteinar, funne i graver, kan ha vore reiskapar som har blitt nytta i denne prosessen (Kaliff 1997:88f). Det er fleire dømer frå den arkeologiske litteraturen på at brente bein har vorte anatomisk identifisert (t.d. Magnus & Myhre 1970; Kaul 1998:45 m. anv. litt.)

Per Holck (1996:46ff) har laga ei oversyn over kva delar av skjelettet som vanlegvis let seg identifisere etter ein kremasjon. Han meinar desse skjelettdelane har ein større motstandskraft mot varmepåverknad enn andre. Oversikta er basert på arkeologisk beinmateriale slik at identifiseringa også inkluderar eventuelle bein som har gjennomgått ein knuseprosess.

Trass i at beinet som omsluttar hjernen er relativt tynt og lite verna, er gjenkjennelege restar (5-6 cm store skår) av denne vanleg å finne. Dette heng saman med at sjølve hjernen og hjernespinalvæska har isolerande verknad. Delar av nakkebein er også vanleg å finne. Det same gjeld kjevebein. Pannebein vert skildra som relativt lett identifiserlege. At ryggraden ofte er mindre brent enn andre bein etter ein kremasjon, meinar Holck (*ibid*.:46, 110ff) kan skuldast kroppen sin posisjon ved kremering. Brystbein, ribbebein, krage- og skulderbein er svake og dårleg verna bein, og er sjeldan identifiserlege etter kremasjonar. Over- og underarmsbein finnast relativt ofte, men då knekte i eit par cm lange "rør". Trass i at bekkenbein er robuste, finnast berre sjeldan større delar av desse bevart etter kremasjonar. Fragmenter av lår- og leggbein er vanleg å finne (*ibid*.:46ff). Også Simon Mays (1998:213f) nemner kjevebein og delar av hovudskallen som lett identifiserlege.

Vi ser at alle dei anatomisk identifiserte beina frå Mjeltehaugen (kjevebein, delar av hovudskallar og kanskje lår- og leggbein) er bein som ofte vil verte etterletne i identifiserleg stand etter ein kremasjon. Dei sjeldan identifiserlege beina har aldri vorte nemnte i samband med Mjeltehaugen.

Eg meiner denne rekka av indisium peikar i retning av at beina i tilknyting til dei dekorerte hellene var kremerte. Eg har vist at identifiserte skjelettdelar ikkje står i noko motsetnadsforhold til kremasjon. Vidare at Lorange ikkje har ytt eldre kjelder og tidlegare innsamla materiale den rettferda dei burde hatt. Kremasjonshypotesen passar også bra med rekonstruksjonen av kistene, då desse neppe har vore lange nok til å romme vaksne individ i utstrakt positur. Vidare skulle oska som vart observert i 1847 indikere kremasjon. Då Lorange grov ut mesteparten av haugen fann han at sanden umiddelbart under den påbygde haugen var farga raudbrun etter varmepåverknad (1879:24). Han konkluderte med at her "engang havde været tændt et mægtigt Baal" (*ibid*.). Eit kremasjonsbål?

## Dei kremerte beina – haldepunkt for datering?

Dei fleste kremasjonsgraver inneheld knuste bein, men graver med uknuste bein førekjem også. Sistnemnte er i følgje Sigvallius (1994:29), som baserar seg på svensk materiale, i første rekkje eit fenomen ein finn i bronsealder og førromersk jarnalder. I eit gravanlegg (skipssetting) frå Hudene i Vestergötland viser Tore Artelius (1994:37ff) til at det fans store brente bein i den primære grava som vart C14-datert innanfor eit tidsrom som svarar til periode II: "Dessa var av en helt annan karaktär än de i den yngre urnegraven i skeppet. De var "rena", mindre brända, inte alls sotiga, och dessutom större" (*ibid*.). Eg vil poengtere at dette truleg dreier seg om ei tidleg kremasjonsgrav i bronsealder.

Arnulf Østerdal (1999:64) har peikt på kronologiske endringar i kremasjonsgravskikken i bronsealdersmaterialet frå Sunnhordland. I hans materiale opptrer kremasjonar frå og med periode III. I dei tidlegaste gravene opptrer både bålrestar og kol. Dette kan tyde på at beina ikkje er reinsa etter kremasjonsbålet. Gravurner opptrer i materialet frå periode V, og no er beina reinsa for bålrestar. Østerdal tolkar reinsinga av beina som eit uttrykk for at fokuset i større grad vert lagt på sjølve kremasjonsritualet (*ibid*.). Ein kunne spesifisert dette nærare og hevda at dette er uttrykk for eit større fokus på behandling av beina *etter* at sjølve kremasjonen er over (knusing og reinsing).

Om beina i Mjeltehaugen kan vi truleg hevde følgjande: Sidan finnarane klarte å identifisere fleire av dei, og sidan det vart observert oske i samband med dei kan det tyde på at beina i liten grad var utsett for behandling etter at kremasjonsbåla var sløkt. Dersom knusing har inngått, har det ikkje blitt utført på alle beina. Førekomsten av oske i kistene kan peike på at ein i liten grad har fokusert på å skilje bålrestar frå beina. At dei har vore plassert i urne då dei vart sett ned i kammera, ser eg som lite truleg. Det er riktig nok kome inn to keramikkskår frå haugen. Desse vart ikkje observert då kistene med dei dekorerte hellene vart opna, og kan ha hamna i haugen tilfeldig. Samanlikningsgrunnlaget som er trekt inn til no er for lite til å dra ein endeleg konklusjon. Spørsmålet om dateringa til kistene vert i det følgjande teke opp til diskusjon.

Kapittel 5

# Kulturhistorisk kontekst

## Faghistorisk tilbakeblikk

Med Eyvind de Lange sin artikkel frå 1912 vert Mjeltehaugen sett inn i samanheng med dei til då kjente dekorerte hellene funne i gravkontekst i Noreg. Forutan Mjeltehaugen reknar han opp Rege, Møklebust, Bore, Auglænd, Anda, Tjøtta og Re frå Jæren. Dei tre siste består utelukkande av skålgropmotiv. Vidare Skjøllingstad frå Karmøy (fig. 34), Steine frå Byneset ved Trondheim (fig. 35) og Virik frå Vestfold (de Lange 1912). de Lange meinar at alle dei dekorerte gravhellene er frå *eldre bronsealder* trass i at Rege er den einaste som let seg direkte datere (til per. II) ut frå daterande funn i tilknyting til hellene (*ibid.*:25ff). Skjøllingstadhella har skråstrekar i fiskebeinsmønster, og radiære halvsirklar til felles med motiva på Mjeltehaughellene. Etter funnopplysingane skal denne vere funne som dekkhelle over ei grav som inneheldt eit leirkar med brente bein. Opplysingane tyder på ei yngre datering, men de Lange (*ibid.*:29) meiner den må vere funne i sekundær kontekst og at den opphavleg har vore ein bautastein i ein eldre bronsealdershaug. de Lange (*ibid.*:31) knyt ornamentikken på dei dekorerte hellene til ein generell mykensk påverknad på nordisk bronsedekor. Spiralen, som ein den gång kjente frå bronsene frå Regehaugen, men ikkje på nokon av dei dekorerte gravhellene, synast å vere eit "ledemotiv" for de Lange (jf. *ibid.*:25). de Lange synast ikkje å vere klar over spiralfiguren på Regehella (jf. Syvertsen 2003:156).

Johs. Bøe (1942) sitt utgangspunkt er *monumentet* Mjeltehaugen. Bøe tek for seg 5 store gravmonument plassert på 5 ulike øyar på Ytre Sunnmøre: Mjeltehaugen på Giske, Oshaugen på Hareidlandet, Ellefsrøysa på Godøy, Valderhaugen på Valderøy og Stølshaugen på Vigra. Trass i mangel på funn som gir direkte datering, plasserar han alle i eldre bronsealder. På bakgrunn av distribusjonen av storhaugane foreslår han ein samfunnsmodell der haugane representerer sosiale einingar som var naturleg geografisk avgrensa av kvar si øy (*ibid.*:187ff). Den økonomiske basisen tenkjer han seg ligge i nærleiken til rike marine ressursar, jordbruk og den geografiske lokaliseringa på eit punkt der kystleia snevrar seg inn. Særleg på siste punkt dreg han samanlikningar til Karmøy/Karmsundet og dei mange gravfunna frå eldre bronsealder der (*ibid.*:175). Bøe gjer med dette eit forsøk på å knyte Mjeltehaugen til ein lokal kontekst. Ettertida



**Figur 34.** *Dekorert helle funne som dekke over grav med leirkar med brente bein på Skjøllingstad, Karmøy. Hella er 74 cm lang og 38 cm brei (Myhre 1998:213f). Reknar ein funnkonteksten som primær, og ikkje sekundær som de Lange hevda, synast ei datering til yngre bronsealder truleg (ibid.). Figur etter Fett & Fett (1941).*

har likevel synt at han har bomma på den tidsmessige plasseringa av modellen sin. Dei fleste av gravmonumenta som Bøe legg til grunn har gjennom nyare undersøkingar vist seg å stamme frå eldre jarnalder (sjå Lavik 1969; Hagen 1973; Fasteland 1996). Undersøkingane har ikkje hatt direkte konsekvensar for dateringa av Mjeltehaugen, og saman med Oshaugen er denne den einaste som framleis står att som *mogleg* bronsealdermonument av dei fem.

Sverre Marstrander (1963, 1978) har eit særs vidt perspektiv både i tid og rom i diskusjonen om parallellar til motiva på Mjeltehaughellene. Han trekk inn funn frå store delar av kontinentet, dreg linjer attende til båtavbildingar på nordeuropeiske veideristningsfelt og endar opp med å datere Mjeltehaugen til periode I av bronsealderen. Marstrander trekk ei typologisk samanlikning mellom båtar frå veideristningstradisjonen og båtane på Mjeltehaughellene (Marstrander 1963:68ff & fig. 20). Dette ser han som ein indikasjon på at Mjeltehaugbåten tilhøyrer eit tidleg steg i utviklinga av bronsealderbåtane




**Figur 35.** *To dekorerte fragment av gråblå skifer frå Steine i Trondheim. A og B er ulike sider av same fragment og skal vore funne tilfeldig ved jordarbeid. Fragmenta skal ha inngått som dekkhelle i eit gravkammer (Marstrander & Sognnes 1999:24f). Kalkering ved S. Marstrander (omarbeida etter ibid.:fig. 14). Merk dei loddrette strekane med avsluttande grop på fragment C. Figuren omarbeida etter Marstrander & Sognnes 1999:fig. 14.*

(*ibid.*:72). Viktig her er Marstrander sitt fokus på å utleie konstruksjonsdetaljar på dei verklege båtane frå båtristningane (*ibid.*:79ff). Han finn at Mjeltehaugbåten må ha vore ein særs dårleg sjøbåt sidan dei tilnærma loddrette stamnane er lite gunstige når bølgjer bryt mot båten. Han foreslår at dette er grunnen til at båttypen har ei relativt beskjeden opptreden blant ristningane, og at typen derfor kanskje kan "katalogiseres som en av de feilslagne, eller i hvert fall mindre vellykkede forsøk bronsealderens skipsbyggere gjorde på å skape et sjødyktig fartøy" (*ibid.*:137).

Dei kontinentaleuropeiske impulsane trekk Marstrander inn i samband med den lineære dekoren på Mjeltehaughellene. Han meiner for det første at desse dekorasjonselementa var framande for bronsealder, og at dei difor berre kan forklarast som arv frå neolitiske stilgrupper (*ibid.*:319, 325). Mangelen på spiralornamentikk tek han til inntekt for manglande tilknyting til stilelement frå periode II og III av bronsealder (*ibid.*:325). Han viste til ornamentikk knytt til den spanske og mellomeuropeiske klokkebegerkulturen, og tek både den strenge lineære inndelinga og dekorelementet "tannsnitttmønster" til inntekt for eit indirekte samband her (*ibid.*:319). Når det gjeld dei andre lineærdekorelementa peikar han på dekor knytt til stridsøkskulturen, og særleg materiale frå dei austdanske øyane. Her er bølgjedekor av liknande karakter som bølgjedekoren på Mjeltehaughellene eit mykje nytta dekorasjonselement, særleg på keramikk (*ibid.*:319ff). Marstrander (*ibid.*:322f) gjer vidare merksam på to dekorerte gravheller frå Tyskland; Göhlitzsch-grava ved Merseburg (avbilda i Sherratt 1998:188) og Dölauer Heide ved Halle, begge knytt til stridsøkskulturen. For å forklare tilhøvet mellom det mellomneolitiske materialet og Mjeltehaugen postulerar Marstrander ein invasjon frå det øydanske stridsøksområdet nordover til Noreg (Marstrander 1963:321). Vidare skal dekorelementa ha overlevd på nordvestlandet fram til tidleg bronsealder slik at dei er å rekne som stilhistoriske retardasjonsfenomen (*ibid.*:325). Samstundes innrømmer Marstrander at tolkinga "forutsetter en utvikling som ikke i sin helhet kan følges i materialet" (*ibid.*:324).

Seinare peikar Marstrander (1978:58) ut Elbe – Vest-Jylland – Sørvest-Noreg som ein mogleg kontaktkjede. Han trekker i same samanheng yngre dekorerte heller frå kontinentet, til dømes hella frå Illmitz i Austerrike (sjå Willvonseder 1938), inn i diskusjonen kring dei vestnorske og trønderske dekorerte gravhellene. Illmitz-hella daterast til Hallstatt A, samtidig med periode IV i nordisk bronsealder (Marstrander 1978:57f). Ein mogleg samanheng med vesteuropeisk megalittisk kunst vert også diskutert i det Marstrander rettar merksemda mot dei seine passasje- og gallerigravene i Bretagne og Armorica, som framleis synast å ha vore i bruk seint på 2000-talet BC og eit stykke inn i bronsealder (*ibid.*:63ff). Her opptrer motiv som Marstrander ser i samanheng med dei radiære halvsirklane med gjennomskjerande linjer som opptrer på Mjeltehaugen-, Skjøllingstad- og Steine-hellene (*ibid.*:58ff, fig. 3 & 9). Vidare opptrer det innan den vesteuropeiske megalittiske kunstkretsen ein del figurar som *kan* ha meint å avbilde båtar (*ibid.*:65, fig. 11).







***Figur 36 (venstre).*** *Hellefragment av skifer med del av båt frå Skjervoll i Skatval. Funnet i eine langveggen i eit ca 2 m langt gravkammer av reiste heller som inneheldt ubrente bein. Kammeret var plassert i sørkanten av ein lav og ganske vid haug av grove kuppelsteinar. Ingen av dei andre hellene i kammeret skal ha hatt figurar (Marstrander & Sognnes 1999:65f). Kalkering ved S. Marstrander, etter Marstrander og Sognnes 1999:fig. 96.*

***Figur 37 (høgre).*** *To samanhøyrande hellefragment funne i ei 60 m lang og 12 m brei langrøys på Rishaug i Agdenes kommune. Fragmenta kom fram i samband med at tyske soldatar gjorde seg nytte av røysa under krigen. Berre desse to fragmenta vart tekne vare på. Opplysingane er elles sparsame (Marstrander & Sognnes 1999:17ff). Kalkering ved O. Farbregd, etter Marstrander & Sognnes 1999: fig. 4.*



***Figur 38.*** *Marstrander si skjematiske samanlikning mellom helle frå gravkammer i Göhlitzsch, Tyskland (til venstre) og Mjeltehaugen (til høgre). Ein ser at dei har skråstrekar/fiskebein og sikksakklinjer sams i dekoren. Marstrander hevda desse hadde så vidt mange dekortrekk til felles at "de vanskelig kan forklares om man ikke antar at det foreligger en kultursammenheng" (ibid.:323). Etter Marstrander 1963:fig. 73.*



***Figur 39.*** *Det lineære motivet frå Leirfall III felt D er kanskje den mest interessante av dei parallellane Gro Mandt (1983) trekk fram frå helleristningsfelt i friluft. Motivet har både dei tredoble bølgjene og dei loddrette linjene med rund avslutnad til felles med Mjeltehaughellene. Båten sin typologiske likskap med Mjeltehaugbåten og nærleiken til det linjære motivet på ristningsflata styrkar argumentet om eit samband med motiva på Mjeltehaughellene Foto: Trond E. Linge.*

Marstrander knyt på denne måten dei vestnorske og trønderske gravhellene opp mot diskusjonen om vesteuropeiske impulsar i vestnorsk ristningstradisjon (sjå også Fett & Fett 1979), og antydar at dei dekorerte gravhellene må forklarast som ein kombinasjon av sentral- og vesteuropeiske impulsar med heimlege tradisjonar (Marstrander 1978:66).

Gro Mandt (1983,1991) er samd med Marstrander når det gjeld dateringa til periode I (Mandt 1983:19), men distanserar seg frå invasjonspostulatet til Marstrander i det ho ser lineærdekorasjonen i lys av felles kulturelle trendar i større delar av Europa i neolitikum og bronsealder (*ibid*.:28, Mandt 1991:275). Relevansen til Marstrander sine parallellar vert altså oppretthaldne. Ho rettar også søkjelyset mot liknande lineære motiv på helleristningsfelt i friluft i Vest- og Midt- Noreg som Buøy i Rogaland (sjå Fett & Fett 1941:Pl. 31B) og Leirfall i Stjørdal (sjå fig. 39), utan at desse gjev nokon dateringsindikasjonar i seg sjølve (Mandt 1983:22f).

I doktorgradarbeidet hennar (Mandt 1991) vert Mjeltehaugen kontekstualisert innanfor det vestnorske tilfanget av jordbruksristningar. Dateringsarbeidet (Mandt 1991:269ff) gjer at Mjeltehaugbåten vert etablert som eit fastpunkt i båtkronologien og vert rekna å tilhøyre "eldste del av bronsealder, og med muligheten åpen for en enda tidligere datering" (*ibid*.:275). Innan båttypologien får Mjeltehaugtypen nemninga A1, som vert definert:

> *"TOLINJET BÅT MED VINKLET STAVNOVERGANG*
>
> *Begge øvre stavnlinjer fortsetter rett opp fra de ytre bindelinjene og danner tilnærmet rette vinkler med relingslinjen" (Mandt 1991:48).*

I Sogn og Fjordane opptrer denne båttypen på følgjande felt: Krabbestig i Vågsøy kommune (fig. 40), Domba i Flora kommune, Leirvåg (felt I & III), Mjåset I og Unneset III i Askvoll kommune (*ibid*.:334f, sjå også Wrigglesworth 2000). På Sunnmøre er ikkje båttypen kjend utanom i Mjeltehaugen. Desse felta vert dermed plassert tidleg i den vestnorske kronologien over jordbruksristningar (Mandt 1991:334f).

Jostein Aksdal (1996:100ff) går inn for ei datering til seinneolitikum, nærare bestemt SN II (*ibid*.:105). Han nyttar seg utelukkande av Lorange (1879) som kjelde for opplysingar frå utgravingane på 1800-talet, og legg følgjeleg til grunn at det var ei ubrent primærgrav i eit stort kammer i botnen av haugen (Aksdal 1996:101). Han peikar på at haugen kan ha vore utbygd først i samband med sekundærgrava frå romartid, noko som vil gje kammeret preg av eit typisk seinneolitisk hellekistekammer (*ibid*.). Vidare diskuterar Aksdal (*ibid*.:102ff) den lineære dekorasjonen både i relasjon til keramikk frå neolitikum og bronsegjenstandar. Han rettar søkjelyset mot lineær inndeling av dekorerte felt på ein del tidlege bronsealdersgjenstandar, mellom anna Fårdrupøksar, men synast å leggje hovudvekta på bølgjeornamentikken. Desse "sterkt



***Figur 40.** Utdrag av helleristningsfeltet Krabbestig på Husevågøy i Vågsøy kommune. Krabbestig er det feltet med A1-båtar som ligg nærast Giske geografisk. Kalkering (utan målestokk) ved E. Bakka (etter Mandt 1991:fig. 12.42), Copyright Bergen Museum.*

svungne kurvene" finn ein ikkje på bronsegjenstandar, hevdar han, men opptrer på seinneolitisk keramikk (*ibid.*:103).

Eg kan ikkje sjå at det er noko hald i materialet for at kisteanlegget har stått eksponert i dei vel 2000 åra mellom SN II og eldre romartid. Hypotesen kunne hatt noko for seg om ein til dømes hadde rapportar om gamal vegetasjonsoverflate i overgongen mellom den naturlege undergrunnen og den påbygde røysa og jorddekket. Lorange (1879) gjengjev etter måten grundige observasjonar på dette punktet (til dømes forskjellar i fargenyansen på sanden), og det er ingenting som tyder på at området som vart dekka av haugen har grødd att etter at kisteanlegget kom på plass.

## Diskusjon

Som vi ser famnar både føreslegne kulturimpulsar og dateringar av Mjeltehaugen vidt. Sams for forskarane som har vorte presentert her er at dei plasserar Mjeltehaughellene i eldre bronsealder eller i sluttfasen av neolitikum. Motpolane til desse er representert ved dei som har peika på at hellene kan vere samtidige med dei to romartidsspennene (Lindqvist i Fett & Fett 1941:141; Althin 1945:175; Lavik 1969:146ff). Innvendingane deira tek særleg utgangspunkt i at utgravingane ikkje er profesjonelt utført, men ingen går så langt som å *fastslå* ei romartidsdatering. Lavik (1969:150f) har dessutan peika på visse parallellar innan dekor på keramikk frå romartid. Eg vil seinare søke eit breiast mogleg utgangspunkt for dateringa av hellene og vil då kome attende til "romartidssporet".

Diskusjonen om datering har til ein stor grad teke utgangspunkt i ristningsmotiva på hellene. Eg meiner likevel at det går eit skilje i kva for parallellar som har vore rekna som relevante. Dette brotet skjer med Sverre Marstrander og hans insistering på at dei lineære motiva er framande for bronsealderen. Både for Lorange (1879) og de Lange (1912) var dekoren viktig for tidfestinga. Desse hadde likevel ingen problem med å hente sine parallellar innanfor den nordiske bronsealderen si motivverd.

Når Marstrander finn det naudsynt å trekkje inn det materialet han gjer for å i det heile forklare Mjeltehaugen, oppstår ei rekkje problem. For det første gjeld dette relasjonen mellom analogiane som vert trekt inn og Mjeltehaugen. Marstrander innrømmer sjølv at postulatet om ein invasjon frå Søraust-Danmark til Vest-Noreg i mellomneolitikum har lite støtte i anna materiale (Marstrander 1963:324). Det store tidsspennet er også problematisk og kan vanskeleg løysast ved å vise til "stilhistorisk retardasjonsfenomen". Anders Hagen seier i sin kritikk at "ranging so far in time and space in order to place an isolated Norwegian find (…) cannot be defended methodologically" (Hagen 1970:107).

Argumentasjonen til Marstrander plasserar han innanfor det kulturhistoriske paradigmet (jf. Trigger 1989:148ff; Olsen 1997:31ff). I følgje både Bruce Trigger (1989:151) og Bjørnar Olsen (1997:38) var trua på at innovasjonar generelt skjer ein gong og ikkje uavhengig av kvarandre fleire stadar, grunnleggande for forståinga av det arkeologiske materialet innan paradigmet. Innovasjonane vart gjerne tilskreve spesifikke "kulturar" i forståinga etniske grupper. Migrasjon og diffusjonisme stod difor sentralt i forklaringsmodellane for endring i det arkeologiske materialet (Trigger 1989:154; Olsen 1997:125ff). Dette gjev ei forståing for kvifor Marstrander fann dei mellomneolitiske parallellane relevante trass i at han ikkje fann støtte for det i anna materiale. Det forklarar også kvifor han ikkje valte å la den manglande støtta i anna materiale overstyre "parallellprova" slik at dekoren på Mjeltehaugen til dømes kunne ha eit sjølvstendig og meir lokalt opphav. Olsen (1997:33) er ueinig med Trigger (1989:151ff), som hevdar at evolusjonismen ikkje var sentral i den kulturhistoriske arkeologien sine forklaringsmodellar. Eg meiner ein evolusjonistisk synsmåte er til stades i Marstrander (1963) sin diskusjon om Mjeltehaugbåten. At båten som "verkeleg

båt" skulle vere lite sjødyktig burde heller vere eit argument for at det ikkje er verklege båtar som er avbilda enn eit argument for ei tidleg datering. Innbyggjarar langs kysten har vore knytt til ferdsel på havet sidan mesolitikum, og at ein ved inngangen til bronsealder skal ha farta rundt i hjelpelause farkostar synast lite haldbart.

Marstrander sin dateringsmetode baserar seg på to slutningar. For det første ligg ei *typologisk slutning* til grunn for å knyte båttypen på Mjeltehaughellene til båtar innanfor "veidekunsten". Dette aspektet kjem eg attende til. Her vil eg diskutere nærare den slutninga som ligg til grunn for parallellføringa med det kontinentale neolitiske materialet. Denne kan kallast ei *analogislutning* fordi den går ut frå at likskap på eit punkt (ristningane i Mjeltehaugen og ulike formar for neolitisk dekor), også betyr likskapar på andre punkt (at det er ein samanheng mellom det ulike materiale, og at dette har konsekvens for dateringa). Ian Hodder sin diskusjon om analogi i boka *The Present Past* kan forståast som eit forsøk på å gjere analogiomgrepet anvendeleg igjen etter at det hadde vorte avvist som uvitskapleg av enkelte prosessuelt orienterte forskarar (Hodder 1982). Hodder skil mellom *formelle* og *relasjonelle* analogislutningar. Desse to formane må forståast som ytterpunkt langs ein kontinuumsakse. I den formelle enden ligg slutningar av typen 'likskap på eit punkt betyr likskapar på andre punkt', og det var denne typen slutningar det kulturhistoriske paradigmet vart kritisert for av prosessuelt orienterte forskarar. Hodder på si side meinar at formelle analogiar kunne styrkast og gjerast sannsynlege ved å "seek to determine some natural or cultural link between the different aspects in the analogy" (*ibid.*:16). På dette punktet sviktar etter mitt syn Marstrander sin metode. Han klarar ikkje å knyte anna materiale til analogien som kunne gjort det sannsynleg at det var ein samanheng mellom det kontinentale neolitiske materialet og ein bronsealdershaug på nordvestlandet. Med grunnlag i dette er analogiaspektet i Marstrander sin dateringsmetode det ein i dag, etter Hodder (1982), vil kalle dårleg bruk av analogi.

Gro Mandt (1983) si forståing av Mjeltehaugdekoren som utrykk for felles europeiske trendar i neolitikum og bronsealder, kan truleg forståast på bakgrunn av den reaksjonen den kulturhistoriske arkeologien vart utsett for frå 60-talet av. Det vart no i stor grad stilt spørsmål ved migrasjon og diffusjonisme som forklarande element og vektleggingar av indre faktorar vart i større grad føretrekt (Olsen 1997:132ff). Ho unngår med dette dei problematiske implikasjonane som følgje av tid- og romdifferansen mellom Mjeltehaugen og dei kontinentaleuropeiske parallellane, samstundes som parallellane Marstrander bygde på held på sin relevans.

For Marstrander og Mandt sin del kan det innvendast at ingen av parallellane det vert vist til kan daterast til den perioden dei meinar Mjeltehaugen skal plasserast i. Aksdal (1996) viser derimot til fleire parallellar mellom Mjeltehaugmotiva og dekor på bronsegjenstandar frå periode I, men klarer ikkje å finne bølgjemotivet på bronsane. Eg stiller meg undrande til at mangelen på dette eine motivet skal få dei konsekvensane Aksdal gjev dei. Bølgjemotivet er i følgje Aksdal vanleg dekor på seinneolitiske leirkar i Danmark, og følgjeleg eit argument for seinneolitisk datering av Mjeltehaugen.



***Figur 41.*** *Parallellar til dei lineære motiva på Mjeltehaughellene finnast i materiale frå eldre bronsealder. Til venstre skråstrekar/fiskebein på kam frå eikekiste i Borum Eshøj. Til høgre sikksakkdekor på kam frå eikekiste i Trindhøj. For andre element sjå t.d. Montelius 1917: fig. 960 (rektangulære fordjupingar i sjakkmønster), Kaul 1998: 121 (bølgjer). Dei loddrette linjene med sirkulært punkt som avslutning minner sterkt om mannskapsstrekar på båtavbildingar på helleristningar og bronsar som t.d. Rørbysverdet (sjå t.d. Kaul 1998:fig. 42). Kammane etter Boye 1896:plansje X og XIX.*

Argumentasjonen vert tvangstrøyeliknande og påfører dei førhistoriske aktørane bak materialet strenge rammer for stilistisk utøving. Leirkara som Aksdal syner til (Glob 1945:105; Lomborg 1973:82) er dessutan *mellomneolitiske*. Bølgjemotivet opptrer til liks med alle dei andre lineære motiva på Mjeltehaughellene som dekor på bronsar og/eller anna materiale frå eldre bronsealder (fig.41). Den som set seg ned med illustrerte katalogar over funn frå andre periodar av førhistoria vil truleg også vere i stand til å finne mange av desse motivelementa. Dekoren på Mjeltehaughellene kan difor på mange måtar gis karakteristikkar som "universell" og "generell". Eg vil difor setje spørsmålsteikn ved om det er forsvarleg at dekoren åleine avgjer dateringa av Mjeltehaugen. Dateringa byggjer på eit betre grunnlag dersom fleire faktorar vert trekte inn.

## Ei revurdering av dateringa

I den påfølgjande diskusjonen, der eg vil prøve å kome fram til eit grunnlag for datering, vil eg leggje vekt på å halde meg så langt mot den relasjonelle enden av "analogikontinuumet" som mogleg (jf. Hodder 1982). Med dette meinar eg at så mange trekk ved Mjeltehaugen som overhovud mogleg må trekkast inn i diskusjonen, og at analogiar bør søkjast i førhistorisk materiale som ein på eit rimeleg grunnlag må kunne gå ut frå står i ein kulturell relasjon til nordvestlandet i den aktuelle tidsepoken.

Eg har allereie vore innom ein faktor, nemleg den lineære dekoren på Mjeltehaugen. Det vart vist at denne har analogiar i ei rekkje førhistoriske periodar, og difor er ei

| Periode | Frå | Til |
|---|---|---|
| SN I | 2350 BC | 1950 BC |
| SN II | 1950 BC | 1700 BC |
| EBA Ia | 1700 BC | 1600 BC |
| EBA Ib | 1600 BC | 1500 BC |
| EBA II | 1500 BC | 1300 BC |
| EBA III | 1300 BC | 1100 BC |
| YBA IV | 1100 BC | 900 BC |
| YBA V | 900 BC | 700 BC |
| YBA VI | 700 BC | 500 BC |
| Fr. ja. | 500 BC | 0 BC |
| Eldre romartid | 0 BC | AD 150/160 |

***Figur 42.*** *Kronologisk oversyn frå seinneolitikum (SN) gjennom eldre (EBA) og yngre bronsealder (YBA), førromersk jarnalder (Fr. ja.) til og med eldre romartid. Etter Randsborg (1996), Vandkilde et. al. (1996). Eldre romartid: Lund Hansen etter Solberg (2000:72f).*

rekkje ulike dateringar moglege med utgangspunkt i denne. Andre trekk ved Mjeltehaugen kan trekkast inn i diskusjonen og hjelpe til med å dra denne analogien i retning relasjonell analogi, desse er: *monumentet*, *kistekonstruksjonen*, *beinmaterialet* og *båttypen*.

## Båttypen og datering

Mjeltehaugen har spela ei sentral rolle i tidfestinga av båttypen A1 på Vestlandet (Mandt 1991), og gjer at ein må trø varsamt når ein trekk nettopp båttypen inn i dateringsdiskusjonen. Det føreligg også dateringsargument som etter det eg kan sjå er uavhengig av tidfestinga av Mjeltehaugen. Blant anna har fleire hevda likskapar mellom båtar knytt til veideristningstradisjonen og båtar som etter Mandt (1991) sitt klassifikasjonsskjema ville vorte plassert som type A1 (Hallström 1938:358; Marstrander 1963:72f; Sognnes 1987:76ff, 1993:164; Mandt 1991:273ff). Sognnes (1987:75ff) kjem fram til ein liknande konklusjon på dateringa av sin E-type i Trøndelag som Mandt gjer for A1-typen for Vestlandet, men nyttar seg ikkje av dateringsarbeidet på Mjeltehaugen i sin diskusjon. E-typen vil i dei fleste tilfelle femje om dei same båtane som A1-typen. Unntak er mellom anna båtar med fleire stamnar i kvar ende (ibid.:76). Likskap med båtar frå veideristningstradisjonen og plasseringa til typen i høve til andre typar i ein seriasjon er bærebjelkane i Sognnes si datering av E-typen (ibid.:76ff, 88ff).

Før vi går i gang med å diskutere båtane frå Mjeltehaugen si tilknyting til andre båtar på ulike ristningsfelt, må vi skaffe oss ei formeining om korleis Mjeltehaugbåtane såg ut. Ingen av båtfigurane på hellene er bevart i sin heilskap. Dei mest komplette finn vi på B1a/B5a og B1b/B5b samt på F11-17. Eg tek her utgangspunkt i båten på B1a/B5a, som har eine stamnen samt mesteparten av skroget bevart. Den bevarte stamnen går om lag loddrett opp frå relingslinja. Enden av skroget nedanfor stamnen er kraftigare og breiare rissa relativt til resten av båten. Dette trekket er også synleg i den vesle tappen som forlengar kjøllinja (kjølspord). Relingslinja buar noko oppover i nærleiken av stamnen. Linja buar også oppover fram mot brotkanten i motsatt ende av båten. Dette kan tyde på at den tapte stamnen ikkje har vore plassert særleg langt frå der brotkanten går. Kjøllinja er tilnærma heilt rett. Kjøl- og relingslinjene er forbundne gjennom loddrette linjer som er jamt fordelt på heile skroget – på B1a/B5a er i alt 13 slike bevart. Båten på B1b/B5b gjev eit liknande inntrykk. Båten på F11-17 skil seg ut i enkelte detaljar: Stamnen lutar noko framover og dessutan er her kjøllinja rett, medan relingslinja er svakt krumma i endane. Sjølv om det ikkje kjem så godt fram av kalkeringa, er enden av skroget nedanfor stamnen aksentuert på ein liknande

måte som skildra for B1a/B5a-båten. Nokon kjølspord er ikkje synleg, men denne kan vere kutta av brotkanten.

Truleg har den manglande stamnen på B1a/B5a vore framoverlutande. Det er eit gjennomgåande trekk ved båtane i samling D at stamnen som "peikar" mot høgre er tilnærma rett medan venstrestamnane er bøygt fram i høve til båten. Det ser også ut til at båtane på samling C har hatt ein loddrett og ein framoverbøygt stamn, men her ser det ikkje ut til å vere jamt fordelt mellom høgre- og venstrestamnar. Dette kan til dømes bety at båtane er framstilt med ulik siglingsretning. Skrogenden nedanfor dei framoverlutande stamnane har truleg vore tilnærma loddrett (jf. fig. 20). På samling D ser det også ut til den framoverbøygde stamnen går høgare opp frå relingslinja enn den loddrette. Merk også at det manglar fragment i materialet som positivt stadfestar eller motviser at nokon av båtane hadde kjølforlenging i partiet under den framoverlutande stamnen. Den komplette båten ut frå denne rekonstruksjonen er vist som fig. 43.

Likskapar mellom båtar frå veideristningstradisjonen og A1- og E-type båtar har altså vorte hevda av fleire (Hallström 1938:358; Marstrander 1963:72f; Sognnes 1987:76ff, 1993:164; Mandt 1991:273ff). Til dømes peikar Kalle Sognnes (1987:76) på at rektangulært skrog med korte, rette stamnar opp frå relingslinja er felles for desse båttypane. Seinare har han synt til nok eit fellestrekk ved desse båtane (Sognnes 1996). Allereie Gustaf Hallström (1938:358) peika på likskapen mellom båtane på Evenhus i Frosta, Nord-Trøndelag og symjefuglar, og postulerte at båtfigurane kunne ha utvikla seg frå fuglefigurar. Sognnes (1996) ser koplinga i lys av tvitydig symbolikk, men viktigast her er at han peikar på at denne koplinga også synast å vere til stades på ein del A1/E-type båtar (*ibid.*:39ff; sjå fig. 44). Korleis plasserar Evenhusfelta seg kronologisk?

Evenhusfelta har figurar som elg, kval og antropomorfe motiv, samt minst 28 båtar i tillegg til enkelte motiv frå bronsealdertradisjonen (Sognnes 1994:34ff). Ei strandlinjedatering basert på mål for middelvasstand tydar på at bergflatene som figurane er rissa inn på først vart eksponert mellom 2050-1300 BC (Sognnes 2002:6), altså siste halvdel av seinneolitikum eller dei to første periodane av bronsealder. Denne *terminus post quem* dateringa vil kunne ha innverknad på plasseringa av A1- og E-typane innanfor eit kronologiskjema. Når Marstrander (1963) brukte veideristningsbåtane som eit argument for å plassere Mjeltehaugbåten heilt i byrjinga av bronsealderen, er det implisitt at han daterar veideristningar til steinalder. Strandlinjedateringa av Evenhus utfordrar dette synet. Det betyr at ristningsaktiviteten på Evenhus kan vere frå eldre bronsealder. Dette er i tråd med Sognnes (2001:123f) si hypotese om at både veide- og jordbruksristningar (nordleg og sørleg tradisjon etter Sognnes sin terminologi) vart laga i Trøndelag i det andre tusenåret f.kr.

Men kan ei kopling mellom "veidebåtane" og A1/E-båtane godtakast? Eg finn koplinga mellom fugl og båt på Evenhus, Røkke og Domba interessant, men vil



***Figur 43.** Rekonstruksjon av båt frå Mjeltehaughellene. Svarte linjer er avteikning av kalkeringa for fragment B1a/B5a (høgre stamn og skrogpartiet) og D13 (stamnen til venstre). Grå linjer er mi tolking av korleis linjene har gått på forsvunne parti.*




***Figur 44.** Båtfigurar som Sognnes (1996) koplar til fuglesymbolikk. 1: dei tre båtane som utgjer Dombafeltet på Hovden, Flora i Sogn og Fjordane. 2: båt frå Røkke i Skatval, Nord-Trøndelag. 3: båtfigur frå Evenhus, Nord-Trøndelag. 4 og 5: to andre båtfigurar frå Evenhus. Nr. 4 har menneskefigur og småkval(?) om bord. Figurane er ikkje i sams målestokk. 1: kalkering ved G. Mandt & K. Michelsen, etter Mandt 1991:fig. 12.35 (copyright Bergen Museum). 2: Kalkering ved K. Sognnes, etter Sognnes 1996:fig. 18. 3, 4 & 5: Kalkering ved Th. Petersen, etter Gjessing 1936:planche LXXVII.*

samstundes peike på at dette dreier seg om få båtar i høve til det totale tilfanget av A1/E-båtar. Eg kan ikkje sjå at koplinga er like openbar på andre figurar innanfor desse typane. På den andre sida ser eg at båtavbildingar frå Mjeltehaugen, Røkke og Domba truleg er avbildingar av båtar som, dersom dei representerar verkelege båtar, i all hovudsak er identisk konstruert. Det problematiske punktet er difor i hovudsak tilknytinga mellom Evenhusbåtane og A1/E-type båtar som t.d. Mjeltehaugen, Røkke, Domba og Krabbestig. Båtane på Mjeltehaughellene har, saman med t.d. båtane frå Røkke og Domba, relativt rektangulære skrog til felles med Evenhusbåtane (jf. Sognnes 1987:76). Det er også til ei viss grad riktig at stamnane går rett opp frå relingslinja (jf. *ibid.*), men ein bør presisere at det også finnast eksemplar av A1/E-typen med stamnar som skrånar ut frå skroget. På Mjeltehaugbåtane ser dette ut til å gjelde den eine stamnen, på t.d. Røkke gjeld det båe. Dersom ein fokuserar på forskjellar er høgda på stamnane relativt til lengda på skroget langt større på båtane frå Mjeltehaugen, Domba og Røkke. Vidare har ikkje Evenhus-båtane regelmessige

loddrette strekar på skroget. Dei to båtane til høgre på fig. 44 har kvar to slike linjer. Dersom linjene er meint å representere spant eller treskjelettet på skinnbåtar (jf Marstrander 1963:72), kan dette forklarast ved at Evenhusbåtane er små relativt til dei andre. Menneskefiguren om bord i den eine båten gjev visse haldepunkt for dette. Eg kan heller ikkje sjå at Evenhusbåtane har kjølspord. Sognnes (2001:116) har også peika på ein del av desse forskjellane, og tolka dei i lys av etnisitet. Han ser for seg at båtane som er avbilda på ristningane i utgangspunktet er like, men etniske forskjellar er uttrykt ved å framstille båtane ulikt gjennom ristningsmediet (*ibid.*).

Eg finn på grunnlag av dette den føreslegne koplinga mellom 'veidebåtane' og A1/E-type båtane interessant, men ikkje heilt utan problem. Det er påtakelege likskapar mellom Evenhusbåtane og A1/E-typane, og då særleg dei nemnte døma frå Røkke og Domba. Samstundes finn eg det naudsynt å understreke at det også er skilnadar. Eg vil likevel poengtere at strandlinjedateringa av Evenhus (Sognnes 2002:6) plasserar feltet så pass seint i tid at ei eventuell kopling ikkje automatisk gjev grunnlag for å datere korkje Mjeltehaugen eller A1/E-typane generelt utelukkande til seinneolitikum og/eller EBA I. Ein kan på den andre sida heller ikkje sjå bort frå desse periodane, like lite som ein kan sjå vekk frå seinare periodar av eldre bronsealder. Eg meinar følgjeleg også at ein bør skape ein breiare basis for datering av Mjeltehaugen. Eg vil difor dreie diskusjonen mot gravmateriale, og søkje analogiar til Mjeltehaugen i perioden frå seinneolitikum (eldste føreslegne datering, jf. Aksdal 1996) til og med eldre romartid (yngste moglege datering pga. funna av spennene).

## Gravmateriale frå seinneolitikum til og med eldre romartid

*Seinneolitikum*. Så langt eg har kjennskap finnast ikkje monumentale gravmarkeringar som er samanliknbare med dimensjonane til Mjeltehaugen i samanheng med seinneolitiske graver i Skandinavia. Det er enkelte døme på mindre markeringar av graver i norsk seinneolitikum. Ei randlistøks, datert til SN II, frå Bersagel, Sandnes i Rogaland skal ha vorte funne ein halvmeter djupt under ei flat og vid steinrøys (Aakvik 2000:19, 91). Ei hellekiste frå Østfold var omgjeve av ein låg haug, 10-12 meter i tverrmål. Ei branngrav frå romartid var sekundært innsett i kista (Gjessing 1945:427f), og gjer det problematisk å datere heile gravanlegget til SN.

I Sør-Skandinavia er slike hellekister ei vanleg gravform i perioden. Dei inneheld i regelen ubrente bein, ofte frå fleire individ (Brøndsted 1938:281ff; Goldhahn 1999:186ff). Brøndsted kan berre vise til ei kjent kremasjonsgrav frå dansk seinneolitikum (Brøndsted 1938:286). I Noreg kjennast berre nokre få hellekistegraver, lokalisert kring Oslofjorden (Gustafson 1914; Gjessing 1945:426ff; Magnus & Myhre 1986:90). Ei rekkje avhandlingar frå dei seinaste åra har teke for seg materialet frå perioden i Vest-Noreg (Mandt 1991; Johnson 1993; Aksdal 1996; Kleiva 1996; Holberg 2001; Nyland 2003). Med unntak av Aksdal (1996) sin argumentasjon om Mjeltehaugen, kan ingen av desse vise til hellekistegraver i Vest-Noreg. Vanskane med

å påvise seinneolitiske graver på Vestlandet har leia ut i ein diskusjon om bruken av kriteria for identifisering og kategorisering av graver og depot- og offerkontekstar (Mandt 1991; Kleiva 1996; med kritikk i Holberg 2001; Aakvik 2000; Nyland 2003). Det arkeologiske kjeldetilfanget frå seinneolitikum pr. i dag tilseier at det i Noreg, utanom Oslofjordsområdet, ikkje vart praktisert gravleggingar i strukturar som kan samanliknast med kammeranlegget i Mjeltehaugen.

*Eldre bronsealder*. Større monument byrjar å setje preg på landskapet i eldre bronsealder. På Vestlandet er det særleg på Jæren ein har belegg for dette gjennom daterande funn i monumenta (Møllerop 1963; Bakka 1993; Larsen 1996; Myhre 1998; Aakvik 2000). Frå periode III er det også etter måten mange haugar på Karmøy, nord i Rogaland (Møllerop 1963; Myhre 1998). Størstedelen av røysene med daterande funn på gravfeltet Todnes-Holan i Nord-Trøndelag har gjenstandar frå periode III (Rygh 1906; Gaustad 1965; Fyllingen 2002). Innan fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er spreidde dømer på bruk av monumentale strukturar til gravlegging i både periode II og III (Gaustad 1965; Mandt 1991; Bakka 1993; Østerdal 1999; Aakvik 2000).

Nærare geografisk til Mjeltehaugen er ei røys på Veøy i Romsdalsfjorden, der ein spydspiss (T 3930[1]), datert til periode II, vart funne i eit mura kammer saman med ubrente bein (Gaustad 1965:20; Aakvik 2000:appendix tabell 2). I ei røys på Ristesund, Kvamsøy på Sunnmøre inneheldt det mura kammeret brente bein og ei bøylespenne (B 3678), datert til periode II (Bjørn 1935:8; Mandt 1991:400f; Aakvik 2000:59f). Stonghaugen på Flø, Ulstein på Sunnmøre er truleg også frå eldre bronsealder. Enkelte har meint at skiferhengjesmykket som vart funne i det mura kammeret daterar anlegget til periode I (Ringstad 1987:160; Mandt 1991:424ff). Øyunn Kleiva (1996:79) meinar at smykkeforma kan vere frå periode II. Den einaste sikre gjenstanden frå periode I som er funne i tilknyting til eit monumentalt gravanlegg i Noreg er frå Søgne i Vest-Agder. Her vart ein dolk (C 6143), datert til periode Ib (Johansen 1986:43f, 2000:144f), funne "i en stor haug av jord og sten, (…) midt i et kammer av stenheller sammen med brente ben" (Johansen 1986:44). Kista skal ha målt 2,2 x 0,65 m, og haugen skal ha hatt ein omkrins på 45 m, som gjev eit tverrmål på ca. 14 meter (Johansen 2000:144).

Kistene i haugane og røysene frå eldre bronsealder er konstruert av reiste, ståande steinheller eller av heller lagt flatt i tørrmur. Kombinasjon av desse elementa i eit og same kammer førekjem også. Generelt er kistene frå eldre bronsealder rektangulære, og ofte er forma trapesiod da ei kortside er smalare enn den andre. Storleiken er som, eller litt større enn, eit vakse individ (Rygh 1906; Møllerop 1963; Gaustad 1965; Johansen 1986; Larsen 1996; Myhre 1998; Østerdal 1999). Dimensjonane på kistene minskar etterkvart og denne endringa ser ut til å ha samanheng med at kremasjonspraksisen gradvis tek over for ubrente gravleggingar (Sverdrup 1933:66f;

1) T-nr. viser til katalognummer ved Vitenskapsmuseet, NTNU, Trondheim, C-nr. til katalognummer ved Oldsakssamlinga, Oslo og B-nr. til katalognummer ved Bergen Museum..

Brøndsted 1939:107f, 111f; Johansen 1986:50; Jennbert 1988:98; Kaliff 1997:83f; Hornstrup 1998). Kremasjonsgraver i eldre bronsealder førekjem i mannslange kister, men også i rektangulære kammer i dimensjonar *under* storleiken på eit vakse individ (Bjørn 1935:5ff; Møllerop 1963:28; Myhre 1972; Larsen 1996:plansje 1).

*Yngre bronsealder.* Graver frå yngre bronsealder inneheld i regelen kremerte bein, ofte lagt i urne, og sett inn i små kister. Urne ser ut til å vere eit nytt element i høve til kremasjonsgravene frå eldre bronsealder, (men sjå Haack Olsen (1990)). Elles held tendensen som kunne sporast i kistene med kremasjonar i eldre bronsealder fram, og ein får etterkvart tilnærma kvadratisk forma kammer av storleik til å romme ei urne med brente bein (Myhre 1980:74f). I materialet frå Hordaland er det døme på rektangulære kammer opp mot ein meter lange, og tilnærma kvadratiske kammer med ein storleik ned mot 30 x 30 cm (Østerdal 1999:63).

Gravene er i regelen sett sekundært inn i eldre gravhaugar eller plassert under flat mark (Myhre 1998:185). I Rogaland er berre graver av førstnemnte kategori kjent (*ibid.*). I Sunnhordland ser det ut til at gravrøyser har vore bygd over primærkammer frå yngre bronsealder (Østerdal 1999:65). Ein har førebels ikkje døme på at dette har vore tilfelle innanfor Sogn og Fjordane og Sunnmøre (Mandt 1991; Solevåg 2002). Det er ingenting ved opplysingane om yngre bronsealders graver frå Romsdal, Nordmøre og Trøndelag som tyder på at monument vart reist primært over desse (Rygh 1906; Gaustad 1965). På Todnes-Holan er ei grav som inneheld gjenstandsmateriale frå periode VI sett sekundært inn i røys VII (Rygh 1906:8f; Gaustad 1965).

Den vanlegaste forma for gravlegging i *førromersk jarnalder* er i flatmark eller i sekundært innsette graver i eldre gravhaug (Pilø 1989; Solevåg 2002). Mindre markeringar på overflata førekjem også, som til dømes på gravfeltet på Vereide, Gloppen i Nordfjord (Dommasnes 1998). Branngravskikken er einerådande i perioden (Pilø 1989; Solberg 2000:40ff; Solevåg 2002).

Det er få døme på at større minnesmerke er reist over graver. Eit døme er Sjørøysa på Heissa i Ålesund, 4 km i luftlinje og på sørsida av Valderhaugfjorden i høve til Giske. Denne hadde ved utgravinga ein diameter på 14-15 meter, men hadde opphavleg vore 21 meter. Høgda var 2,5 meter. Røysa inneheldt korkje kammer eller daterande gjenstandar, men hadde eit kolflak med brente bein på botnen midt i røysa. Ei C14-prøve herfrå gav resultatet 435 +/-45 BC (Solevåg 2002:70 & katalog m. ref.).

Mannslange kister førekjem, med eit mogleg unntak, ikkje i førromersk jarnalder i Sør-Noreg eller Danmark (Pilø 1989:35). Unntaket dreier seg om ei 1,6 meter lang kiste frå Bjærkreim i Rogaland. Dateringa bygger på eit skår av eit kleberkar og funnet er ikkje fagleg undersøkt. Lars Pilø meiner det er grunn til å vere skeptisk til funnet (*ibid.*).

*Eldre romersk jarnalder.* Frå og med eldre romartid synast det igjen å ha blitt vanlegare å byggje større haugar og røysar over primærgraver (Schetelig 1912:25; Solberg

2000:77). Haakon Schetelig (1912:63ff) vektlegg at gravskikken i romartid på Vestlandet er i sterk endring. Blant anna førekjem både graver med brente bein og graver med ubrente bein. Branngravene frå eldre romartid finnast både som urnegraver og som beinhaugar utan urne. Eit fellestrekk er at dei er utan bålmørje (*ibid.*:67). Det vil seie at beina er skilde ut frå kolet frå kremasjonsbålet. Dei brente beina førekjem både i samband med små kister eller utan samband med kiste (*ibid.*:22).

Når det er tale om kister i samband med kremasjonsgraver synast desse å vere små og ikkje større enn at det akkurat er plass til ei urne (Schetelig 1912:22ff). Dei ubrente gravene er derimot plassert i større kister. Schetelig (1912:51ff) nemner berre nokre få funn av ubrente graver frå romartid. Dimensjonar er berre oppgitt for to kister, funne i same gravhaug på Re på Jæren og datert til eldre romartid. Dei skal ha vore 125 cm og 130 cm lange. Den kortaste var 35 cm brei og 45 cm djup (*ibid.*). I følgje Bergljot Solberg (2000:77) er det ikkje vanleg at ein har nytta stein til sidehellene i dei ubrente gravene frå eldre romartid. Dekkheller er derimot vanleg. Solberg meinar at trekister i kombinasjon med dekkhelle av stein kan ha vore vanleg (*ibid.*).

Skildringar av gravskikken på Vestlandet i eldre romersk jarnalder gjev ikkje støtte til ei datering av Mjeltehaugen sine sentrale kammer til denne perioden. Brente bein ser ikkje ut til å ha blitt deponert i kister av dei dimensjonane det er tale om. Stein til sideheller, som i kistene i Mjeltehaugen, er heller ikkje vanleg i perioden (jf. Solberg 2000:77). Schetelig (1912:67) si poengtering av at dei kremerte beina frå eldre romartid på Vestlandet alltid er skilt ut frå bålmørja rimar dårleg med rapporteringa av funn av oske i kistene (Christie 1847).

Ei sannsynleg tolking av situasjonen kring spennene er difor at dei er sett sekundært inn i ei eldre gravrøys. Det er ikkje rapportert om nokon steinsetting etter eit kammer i samband med dei. Det verkar heller ikkje å vere noko urne i samband med spennene. Dette kan tyde på at det dreier seg om ei deponering av den typen Schetelig (1912:67) kallar 'beinhaug'. Det vil seie at spennene har vorte deponert saman med brente bein anten utan behaldar eller i behaldar av forgjengeleg organisk materiale.

## Mot ein konklusjon på dateringa av dei sentrale kistene i Mjeltehaugen

I høve til dei tre faktorane ved gravskikk eg har lagt vekt på i denne gjennomgangen, meinar eg følgjande bilete dannar seg av Mjeltehaugen. *Monumentet* peikar mot eldre bronsealder periode II eller III eller eldre romersk jarnalder. I høve til dei andre periodane som er vurdert er oppføring av gravmonument unntakstilfelle frå det generelle biletet. *Kremasjon* er nærast einerådande i gravene i yngre bronsealder og førromersk jarnalder, men førekjem også i eldre bronsealder. *Kistene* i Mjeltehaugen har truleg hatt ein dimensjon på kring 125 x 60 cm. Sett i samband med at beina var brente, verkar ei kulturhistorisk plassering av Mjeltehaugen i samband med dei "krympa" kistene som det er rapportert om i ein del av kremasjonsgravene frå eldre bronsealder truleg. Eg vil difor sjå nærare på dette fenomenet for å sjå om det kan hjelpe ytterlegare i tidfestinga.

Den eldste kjente kremasjonsgrava frå norsk bronsealder er truleg den omtala grava frå Søgne, gjenstandsdatert til periode Ib. Måla som er oppgitt for kammeret er i tråd med måla for kammer som har inneheld ubrente lik i utstrakt positur. Grava frå periode II på Kvamsøy vart ikkje fagleg undersøkt. Einaste opplysinga om kista her er at den var lita (Bjørn 1935:8). Av dei fem gravene med brente bein frå Jæren er 3 frå periode II, ei frå periode III og ei har ei generell datering til EBA (Larsen 1996:51). Det føreligg berre informasjon om kistene for dei tre frå periode II. I kista frå Anda i Klepp var måla på kammeret 132 x 65 cm. Ei kiste frå Kleppe i Klepp var 150 cm lang. Same lengdemål hadde ei kiste frå Bore Aust i Bore (etter *ibid.*: plansje 1&2). Primærgrava i Garahaugen i Etne besto av ei kiste med storleiken 75 x 35 cm som kunne daterast til periode III (Myhre 1972:14). Materialet frå Todnes-Holan er vanskeleg å bruke i denne diskusjonen fordi daterande gjenstandar berre er funne i samband med ei av kistene med brente bein, og denne vert datert til periode VI (Rygh 1906; Gaustad 1965). Det er rapportert om brente bein i ytterlegare 11 kister på Todnes-Holan. Av opplysingane om kistene sine dimensjonar er den lengste 170 cm og den kortaste 65 cm lang. Dei fleste har ei lengde på kring ein meter. Alle kistene er rektangulære, og for dei fleste er det notert ned at eine kortsida er breiare enn den andre. Denne rektangulær-trapesoide forma etterliknar forma på dei generelt større kistene frå same gravplass med ubrente lik og gjenstandsmateriale frå periode II og III. Der desse har bevart skjelett er hovudet alltid plassert i den breiaste kortsida. Det ser også ut til at det er eit mønster at den breie kortsida er plassert i aust (Rygh 1906; Gaustad 1965). Kremasjonskistene ber altså med seg ei form som etter alt å døme i utgangspunktet er strukturert av at kista skal innehalde eit ubrent lik. Som eg tidlegare har vist skal også kistene i Mjeltehaugen hatt denne forma. Kortsidene i aust var i følgje Hagerup breiare enn dei i vest (Christie 1847).

Denne gjennomgangen syner at kremasjonsgraver er tilstades i materialet frå eldre bronsealder i Noreg. Vidare syner den at tendensen med å krympe kistene samstundes som formelement frå dei større kistene med ubrente lik er tilstades i desse kremasjonsgravene. Dette er i tråd med tendensar i det sørskandinaviske materialet (t.d. Sverdrup 1933:66ff; Brøndsted 1939:108,112; Møllerop 1963:28; Gräslund 1983:49; Kaliff 1997:83f). Eg kan ikkje sjå at det er haldepunkt for å sjå forskjellar mellom kremasjonsgraver datert til periode II og kremasjonsgraver datert til periode III, og finn difor ikkje grunnlag for å plassere primærkammera i Mjeltehaugen noko nærare kronologisk enn til anten periode II eller III av eldre bronsealder.

Kapittel 6

# Teoretisk innfallsvinkel til analysen

Så langt har oppgåva dreia seg mykje om å forstå omstenda kring sjølve funnet; kva slags kistekonstruksjon dreia det seg om? Korleis hadde dei gravlagde vorte handsama og frå kva tidsperiode er kammeranlegget med ristningane frå? Kort oppsummert er svara på desse spørsmåla at Mjeltehaugen sitt sentrale kammeranlegg vart konstruert ein gong i periode II eller III av bronsealderen. Det besto av fleire, truleg kring åtte, kister og kistene inneheld kremerte bein.

Fokuset vil no dreie mot å skape ei breiare forståing av dei konklusjonane dei føregåande diskusjonen har gjeve. Dette vil for det første seie at funnet vert sett inn i ein sosial og rituell samanheng. Vidare må Mjeltehaugen sjåast i lys av gravskikk, og endringar i gravskikken i periode II og III.

Analysen tek utgangspunkt i den konteksten Mjeltehaughellene inngjekk i. Hellene vart funne i tilknyting til åtte kammer som innehaldt brente menneskebein. Desse omstenda skulle gjere det plausibelt å argumentere for ei kontekstualisering av materialet til *ritual omkring døden* (jf. Østigård 1998; Oestigaard 1999; Gansum & Østigård 1999; Goldhahn 1999; Engedal 1999). Med dette meinar eg at teoretisk kunnskap om ritual generelt og døde- og gravritual spesielt må stå sentralt i ei forståing og tolking av materialet frå Mjeltehaugen.

Eg nærmar meg rituala ut frå ei forståing av ritual som ein sosial praksis (Bourdieu 1977; Bell 1992; Barrett 1994; Østigård 1998; Damm 1998), og set følgjeleg fokus på kva som vert gjort - handlingane - i rituala. Vi skal derfor etter kvart i gang med ei begynnande analyse av handlingane som kan knytast til Mjeltehaugen. Eg vel å kalle den *begynnande* fordi Mjeltehaugen ikkje kan forståast utelukkande med referanse til seg sjølv. Eg vil der problematisere kva for handlingar vi på basis av det arkeologiske materialet kan seie har vore komponentar i rituala kring Mjeltehaugen. For å gjere desse handlingane forståelege innafor meir overgripande sosiale prosessar (jf. Vandkilde 1998), vil eg vidare trekke inn anna materiale som spenner vidare, både romleg og tidsmessig. Først skal eg no gjere betre greie for dei teoretiske premissa bak analysen.

## Ritualteori

Forståinga av døderitual ber framleis med seg mykje frå modellane som vart utvikla av Robert Hertz (1960[1907]) og Arnold van Gennep (1999[1909]) ut frå etnografiske perspektiv tidleg på 1900-talet (sjå Metcalf & Huntington 1991). Dette har også den arkeologiske forståinga av gravkonteksten i aukande grad bore preg av (jf. Lillehammer 1996; Østigård 1998, 1999; Gansum & Østigård 1999; Goldhahn 1999; Engedal 1999; Hanisch 2001; Kyvik 2002, Syvertsen 2003).

Robert Hertz (1960) bygde sin modell ut frå etnografisk materiale frå Borneo. Materialet var henta frå folkegrupper som praktiserte dobbelgravleggingar. Det vil i desse konkrete høva seie at dei døde kroppane først vart gjeve ei mellombels grav for så seinare, etter at kroppane sine blautvev var rotna bort, verte stedt endeleg til kvile. Han kom difor til å leggje stor vekt på *mellomperioden* frå den første til den endelege gravlegginga, eit tidsspenn som kunne gå over fleire år. Han poengterte at ideane og praksisane knytt til døden måtte forståast etter om dei var knytt til den avdøde sin kropp, den avdøde si sjel eller dei etterlevande (*ibid*.:29).

Mellomperioden si lengd vert altså strukturert av idear om den døde kroppen (forrotninga). Gravritualet sin doble struktur kjem av at ritualet på den eine sida skal sørgje for det døde individet sin avskjed med det attlevande kollektivet, og på den andre sida sørgje for kollektivet sin reorganisering og vidareføring av dei rollene den avdøde hadde (*ibid*.:75, Bloch & Parry 1982:4). Ein dualistisk transformasjon inngår på denne måten i gravritualet i det fokuset på den eine sida er retta mot overgongen mellom liv og død, og på den andre sida mot reetableringa av dei gjenlevande sin fellesskap (Barrett 1994:50f). Reproduksjon av sosiale relasjonar blant dei attlevande og kommunikasjon mellom attlevande og andeverda gjennom ofringar er dermed aspekt ved døderitual (Hertz 1960:75). Gjennom konseptet om todelt sjel vert den eine halvleiken av den døde si sjel rekna å vere i dei levande si verd fram til den endelege gravferda. Noko som til dømes kjem tiluttrykk ved at den døde vert gjeve mat av sine næraste. Dette gjer også at idear om fare og tabu er knytt til liket (*ibid*.:34ff). Hertz rører dermed ved konsept som Mary Douglas (1966) seinare har utdjupa.

Det ureine ("dirt") definerar Douglas som noko avvikande og som truar den sosiale og kulturelle orden. Det ureine er pr. definisjon anomaliar, det som fell utanfor kulturen sine skjema for klassifisering av verda (*ibid*.:55). Å oppretthalde t.d. eit mattabu, som i Douglas sitt kjente døme frå dei gamaltestamentlege tekstane, er dermed å reflektere over det reine og verdas kosmologiske orden (*ibid*.:57). Det ureine utgjer derimot ein trussel mot denne ordenen, men hjelper samtidig til å definere den ideelle kosmiske og sosiale ordenen (*ibid*.:72). Til dømes brukar Kate J. Syvertsen (2003) desse konsepta i hennar diskusjon om gravristningane i Rogaland. Døden kan forståast som ein trussel mot den sosiale og kulturelle orden, og ritual kan sjåast som eit ledd i å motverke trusselen (*ibid*.:6, 76). I følgje Syvertsen kan sjølve gravhellene ha kvalitetar av anomali i det dei er "lause" i tida frå dei vart rissa på til dei vart innlemma i kammera. Hellene si innlemming i kammera kan dermed representere gjenopprettinga av dei trua kategoriane (*ibid*.:108f).

Tabu, idear om fare og ulike sosiale restriksjonar er også knytt til den døde sine attlevande slektningar som også må gjennom ritar for å løyse seg frå denne situasjonen. Denne unntakstilstanden korresponderar ofte med mellomperioden i døderitualet, og tek slutt ved den endelege gravferda (Hertz 1960:37f). Hertz konkluderar med at det er ein samanheng mellom tru knytt til kroppen sin oppløysing, lagnaden til sjela og tilstanden til dei attlevande (*ibid*.:53). Same prinsipp gjer seg gjeldande i kremasjonar då sjølve kremasjonen ofte ikkje er tilstrekkeleg i seg sjølv, men treng komplimenterande ritual på seinare tidspunkt. Kremasjonen og gravlegginga av dei brente beina korresponderar difor respektivt med den første og den sekundære gravlegginga (*ibid*.:42ff).

Terje Østigård (1998:119ff) har knytt dette opp mot tidsmessige og romlege aspekt i høve til mellomfasen frå tidspunktet og staden for kremasjon og til tidspunkt/stad for endeleg deponering av beina. Mellomfasen aukar i følgje Østigård moglegheitene for å utføre ritual som fornyar, reorganiserar og relegitimerar relasjonar både mellom dei levande og mellom dei gjenlevande og dei døde (ibid.:120; Oestigaard 1999:351; Gansum & Østigård 1999:86).

Arnold van Gennep (1999) si bok er ein presentasjon av ein generell teori om overgangsritual, ritual knytt til transformasjon mellom tilstandar som til dømes frå barn til vaksen, ekteskap, flytting i rom (reiser) og, som er det sentrale her, overgongen frå levande til død. van Gennep sitt hovudpoeng er at rituala knytt til desse overgongane følgjer eit bestemt mønster gjennom tre fasar med ulike typar ritual: Gjennom *separasjonsritual* vert vedkommande skilt frå sin tidlegare status. Dette leier inn i ein fase med *liminale ritual* som karakteriserast av at ein er i ein tilstand mellom den tidlegare og den kommande statusen. Til sist skjer ein inkorporering i den nye statusen gjennom *inkorporasjonsritual* (*ibid*.:26). Overgangen gjeld for dei avdøde, så vel som dei gjenlevande, og fasane for den eine parten korresponderar ofte med fasane til den andre (*ibid*.:104). I følgje van Gennep vert dei ulike fasane ulikt vektlagt i ulike overgangsritual. Ofte er liminalfasen og -ritula av ein slik lengd og kompleksitet, i følgje van Gennep, at desse må sjåast som sjølvstendige. Likeeins meinar han at ritane som sørgjer for den døde sin integrasjon i dei døde si verd er dei mest omstendelege og vert mest vektlagt (*ibid*.:27).

Desse tre fasane følgjer kvarandre i ein tidssekvens. Det skulle difor i teorien vere mogleg å knyte handlingane som det arkeologiske gravmaterialet er restar av til ulike fasar (jf. Goldhahn 1999; Gansum & Østigård 1999). Ei vesentleg problemstilling vidare vert difor om det er mogleg å knyte handlingane i "mjeltehaugritualet" til desse fasane.

Victor Turner (1967) har utdjupa forståinga av den liminale fasen i overgangsritual. Fordi dei involverte personane er i ein tilstand av å ikkje lenger vere klassifisert i høve til tidlegare status, og samstundes enno ikkje fullt ut klassifisert i den komande status (jf. Douglas 1966), finn ein symbolbruk henta respektivt frå tematikk kring

døden og svangerskap/fødsel (Turner 1967:96). I følgje Turner er symbola som vert framheva i liminalfasen multivokale (fleirtydige) og retta mot å skape refleksjon over sosiale relasjonar og kulturelle tilhøve (*ibid.*:103ff). Liminalfasen kan difor delvis karakteriserast som eit refleksjonsstadium (*ibid.*:105). I eigenskap av å vere *"betwixt and between"*, samstundes verken eller og både og, kan dei involverte karakteriserast å vere i ein strukturlaus tilstand. 'Normaltilstandar' vedkommande rang, statusar etc. er oppløyste. Denne anti-strukturelle tilstanden opnar også for refleksjon over samfunnstilhøva og dermed moglegheita for sosial endring (Turner 1974:44ff). Med dette er ritual ein potensiell arena for forhandlingar vedrørande samfunnstruktur. Ritualet kan vere ein arena for å argumentere fram og legitimere overgripande strukturelle endringar på eit lokalt nivå (Barrett 1994; Vandkilde 1998).

## Handling og struktur

Eit perspektiv som tek utgangspunkt i dei rituelle handlingane, treng ei avklaring av det dialektiske tilhøvet mellom handling og struktur. Pierre Bourdieu sin *praksisteori* søkjer å forklare denne relasjonen med utgangspunkt i at menneska tilegnar seg verda gjennom kroppen (Bourdieu 1977). Det er i interaksjonen mellom kroppen og omverda (materielle, sosiale og naturmessige strukturar) at menneska tilegnar seg *habitus*, dei grunnleggande ferdigheitene og skjemaene som dannar utgangspunkt for handling. Gjennom habitus er strukturane innskrivne i menneskekroppen og dannar følgjeleg utgangspunkt for praksisar som reproduserar og endrar strukturane (*ibid.*:78). Det er viktig å understreke at handling ikkje er låst til strukturane, men at det er spelerom. John C. Barrett uttrykker det slik: "Structures should not be regarded as simply constraining or determinate, but rather as a field of possibilities reproduced by the practices which occupy that field" (Barrett 2001:150).

Praksis-omgrepet rettar i følgje Catherine Bell (1992:81ff) fokuset mot fire trekk ved menneskeleg handling. For det første er handling *situasjonell* fordi aktivitetar ikkje kan forståast lausreve frå den konteksten den inngår i. For det andre er handling *strategisk og manipulativ* i den forstand at det kan forståast som eit kontinuerleg spel av skjema, taktikkar og strategiar som feltet moglеggjer (Bell 1992:82; Bourdieu 1977:96ff; Barrett 2001:150). Det tredje aspektet som Bell trekk fram, er at det finn stad ei grunnleggande *feilidentifisering av kva praksis faktisk gjer* (Bell 1992:82ff). Til dømes meinar Bourdieu (1996) at overgongsrituala sin primære funksjon ikkje er knytt til overgongen mellom statusar, men at dei fungerar som reiskap i etableringa av sosiale grenser mellom dei som gjennomgår ritualet og dei som ikkje gjer det. På denne måten har rituala ein legitimerande funksjon i den tydinga at dei får sosiale ulikskapar til å framstå som naturlege. Det fjerde aspektet ved praksis knyt Bell (1992:83ff) opp mot omgrepet *"redemptive hegemony"* og dreier seg grunnleggande sett om korleis folk skapar og held ved like maktrelasjonar gjennom handling. "Redemptive hegemony" refererar til korleis røyndomen er erfart som ein naturleg "vev" av avgrensingar og moglegheiter, og skal forståast som ei strategisk og praktisk orientering for handling som berre er mogleg i den grad den er skrive inn i sjølve handlinga (*ibid.*:84). Den

praktiske kjennskapen til verda er ein levd maktorden som konstruerar ein person si kjensle av røyndom og identitet (*ibid.*:83).

Bourdieu (1977) sin praksisteori reflekterar eit dynamisk samfunnssyn sidan det dialektiske tilhøvet mellom handling og struktur medfører at handling vil virke attende på strukturane, og dermed skaper nye strukturelle tilhøve som grunnlag for framtidig handling. Samfunn er dermed i kontinuerlig endring, sjølv om habitus-omgrepet inneber at handling vil tendere mot å reprodusere strukturane og virke tradisjonsbevarande. Eit ukritisk aktørorientert perspektiv vert unngått fordi det er erkjent at dei handlande aktørane ikkje har full oversikt over konsekvensane av sine handlingar. Samstundes unngår ein eit strukturdeterministisk syn der all handling er låst til sine strukturelle føresetnader (Olsen 1997:165). Perspektivet opnar likevel for handlande individ som er strategisk tenkande med grunnlag i deira forståing av verda, ei forståing skapt av dei erfaringane som er tilgjengelege for dei (Barrett 1998:20f). John Barrett (*ibid.*:22ff) peikar til dømes på at ulik erfaring med og forståing av tid og rom er ressursar som kan skape og legitimere identitetsmessige ulikskapar. Sidan folk har ulik erfaring og forståing av verda, kan det sosiale livet liknast med ei forhandling der dei individuelle handlingane er argument (Hodder 1987:6; Moore 1994). Strukturell endring kan dermed vere eit resultat av handlingar karakterisert som nye, innovative og avvikande frå vande handlingsmønster (Vandkilde 1998:8). Likevel må desse handlingane utførast innanfor dei internaliserte ”reglane” (’habitus’) som er skapt og gjenskapt av tidlegare praksisar (Mizoguchi 1993:231).

## Kapittel 7

# Handlingsaspekt ved Mjeltehaugen

Fokuset vil no dreie seg om dei konkrete materielle restane som utgjer Mjeltehaugfunnet. Kva ein ut frå desse kan seie om handlingar i ritualet vil danne grunnlag for problemstillingar som vil verte behandla i dei to neste bolkane. Den overordna problemstillinga her er dermed; kva er dei konkrete handlingane som konstituerte Mjeltehaugen som ritual? Det skulle i teorien vere mogleg å ordne desse handlingane i ulike rituelle fasar (jf. t.d. Goldhahn 1999). Dette vil eg kome attende til heilt til slutt i arbeidet. Eg er no mest oppteken av å kartleggje handlingsaspekta og å få fram problemstillingar til nærare drøfting seinare.

### Dei døde og handsaminga av dei

Tidlegare har eg argumentert for at mykje tydar på at vi har med kremasjonsgraver å gjere. Fleire av beina har lete seg anatomisk identifisere. Anders Lorange (1879:24) sin observasjon av svartbrend sand direkte under Mjeltehaugen sin røyskonstruksjon kan, men treng ikkje, bety at kremeringane vart utført same stad som der haugen seinare vart oppført. I teorien kan det ha vore fleire kremasjonsstadar.

Det kan setjast fram ei rekkje hypotesar for årsaka til at ei så vidt stor mengd individ er gravlagt samstundes. Kan det ha vore ein pest eller ei ulykke som tok livet av åtte individ innanfor eit relativt kort tidsrom? Er det berre ein av personane som er den sentrale i gravritualet, og dei andre ofra (jf. Kyvik 2002:74ff om Borum Eshøj i Danmark)? Er det vitnemål om valdshandlingar (jf. Fyllingen 2002)? Kremerte bein opnar også for ein anna moglegheit: Kremasjonar har blitt utført ved kvar einskild person sin bortgang. Beina har så vorte oppbevart og gjeve ei samla gravlegging ved eit nærare bestemt høve (jf. Iregren 1972:37; Parker Pearson 1999:7). Dette skulle i så fall bety fleire primære gravleggingar og ein samla sekundær gravlegging etter Hertz (1960) sine omgrep. Dette opnar for at det kan vere ein samanheng mellom kremasjonspraksisen og dei mange samtidige gravleggingane. Individa sin felles gravlegging kan vere eit ledd i dei rituelle strategiane.

Dei åtte gravene kan seiast å uttrykke ein kollektiv metaforikk. Gravene er plassert side om side, og er gitt tilnærma lik handsaming når det gjeld ristningar. Mindre variasjonar kan det likevel ha vore. Mellom anna kan breidda på kistene variert noko. Det er også mogleg at berre ei kiste har hatt ristningar på sidehellene, men dette kan også ha gjaldt fleire eller alle kistene. Denne kollektive metaforikken skulle kanskje vere ein strategi for å presentere dei døde som jambyrdige? Kan dette ha samanheng med dei døde sin sosiale identitet?

## Hellene sin proveniens

I samband med Gro Mandt sine undersøkingar av Mjeltehaugen, vart det inngått eit samarbeid med geolog Helge Askvik. Gjennom samarbeidet kom ein fram til at dei næraste kjente førekomstane av den skifrige steinsorten som var nytta i kammeranlegget, var å finne i Sunnfjord og i Trøndelag (Askvik 1983; Mandt 1983). Båe stadar ligg så langt unna Giske at ei reise dit vil ha tatt fleire dagar. Gro Mandt (1983:29f) poengterar på grunnlag av dette at tida som gjekk med til reisa til ein av desse stadane og brytinga av steinen, må reknast inn i det totale tidskonsumet ved oppføringa av monumentet. Ei slik reise vil truleg også kunne sjåast som ein del av ritualet. Ikkje minst vil kva dette tyder i høve til relasjonen mellom Giske og brotstaden vere ei interessant problemstilling.

Helge Askvik (1983) sin konklusjon baserar seg på kjennskapen om dei geologiske tilhøva i regionen, som han poengterar ikkje er komplett (*ibid.*). Askvik fann samanliknelege skiferførekomstar i områda kring Stavfjorden og Atløy i Sunnfjord samt i Trøndelag (*ibid.*). Det har no gått over 20 år sidan undersøkinga vart utført. Det er ikkje framkome nye aspekt ved geologien i dei aktuelle områda som har konsekvens for undersøkinga sine konklusjonar (Askvik, pers. med.). Likevel står ein framleis att med to moglege brotstadar. Er det på grunnlag av arkeologien i dei to områda, mogleg å argumentere for ein enkel proveniens?

Ser ein på det arkeologiske materialet frå dei to regionane, så er det fleire tilknytingspunkt til Mjeltehaugen. Gjennom førekomsten av likarta båttypar (A1) på ristningsfelta i Askvoll kommune (sjå Mandt 1991; Wrigglesworth 2000), må ein rekne med at det i Sunnfjord har føregått ristningsproduksjon på om lag same tid som Mjeltehaugen vart oppført. Det er ikkje påvist at ristningar er nytta i gravkammer eller som konstruksjonselement i gravmonument i Sunnfjord. Melanie Wrigglesworth (*ibid.*) påpeikar likevel at det er eit nært samband mellom ristningsfelta og gravminner i nærleiken av desse.

Trøndelagsregionen er ein av dei rikaste helleristningsregionane i Skandinavia. Båtar av ”Mjeltehaugtypen” førekjem til dømes på lokalitetane Leirfall, Røkke og Ydstines (Marstrander & Sognnes 1999, Sognnes 2001), og gjer det truleg at delar av aktiviteten på desse lokalitetane ligg nær Mjeltehaugen i tid. I regionen er også fleire døme på helleristningar i gravkammer. Steine, Rishaug og Skjervoll synast å ha dekorative

| Timar pr. døger | Giske – Trondheim (149 nm) | Giske – Askvoll (99 nm) |
|---|---|---|
| 24 | 2 døger + 2 timar | 1 døger + 9 timar |
| 20 | 2,5 døger | 1,5 døger |
| 15 | 3 døger + 7 timar | 2 døger + 3 timar |
| 10 | 5 døger | 3 døger +3 timar |

***Figur 45.*** *Reisetid (ein veg) frå Ålesund til Trøndelag (Trondheim) og Sunnfjord (Askvoll) med framdrift på 3 knop, og ulike hypotetiske tider nytta til padling pr. døger. Avstandane tek utgangspunkt i kortaste siglelege distanse for mellomstore båtar. Nm = nautisk mil = 1852 meter. 1 knop tilsvarar 1 nm tilbakelagt i timen.*

trekk til felles med Mjeltehaughellene (sjå fig. 35, 36 og 37). Alle desse gravhellene er av skifrig stein. I Marstrander & Sognnes sin katalog er både Steine- og Rishaug-hellene morfologisk skildra som "gråblå skifer" (Marstrander & Sognnes 1999:17, 24). Skjervoll er skildra som "skifer" (*ibid.*:65f). Eg kjenner ikkje til at hellene frå Trøndelag har vore gjenstand for liknande geologiske undersøkingar som dei Askvik utførte på Mjeltehaughellene, men det er verdt å merke seg at Askvik (1983) nemner at Skjervollhella kunne vere identisk med steinen nytta i Mjeltehaugen.

Dei geometriske figurane på Leirfall (fig. 75 på Leirfall III, felt D og fig. 3 og 12 på Leirfall V i Marstrander & Sognnes 1999; sjå fig. 39 her) er også verdt å trekke inn i denne samanhengen. Eg kjenner ikkje til at liknande figurar førekjem andre stadar på opne ristningslokalitetar elles i Skandinavia. Eg trur ikkje at likskapen mellom desse og den geometriske dekoren på Mjeltehaughellene er tilfeldig.

Ut frå det arkeologiske materialet synast det å vere fleire argument som peikar i retning Trøndelag enn til Sunnfjord. Ein har her tre funn av dekorerte gravheller som synast å høyre til same motivtradisjon som Mjeltehaugen. Det er også her nytta skifrige steinsortar til hellene. Dei nemnte geometriske figurane på Leirfall III og V synast også å kunne koplast til same motivtradisjon. Både Trøndelag og Sunnfjord har felt med båtar av "Mjeltehaugtypen", men ein manglar belegg for at ristningar er nytta i gravkammer i Sunnfjord.

På den andre sida er ikkje moglegheitene innan geologien fullt utnytta for å gje svar på dette spørsmålet. Ein strategi der prøver frå dei aktuelle områda vart samanlikna med prøver frå Mjeltehaughellene vil kanskje kunne framskaffe eit betre grunnlag. Kanskje kunne ein også inkorporert gravhellene frå Trøndelag og Rogaland i ei slik undersøking (jf. Syvertsen 2003:38, 77)? Med dette førehaldet, meinar eg likevel, ut frå det ein har kjennskap til i dag, at brotstaden truleg er å finne ein eller annan stad i Trøndelag. Samstundes finn eg grunnlaget for svakt til å knyte diskusjonen utelukkande opp mot Trøndelag.

Anten hellene har vore henta i Sunnfjord eller i Trøndelag, har tilveieskaffinga av dei medført ei lengre reise. Ein måte å vise implikasjonane ved dette er å prøve å talfeste kor langt tid dette vil ha tatt (fig. 45). Eg har valt å nytte tal frå Frode Kvalø (2000) si hovudoppgåve fordi denne har fokus på det maritime miljø i bronsealder, og drøftar sjøreiser grundig. Kvalø (*ibid*.:42) reknar med at ei framdrift på 3 knop er mogleg med 10 timars effektiv padling pr. døger. Sverre Marstrander sitt forsøk med skinnbåt med mannskap på seks oppnådde ei gjennomsnittleg fart på 2,8 knop over ein avstand på 2 x 1000 meter (*ibid*. med tilvising). Tidsbruken som eg i figur 45 har oppgitt for 24 timar padling er difor urealistisk låg, då det er usannsynleg at eit mannskap har halde oppe dette tempoet utan pause. Truleg vil tala for mellom 10 og 15 timar padling pr. døger ligge nærare realiteten. Tidsbruken for ei reise til Sunnfjord vil dermed ha lagt på mellom 2 og 3 døger, medan ei reise til Trøndelag ville tatt mellom 3 og 5 døger.

Avstandane som er nytta i figur 45 tek utgangspunkt i kortaste seglelege distanse for mellomstore båtar (Den norske Los 1992, 2001). Det er problematisk i høve til tidsutrekninga at dette medfører kryssing av urolege og potensielt farlege havstykke både nordover til Trøndelag (Hustadvika) og sørover til Sunnfjord (Stadhavet). Havstykka kan ha vorte unngått ved bruk av dragseid. Stadhavet kan ha vore unngått ved å legge kursen inn Vanylvsfjorden til Kjøde kor det er ca. 2,5 km over Dragseidet til Moldefjorden sør for Stad (fig. 47). Likeeins kan Hustadvika unngåast ved å padle inn Romsdalsfjorden og vidare inn Langfjorden til Eidsvåg. Her er eit ca. 6 km langt eid over til Eidsøra ved Tingvollfjorden (fig. 46). Dersom dragseid har vore nytta vil tidsbruken truleg vore større enn føresett i figur 45 blant anna fordi ein faktor som omlasting vil måtte takast omsyn til (jf. Kvalø 2000:41f, 51ff). Ein eventuell bruk av eidet mellom Eidsvåg og Eidsøra vil medføre ein betydeleg forlenging av distansen nordover til Trøndelag enn det er føresett i figur 45. Legg ein til grunn tala som ein har kome fram til gjennom eksperimenta med ein kopi av Hjortspring-kanoen (Vinner 2003), vil tidsbruken verte noko mindre. Her oppnådde ein ei framdrift på om lag 40 nautiske mil pr. døger i fint sommarvêr (*ibid*.:117). Det svarar til knapt fire døger frå Giske til Trondheim og 2 og eit halvt døger frå Giske til Askvoll.

Ei rekkje usikre faktorar som båtteknologisk nivå, årstid, vêrtilhøve osb. gjer det umogleg med ei nøyaktig talfesting av reisetid. Truleg vil ein slik ekspedisjon i rein reisetid ha tatt oppimot ei veke (Sunnfjord) eller 10 døger (Trøndelag) tur-retur, men i realiteten vil tidsbruken vore større. Gro Mandt (1983:30) peikar på at ytterlegare tid vil ha gått med til å bryte hellene og eventuell utføre ristningane ved brotstaden. Det er og truleg at ekspedisjonsmedlemmene inngjekk i ein eller annan form for sosial interaksjon som gjestebod og rituelle aktivitetar med innbyggjarane ved brotstaden. Dermed kan også aktørar med geografisk tilknyting til brotstaden ha vore involvert i ritual med utgangspunkt i dei døde. Dette leiar over i sentrale spørsmål ved hellene sin framande proveniens: kva meining hadde staden der hellene vart henta, og kva er relasjonen mellom Giske og denne staden? Kan grunnen til at ristningar vart integrert




***Figur 46.*** *Hypotetiske reiseruter frå Giske til Trøndelag med kortaste veg over Hustadvika. Ved bruk av mogleg båteid ved Eidsvåg og Eidsøra, indre Romsdal og Nordmøre har opne havstykke som t.d. Hustadvika blitt unngått. Ut frå geologiske data er det ikkje mogleg å snevre aktuell brotstad nærare ned enn til eit nokså vidt område kring Trondheimsfjorden (jf. Wolff 1976).*

i kammeranlegget ligge i kvalitetar ved staden der hellene vart henta? Er det at dei vart henta "utanfrå" ein viktig eigenskap ved dei dekorerte hellene? Desse spørsmåla vert diskutert nærare seinare.

## Ristningane

Resultata om hellene sin proveniens fører også med seg spørsmål om når og kor ristningane vart laga. Vart ristningane utført ved brotstaden eller etter at hellene var ført til Giske? Spørsmålet kan henge saman med årsakene til at hellene vart henta så vidt langt frå Giske. Både i Sunnfjord og Trøndelag er det som nemnt helleristningslokalitetar som kan framvise motivmessige likskapar med motiva på Mjeltehaughellene. Skal det bety at staden der hellene vart brote først og fremst vart oppsøkt fordi her var personar som hadde den rette esoteriske kunnskapen til å utføre ristningane?




***Figur 47.*** *Hypotetiske reiseruter frå Giske til Atløy og Stavfjordområdet i Sunnfjord. Kortaste sjøveg går over Stadhavet. Distansen ved bruk av Dragseidet på Stadlandet er ikkje vesentleg lengre. Dei mest aktuelle områda for ein eventuell brotstad synast å grovt kunne avgrensast til Stavfjordsområdet og sørover til Atløy (Askvik 1983; jf. Kildal 1970).*

Mesteparten av ristningane er plassert på undersida av kistelokka slik at dei vender nedover og innover mot dei døde. Dette trekket er felles med mesteparten av gravristningsmaterialet frå Rogaland (Syvertsen 2003:119). Ristningane kan difor seiast å i første rekke vende seg mot dei døde. Dette utelukkar likevel ikkje at ristningane også kommuniserte mot dei gjenlevande. Lokka kan ha spela ei sentral rolle i markeringa av avslutninga av liminalfasen og inkorporasjonsfasen si byrjing. Lokka forsegla dei døde i gravene og markerte siste ledd i konstruksjonen av kisteanlegget. På dette viset markerar dei også grensa mellom dei levande og dei døde. Etter at lokka var lagt på kunne siste fase av Mjeltehaugen sin konstruksjon ta til; oppføringa av røys (og jordlag) over kammeranlegget.

I tillegg er det nokre få ristningsfigurar som har vore plassert på utsida av det eine lokket (sjå fig. 33). Her er mellom anna rissa ein båt som er eit motiv som også finnast blant dei innovervendte ristningane. Dei andre motiva her er derimot ikkje å finne elles i materialet. Såleis er her ein kontrast som kan tyde på at ristningane på innsida og utsida skulle kommunisere ulike bodskapar.

Ristningane på utsida av lokket kan i teorien ha vorte rissa først etter at lokket var blitt lagt på kistene. I så fall må den eller dei som utførte ristningane ha vore til stades ved denne delen av ritualet. Etter den einskaplege utføringa av båtfigurane å dømme, må ein tru at same person har vore involvert i rissinga på båe sider av hellene. Desse ristningane har altså kommunisert utover til dei gjenlevande som var samla ved gravene. Ristningane har vore synlege frå augneblinken lokka vart plassert over kistene og fram til dei vart dekka av rullesteinane i røyskonstruksjonen. Kan plasseringa til ristningane bety at dei har spela ulike roller i ritualet?

| Deltakande personar | Dagar |
|---|---|
| 5 | 110 |
| 10 | 55 |
| 20 | 28 |
| 40 | 14 |
| 100 | 5-6 |

***Figur 48.*** *Hypotetiske tal på kor mange dagar det har teke å oppføre Mjeltehaugen alt etter talet kor mange personar som var involvert. Omarbeida etter Ringstad (1987:25, tabell 3). Tala syner berre arbeidsmengda som er knytt til oppføringa av haugen, og ikkje andre faktorar som oppføring av kammeranlegget, henting av heller osb.*

## Oppføringa av gravmonumentet

Opplysingane som føreligg om stratigrafi i haugen vart gjennomgått tidlegare. Tenkjer ein dei ulike elementa som produkt av handling, er følgjande scenario mogleg: Den svartbrente sanden (Lorange 1879:24) tydar på ein eller annan form for brenning har skjedd på staden før monumentet vart påbyrja. Om brenninga verkeleg er knytt til gravritualet, gjev ikkje dokumentasjonen sikre haldepunkt for å seie. Laget kan dermed vere skapt av svedjing eller andre aktivitetar som ikkje er knytt til ritualet. Det er likevel, som eg har hinta til tidlegare, ikkje umogleg at det er knytt til kremasjonane. Konstruksjonen av kammeranlegget, må vere

blant dei neste stega som vart gjort. Dette kan ha vore gjort delvis parallelt med at den indre røyskonstruksjonen vart påbegynt. Kammeranlegget må likevel ha vore ferdigkonstruert, og dei døde lagt i kistene før røyskonstruksjonen vart sluttført.

I følgje Lorange (1879:24) skal ein ha synt særleg omsyn ved sluttføringa av røyskonstruksjonen gjennom å skape ei jamn overflate med størst mogleg grad av tettleik mellom steinane. Dette kan tyde på at røyskonstruksjonen avslutta den delen av Mjeltehaugen sin konstruksjon som har med bronsealdergravene å gjere. Dette vil i så fall seie at det ytre laget av "sortbrændt askelignende sand" og torvlaget (Lorange 1879:24) er påført ved eit seinare høve, til dømes i samband med gravlegginga i romartid. På den andre sida er det ein viss samklang i skildringa av det ytre sandlaget og den varmepåverka sanden under røyskonstruksjonen, noko som vekkjer mistanke om at desse laga er samtidige. Bjørn Ringstad (1987:19ff, 218) har rekna Mjeltehaugen sin totale masse til 660 kubikkmeter. Ut frå eit overslag om at mellom 0,4 og 2 kubikkmeter (med middelverdi på 1,2 kubikk) representerar eit dagsverk, har det gått med om lag 550 dagsverk for å byggje Mjeltehaugen (*ibid.*:25). Dette gjev følgjande tal på kor langt tid som har gått med på å oppføre monumentet (fig. 48). Ringstad (*ibid.*) sine tal gjeld heile haugen. Dermed vil tala verte justert ned noko om berre rullesteinslaget er knytt til den første fasen og kammeranlegget med ristningar. Likevel gjev tala indikasjonar på kva oppføringa av haugen må ha medført av arbeidskraft. Til dømes har det nok merkast om tjue personar var trekt vekk frå meir daglegdagse arbeidsoppgåver i nær ein månad.

## Førebels konklusjon om rekkjefølgja til dei ulike elementa

Som konklusjon her vil eg gje ein førebels og særs generell framstilling av rekkefølgja til dei ulike elementa som har konstituert ritualet:

Det heile har utgangspunkt i død. Anten det har utgangspunkt i eitt individ (jf. menneskeofringsteorien) eller fleire, så har det medført ei rekkje døde kroppar å ta hand om. Dei døde kroppane har blitt kremerte. Logisk sett har dette blitt utført etter dødsfalla og før monumentet vart ferdigstilt. I følgje Robert Hertz (1960) skulle dette markere byrjinga av mellomfasen i ritualet. Terje Østigård (1998:120; Oestigaard 1999:351) peikar på at det er nettopp i denne fasen at ritual som fornyar, reorganiserar og relegitimerar relasjonar både mellom dei levande og mellom dei gjenlevande og dei døde kan ha blitt utført.

Det har medført ei lengre reise å hente hellene som skulle inngå i kammeranlegget. I teorien kan hellene ha blitt henta før dødsfalla. Dette inneber at element av planlegging av eller kjennskap til dødsfalla var til stades før dei inntraff. Kanskje bør ein difor heller rekne tilveieskaffinga av hellene som ei handling innanfor mellomfasane i

rituala? Ristningane må ha vore utført før ein konstruerte kammeranlegget fordi heller med ristningar er ein del av kammeranlegget sin konstruksjon.

Hovudmengda av ristningane har vore synleg for dei gjenlevande fram til lokka vart lagt over kistene. Ein mindre del har vore synleg ei stund til. Oppføringa av røyskonstruksjonen har tatt tid, og ristningane på yttersida av hellene har vore synlege inntil kistekonstruksjonen vart dekka av rullestein.

Kapittel 8

# Mjeltehaugen i lokale og regionale kontekstar

I det følgjande vil Mjeltehaugen sin lokale og regionale kontekst verte diskutert. Hellene sin proveniens peikar i retning av at ein har nyttiggjort seg ressursar utanfor det geografisk lokale området, og det reiser seg ei rekkje spørsmålsstillingar i denne samanhengen. Korleis skal ein forstå relasjonen mellom Mjeltehaugen sitt lokalområde og staden for hellene sin proveniens? Er det at hellene vart henta frå eit geografisk "fjernt" område på nokon måte viktig i forståinga av ritualet, og i tilfelle korleis? Først vil eg kort diskutere bronsealderen på Sunnmøre med ei særleg vekt på kva for sosial struktur ein kan rekne med har eksistert i området i perioden. Kan dei nettverka som vert synleggjort i samband med hellene sin proveniens også ha noko å seie for oppfatninga av sosial struktur i det aktuelle tidsromet?

## Vestnoreg i seinneolitikum og bronsealder

Ein vestnorsk variant av sekundærproduktrevolusjonen ser ut til å ha funne stad i seinneolitikum (Prescott 1991; jf. Sherratt 1981). Materiale frå seinneolitikum og bronsealder frå alpine og sub-alpine område i indre Sogn tolkast som utnytting av områda til sommarbeite ved sidan av jakt og fiske (Prescott 1991). Funn av t.d. korn og bein av saltvassfisk knyt bruken av Skrivarhellaren, lokalisert i den sub-alpine sona, til folkegrupper med tilhald ved fjorden i låglandet, og vitnar om ei brei økonomisk utnytting av dei økologiske sonene frå låglandet til høgfjellet (*ibid.*:38ff, 43). Det arkeologiske gjenstandsmaterialet (bl.a. fragment av støypeform til bronse, støypeavfall og flintdolkfragment) syner, i følgje Christopher Prescott, at områda vart utnytta av folk som deltok i eit felles skandinavisk kultursystem og ideologi (*ibid.*:45).

Indre Sogn er tradisjonelt blitt sett på som eit marginalt område når det gjeld funn frå seinneolitikum og bronsealder. I følgje Prescott (*ibid.*:36) var ein flintdolk og ein spjutspiss av bronse einaste kjente funn i indre Sogn frå desse periodane før undersøkingane i fjellområda vart utført. Utviklingstrekka som er skildra for dette området skulle difor også ha gjort seg gjeldande i område elles på Vestlandet der lausfunna av flintdolkar og bronsar er fleire, men der liknande omfattande arkeologiske

undersøkingar ikkje er gjennomført. I Sogn og Fjordane fylke er funna spreidde i områda langs fjordsystema, medan Sunnmøre syner ein klar overvekt på øyane i ytre kystnære strøk (Mandt 1991; Bakka 1993; Solberg 1994; Kleiva 1996). Lettdrivne jordbruksareal og nærleik til marine ressursar er truleg sentrale ervervsøkonomiske faktorar bak den relativt store funntettleiken på Sunnmørskysten (jf. Mandt 1991:496f).

Prescott (1991:43ff) ser ressursutnyttingsstrategiane i indre Sogn som uttrykk for ein ekspansiv økonomi med målsetjing om overskotsproduksjon, og auka sosial differensiering som eit resultat av dette. Det inneberer at konsepta om konkurranse og samarbeid mellom elitar er relevant for utviklinga i Vest-Noreg i seinneolitikum/bronsealder (*ibid*.:45f). Det relevante systemet hevdar han difor kan skildrast som eit såkalla senter-periferi system på tre nivå med 1) mektige høvdingdømmesamfunn i Sør-Skandinavia som øver innflyting på ulike skandinaviske regionar, 2) regionale sentra som Rogaland/Lista, Sunnmøre, Trondheimsfjordsområdet og Oslofjordsområdet som dels samarbeidar, dels konkurrerar, og 3) lokale einingar utanfor regionale sentra, til dømes representert ved eit mindre funnområde i indre Sogn (*ibid*.:46; sjå også Kristiansen 1987). Spor etter bronseframstilling og flintdolkfragment i Skrivarhellaren er materielle uttrykk for området sin deltaking i desse overregionale nettverka.

Prescott reknar altså Sunnmøre som eit av dei regionale sentra i vestnorsk bronsealder. Kvantitativt er det få bronsefunn på Sunnmøre i høve til eit område som Jæren, men funna syner ein viss fortetting i ytre kystnære område (Bakka 1993; Solberg 1994). Littiske funn (flateretusjerte flintdolkar, sigdar og prosjektilar) frå seinneolitikum og bronsealderen sine to første periodar er også konsentrert om kystområdet (Solberg 1994; Kleiva 1996; Nyland 2003). Dersom ein ser på funntettleiken for desse funnkategoriane i eit vestnorsk perspektiv, utkrystalliserast dei største konsentrasjonane på Jæren og på øyane på Sunnmørskysten. Sande, Herøy og Giske kommunar har mellom 2,5 og 5 littiske funn pr. 10 kvadratkilometer, medan konsentrasjonane på Jæren generelt er noko høgare (Solberg 1994:118).

Ein kort presentasjon av funn av bronsar og andre bronsealderfunn i regionen skulle gje eit innblikk i kva bronsealdermiljø Mjeltehaugen er plassert i (dateringar etter Aakvik 2000 for eldre bronsealder; Mandt 1991 for yngre bronsealder). Funna sin geografiske distribusjon går fram av funnkartet (fk.) figur 49.

Regionen har fire bronsegjenstandar frå *periode Ib* (Aakvik 2000). Ei udekorert skaftholøks er funne på Kvanngardsnes i Volda k. (fk. nr. 2). Dei tre andre gjenstandane er frå same gard, Blindheim i Ålesund (fk. nr. 1), men det er usikkert om dei skal reknast som ei samla nedlegging. Blant anna har dei kome fram ved tre ulike høve i løpet av ei periode på 40 år, og det ser ut til å verte skildra ulike funnstadar (Fett 1963; Myhre 1969, 1970; Resi 1982, 1983). Det dreier seg her om eit kortsverd med holkgrep og to randlistøksar av Langquaid-typen (Aakvik 2000:17f, 34; Engedal 2005). Sverdet skal truleg reknast som eit importstykke, men proveniensen har vore




*__Figur 49.__ Oversyn over funnstadar for bronsegjenstandar og støypeformer datert til bronsealder på Sunnmøre. Etter gard, kommune (gjenstand) 1. Blindheim, Ålesund k. (kortsverd og to randlistøksar), 2. Kvanngardsnes, Volda k. (massiv bronseøks med skafthol), 3. Døving, Norddal k. (meisel), 4. Øvrebust, Stordal k. (holkøks), 5. Eggesbø, Herøy k. (dolk), 6. Ristesund, Sande k. (bøylespenne), 7. Gjøsund, Giske k. (tapt gravfunn med dolk o.a.), 8. Slottsvik ,Ålesund k. (to halvdelar av støypeformer til sverd), 9. Berge, Herøy k. (holkøks), 10. Sylte, Vanylven k. (holkøks av Mälartypen), 11. Ulla, Haram k. (holkøks av Mälartypen), 12. Ulstein, Ulstein k. (sverd), 13. Strand, Vanylven (holkøks), 14. Litlebøen, Vanylven k. (støypeform til holkøks), 15. Ukjent stad på Kvamsøy, Sande k. (holkøks), 16. Noggva, Haram k. (holkøks), 17. Giskeødegard, Giske k. (spydspiss). Kartet er i hovudsak basert på Mandt (1991: fig. 10.3).*

mykje omdiskutert (sjå t.d. Magnus & Myhre 1986:128; Mandt 1994; Aakvik 2000; Johansen 2000; Engedal 2005). Seinast har Ørjan Engedal (2005) føreslått at sverdet anten er støypt i noverande Danmark eller i dei midtre delane ved elva Elben. Både Jan Aakvik (2000:97ff) og Engedal ser for seg at randlistøksane og sverdet frå Blindheim har kome til Sunnmøre via austlege kontaktar.

Frå *periode II* er fire gjenstandar frå fire ulike funn kjent. Frå dei indre fjordbygdene kjem ein meisel frå Norddal k. (fk. nr. 3) og ei holkøks frå Stordal k. (fk. nr. 4). I ytre strøk er det funne ein dolk i Herøy k (fk. nr. 5). og ei bøylenål i Sande k. (fk. nr. 6) (Aakvik 2000:29, 42, 59). Funnopplysingane for dei fleste av desse er så sparsame at det er vanskeleg å slå fast under kva samanheng dei har vorte deponert, (men sjå drøftingar i Mandt 1991; Aakvik 2000). Bøylenåla frå Ristesund derimot, veit ein er lagt ned i eit gravkammer dekka av røys (Mandt 1991:421). I periode II vart truleg også den monumentale gravrøysa Stonghaugen på Flø (Ulstein k., nord for fk. nr. 12) oppført (Kleiva 1996:79). Her var det ikkje funne bronse i gravkammeret, men eit hengjesmykke av skifer. Eit tapt gravfunn med bronse frå Vigra i Giske k. (fk. nr. 7) skal truleg tilskrivast anten periode II eller III. Her blei det ei tid før 1870 funne ein 7 tommar lang "kobberkniv" og ei mengd "forirret kobbergrus" saman med ubrente bein i ei hellekiste i ei stor gravrøys (Bakka 1993:111 med tilvising). Sikre bronsefunn

frå *periode III* er ikkje kjent frå Sunnmøre. To halve støypeformer til sverd av ulik lengde er funne på Slottsvik på Ellingsøy (Ålesund k. fk. nr. 8), og skriv seg truleg frå *periode IV* (Shetelig 1936; Indrelid 1984:39; Mandt 1991:403).Tre holkøksar av Mälartypen daterast av Gro Mandt til *periode IV eller V*. Funna er frå kystnære strøk i Herøy (fk. nr. 9), Vanylven (fk. nr. 10) og Haram (fk. nr. 11) kommunar (Mandt 1991:400ff). Perioden med flest funn er *periode V* med fem funn, i tillegg til ein del "grensefunn" som dei nemnte Mälardalsøksane. Blant reine periode V funn reknar Mandt tre holkøksar frå Vanylven (fk. nr. 13), Sande (fk. nr. 15) og Haram (fk. nr. 16). I Vanylven er også funne ei støypeform til holkøks (fk. Nr. 14). Eit sverd, likt Montelius 1917 (fig. 1212), frå Ulstein k. (fk. nr. 12) er også datert til periode V (Mandt 1991:400ff). Det einaste bronsefunnet frå Giske-øya er ein spydspiss frå Giskeødegård (fk. nr. 17), datert til *periode V eller VI* (*ibid.*).

Viser bronse- og dei bronserelaterte funn på Sunnmøre til nokon tendensar? Eit funn som Blindheimsverdet er sjeldan sjølv i ein nordisk målestokk, og skulle vise til at ein hadde evne til å delta i nettverk med forgreiningar over vide geografiske område. Dette hadde neppe vore mogleg utan ein viss grad av hierarkisk samfunnstruktur og evne til akkumulasjon av overskotsproduksjon.

Funnbiletet i periode II og III er då meir sparsameleg, særleg om ein tek omsyn til at dei same periodane er verkeleg funnrike i Rogaland (jf. Møllerop 1963; Larsen 1996; Aakvik 2000). Kva er årsakene til at forskjellane i funnmengd er så store mellom Sunnmøre og Rogaland i periode II og III?

Egil Bakka (1980) hevdar at dette først og fremst er eit representativitetsproblem. Funna frå Jæren og Karmøy har i større grad enn kva tilfellet er lenger nord på Vestlandet kome frå gravhaugar. Medan gravhaugane på Jæren/Karmøy ofte har kome i konflikt med moderne jordbruksaktivitetar og anna, er bronsealderrøysane lenger nord ofte plassert på framskotne bergknattar ved sjøen, plasseringar som i langt mindre grad har framprovosert konflikt med moderne tiders behov (*ibid.*:46f). Samanliknar ein gjenstandar framkomne som lausfunn, får ein eit meir nyansert bilete, hevda Bakka. Hovudtyngda av funna er framleis i Rogaland, men ujamnskapen er ikkje like påfallande (*ibid.*:47ff). Derimot indikerar distribusjonen tettare busetnad og større folkemengd i Rogaland i høve til områda lenger nord, og ein større grad av sosial hierarkisering i dei tettbygde områda (Bakka 1993:103ff). At Bakka er inne på noko her kan illustrerast gjennom enkelte funn av bronse i gravrøysar framkome i større utgravingsprosjekt i kystlandskap der det først og fremst er steinalderbuplassar som dominerar, som Tjeldbergodden på Nordmøre (sjå t.d. Berglund (red.) 2001:120ff).

Eg meinar Bakka har eit viktig poeng når han nyanserar den sterkt asymmetriske distribusjonen av gravminne frå bronsealder på Vestlandet, men ein kan stille spørsmål ved kor langt ein skal gå i retning av å jamstille regionane. At investeringa av bronse i gravritual har vore større i Rogaland enn elles på Vestlandet, meinar eg er eit reelt bilete, også om ein ser det relativt til folketal.

Eit anna problem kan vere at ein stirar seg blind på bronsen. Det er til dømes (så vidt vi veit) ikkje deponert bronse i samband med gravene i Mjeltehaugen. Det burde likevel gå klart fram at investeringa i ritualet likevel har vore massiv. Eit fokus på kva for handlingar det arkeologisk materiale representerar vil difor kunne utfylle og nyansere eit einsidig fokus på arkeologiske gjenstandar.

Ytterlegare påminning om faren ved å slutte direkte frå kvantiteten av bronse til sosial struktur (t.d. grad av sosial hierarkisering) ligg i støypeformmaterialet, og då særleg i støypeformene til sverd. Sverdet vert tillagt ei sentral rolle i bronsealdersforskinga som materielt utrykk for eksistensen av sosiale kategoriar som "høvdingar" og "krigarar" (t.d. Kristiansen 1982; Treherne 1995; Fyllingen 2002), med følgjelege implikasjonar for korleis ein vurderar sosial struktur. No er sverd tilstades i materialet frå bronsealderen si første periode, men manglar heilt i periodane fram til periode V. Altså er sverd heilt fråverande i materialet i periode II og III, periodane for dei klassiske "høvding- og krigargravene" i nordisk bronsealder. Likevel er det i periode IV belegg for at bronsesverd vert støypt lokalt. I eit anna "funntomt" område lenger sør, Askvoll i Sogn og Fjordane, er det funne fragment av ei støypeform til sverd som samsvarar med formene på sverda i periode II og III (Bakka 1973:181; Magnus (red.) 1975:72).

## I spaningsfeltet mellom "Big man samfunn" og "Hovdingdømme"?

For å runde av denne korte presentasjonen av bronsealdersfunn lokalt på Sunnmøre vil eg kort oppsummere kva ein kan rekne som trekk ved samfunnssystemet i området i bronsealderen. Økonomien har truleg vore retta mot produksjon av overskot. Tilgong til bronse kan ha vore ein sterk motiverande faktor for overskotsproduksjon. Sosial differensiering og ein grad av sosial hierarkisering har truleg vore viktig for organiseringa av produksjonen. Vi kan snakke om "elitar" i den forstand at enkeltgrupperingar i samfunna har vore leiande i denne organiseringa. Leiande personar kan ha vidareutvikla sin makt ved å knytte til seg personar med spesialiserte kunnskapar som til dømes bronsestøyping.

Ut frå etnografiske studiar er det skilt ut to generaliserte samfunnsmodellar som kan ha nytteverdi for forståinga av bronsealdersamfunnet på Sunnmøre, nemleg det såkalla "Big Man-systemet" og "hovdingdømmesystemet" (Eriksen 1993:187ff). I det førstnemnte systemet er autoritet basert på personleg dugleik og ytingar. Makt er grunna i personlege evner til å skaffe seg eit nettverk t.d. gjennom ekteskapsalliansar og gåver. Sidan makta er grunna i individuelle eigenskapar, mistar autoritetspersonen statusen og maktgrunnlaget sitt når han døyr. I hovdingdømmesystemet er autoritet institusjonalisert. Det vil seie at makt følgjer institusjonen gjennom personane som arvar embetet ved slektskap. Medan personleg makt i hovdingdømmesystemet kan vere legitimert ved at autoritetspersonen hevdar eit særleg tilhøve til guddommelege makter, ligg "Big-man'ens" legitimitet i evna til å oppretthalde og skape alliansar (*ibid.*). Thomas Hylland Eriksen (1993:188) viser også til døme på samfunn der

autoritet er institusjonalisert, men der leiaren samstundes må utvise både politisk talent og evne til å byggje nettverk.

Prescott (1991:46f) føreslår at samfunnstrukturen i Sogn kan ha veksla mellom to motpolar av relativ egalitet og relativ hierarkisering i bronsealderen. Ein liknande situasjon kan vere relevant for forståinga av bronsealder på Sunnmøre også. Det inneber periodar der leiande personar kjempar om makt og autoritet. Under gunstige tilhøve kan autoritære institusjonar ha vekse frem av denne konkurransesituasjonen. Desse institusjonane kan likevel ha vore relativt ustabile i eit langt tidsperspektiv, og utsett for faktorar som økologiske endringar og tilførsel av bronse. Tilgongen av bronse til Sør-Skandinavia har variert gjennom bronsealder (Kristiansen 1986:150f), og nedgangsperiodar kan ha hatt større konsekvensar for områda lenger vekk frå kjeldene. Samkvem med andre grupper og geografiske område har likevel ikkje berre dreia seg om bronse. For Mjeltehaugen sin del kjem dette særs konkret til uttrykk i hellene sin proveniens.

## Hellene sin framande proveniens

Bruk av bergart med proveniens som er framand for stadane der dei har vorte integrert i monument har vore dokumentert fleire stadar, med Stonehenge i Wiltshire, Sør-England som det truleg mest kjente dømet. Enkelte av dei svære blokkene som er nytta i monumentet har blitt frakta dit frå Preseli-fjella i Wales, om lag 200 km unna i luftlinje (Chippindale 1994:185ff). Fenomenet er nok mest diskutert i høve til megalittiske monument (t.d. *ibid*.; Bukach 2003). Nyleg har likevel Joakim Goldhahn (1999:134ff) vist at hellene som er nytta i Sagaholmhaugen sin ristningsutsmykka kantkjede har vore henta frå steinbrot minst 30 km nord for der haugen er lokalisert. Hellene vart truleg frakta på innsjøen Vättern.

Goldhahn (1999:138f) meinar at valet av nettopp denne typen sandstein ikkje kan fullt ut forklarast med tilvising til at steintypen har eigenskapar (den er relativ mjuk etc.) som gjer den særleg eigna til ristningar. Til det er det for mange døme på at rissarar har valt langt hardare steinsortar til "lerret" (*ibid*.). Ein liknande funksjonell forklaringsmodell kunne sjølvsagt tenkjast for Mjeltehaugen sine relativt mjuke skiferheller, men verkar utilstrekkeleg på bakgrunnen av at det skulle vere rikeleg tilgang til stein lokalt på Sunnmøre. For Sagaholm sitt vedkommande meiner difor Goldhahn (*ibid*.:139) det for truleg at valet av stein var motivert ut frå at det var *absolutt naudsamt* å nytte nettopp denne steinen i kantkjeda. Vidare påpeikar han at kunnskapen som var knytt til ristningane i regionen synast å være knytt til særskilde individ og at desse kan ha kontrollert tilgangen til sandsteinsbrota. Kontroll av tilgangen til brota og den lokale gravskikken meinar han kan ha hatt ein liknande sosial funksjon som det kontroll over tilgang til importert bronse hadde i meir bronserike strøk av Skandinavia (*ibid*.) På liknande sett skulle ein difor kunne gå ut frå at valet av stein til Mjeltehaugen sine kammer var legitimert ut frå at hellene *måtte* hentast der dei vart henta.

Det er forskjellar i skala på reisene som måtte utførast for å hente høvesvis Sagaholm og Mjeltehaughellene. Til dømes er 30 km om lag 16 nautiske mil, og denne distansen skulle ha vore tilbakelagt på vel 5 timar om ein nyttar seg av Kvalø (2000; jf. fig. 45 her) sine tal. For å bringe Mjeltehaughellene til Giske har båtmannskapet vore heimanfrå i minimum mellom ei og to veker, men i realiteten truleg lenger. Avstanden til brotstaden inneber truleg også at ikkje alle individ på Sunnmøre hadde kjennskap til denne staden. I alle fall ikkje på same måte. Geografisk avstand kan utnyttast i sosiale strategiar for å legitimere autoritet på eit lokalt nivå (Barrett 1998).

Mary Helms si bok *Ulysses' Sail* (1988) tek for seg etnografiske skildringar av fenomena reising og geografisk avstand i såkalla tradisjonelle samfunn. Grunnleggande for hennar vurdering av fenomena er at rom og avstand verken er nøytrale, homogene eller statiske konsept i tradisjonelle samfunn. Rom vert meiningsladda gjennom sosial samhandling og aktivitetsmønster. Geografiske stadar kan vere familiære og verdslege, men også fylte med kosmiske mysterium. Den makta og dei verdiane rommet er lada med gjev signifikans til handlingar, folk, stadar og ting, anten dei får kvalitetane "ordinære" eller "eksotiske" (*ibid*.:8).

Til dømes kan geografisk avstand verte likna med tid, og fjerne stadar verte knytt til forfedre, gudar, kulturheltar og liknande. Innbyggjarar på fjerne stadar vert tillagt kvalitetar, positive som når dei vert tillagt guddommelege krefter, negative som når dei vert likna med dyr og kulturlause vesen (*ibid*.:33ff). Eksempla Helms syner til viser at det som er "utanfor" den umiddelberre erfaringshorisonten til ei viss grad er lada med mystiske og heilage kvalitetar. Ei følgje av dette er at personane som oppsøkjer desse stadane vert tilskreve eigenskapar som skil dei frå "vanlege folk" (*ibid*.:48f).

Følgjeleg vil eg fokusere på to aspekt som er ei direkte følgje av proveniensen til Mjeltehaughellene. For det første *staden* der hellene vart henta og relasjonen mellom Giske og denne staden. For det andre *personane* som oppsøkte staden og sørgja for at hellene vart frakta til Giske.

Brotstaden til Mjeltehaughellene er mest truleg å finne anten i Trøndelagsområdet eller i Sunnfjord (Askvik 1983). Eg har argumentert for at Trøndelag synast å vere den mest trulege kandidaten av desse to, men det er samstundes vanskeleg å avfeie Sunnfjord heilt. Eg vil presisere at ein ikkje kjenner til ein brotstad i ordet si rette tyding, men eg vel å nytte omgrepet ut frå at denne truleg er å finne innanfor eit av desse to områda.

Ser ein nærare på desse to regionane, så er dei begge etter måten rike på bergkunst knytt til den såkalla jordbrukstradisjonen. På Atløy og Staveneset i Askvoll kommune er den største fortettinga av ristningslokalitetar mellom Hardanger og Sunnhordland i sør og Trøndelag i nord, dersom ein ser vekk frå reine skålgropslokalitetar i Indre Sogn (Mandt 1991; Wrigglesworth 2000). Trøndelag er eit av Skandinavias rikaste helleristningsområde med særleg mange lokalitetar kring Selbuvatnet, i Stjørdalen, på

Skatval-halvøya og ved Steinkjer (t.d. Marstrander & Sognnes 1999; Sognnes 1999a, 2001).

Ser ein på nærområdet til Mjeltehaugen er her nærast eit vakuum når det gjeld ristningslokalitetar. Tre felt er kjent på Roskard (Herøy k.) og Seljeset (Sande k.) på Gurskøy (sjå Bjørn 1916; Mandt 1991:580). Her er mellom anna ein typebestemmeleg båtfigur som i følgje Mandt (1991:323ff) skal daterast til førromersk- eller romersk jarnalder. På Setre i Ørsta k. er det kjent ei granitthelle med to spiralfigurar på. Denne blei funne i ei røys som hadde vikingtidsfunn, og spiralfigurane er ikkje aldersbestemt (*ibid.*:323, 583). Nordover, i Romsdal og Nordmøre, er eit visst innslag av bergkunst frå steinaldertradisjonen (Sognnes 1999a). Eit felt, Bogge IV, høyrer til jordbrukstradisjonen, og er truleg frå slutten av yngre bronsealder (Bakka 1987). Ein einskild båtfigur av "Mjeltehaugtypen" er skrapa inn på ein mala dyrefigur på eit av malingsfelta på Hinna/Honnhammer på Nordmøre (Sognnes 1999b). Sør for Sunnmøre ligg to felt med A1-båtfigurar, Krabbestig og Domba (sjå fig. 40 og 44), på strekninga ned til områda kring Stavfjorden og Atløy (Mandt 1991:566, 577).

Ut frå kjente førekomstar av bergkunst og rådande dateringar av desse, finnast det altså ikkje grunnlag for å hevde at ristningar vart produsert i nærområdet til Giske innanfor eit stort tidsspenn kring tidspunktet for oppføringa av Mjeltehaugen. Derfor reiser følgjande spørsmål seg: Er Mjeltehaughellene henta frå eit "ristningssenter" og brakt til eit "ristningsfritt" område?

Først må ein spørje seg kor vidt dette vakuumet er reelt. Egil Bakka (1980:51) meinte at grunnen til at få ristningslokalitetar er kjent i regionen er at den dominerande bergarten er gneis, som vitrar lett. Ristningane har altså vorte tært vekk av tida si tann. Men dette kan ikkje vere heile forklaringa. Til dømes er ristningane på Henne og Kårstad i Nordfjord rissa i gneis (Mandt 1991:568ff, bergart bestemt av K. Michelsen). Sunnmøre har i nyare tid vore tettare busett enn både Sogn og Fjordane og Nordmøre/Romsdal. Sjansen for at bergkunst skulle verte oppdaga burde difor i teorien vore større her enn i områda i nord og sør. Tradisjonelt har også leiande næringsvegar vore knytt til havet slik at mykje aktivitet har vore knytt til strandsona der ein, ut frå ei generalisering av tilhøva elles på Vestlandet, kunne forvente at ristningslokalitetar var plassert.

Det er vanskeleg å kategorisk avvise at det har vore produsert helleristningar på Sunnmøre i tida kring oppføringa av Mjeltehaugen. Likevel synast det rimeleg at den sterke asymmetrien i mengda ristningar for Sunnmøre i høve til eit område som Trøndelag speglar ein reell tendens i distribusjonen av bergkunstfelt. Dette reiser spørsmål om Trøndelag (eller Sunnfjord) hadde status som ein eller annan form for religiøst/rituelt senter, og om valet av stein frå eit av desse områda skal sjåast i lys av dei strategiane som har utspelt seg i Mjeltehaugritualet. Situasjonen for Sunnmøre har visse trekk til felles med Karmsundområdet. Bronsefunna herfrå kvalifiserar utvilsamt området som eit senter i bronsealder (sjå Myhre 1998). Likevel er her berre kjent to

ristningslokalitetar i området: ein figur av fire konsentriske sirklar på garden Sevland (Fett & Fett 1941:22), og ein enkel liten båtfigur, som ein attpåtil er usikker på om er førhistorisk (Myhre 1998:42f). Store samlingar av ristningslokalitetar finnast derimot eit stykke sør (Åmøy) og aust (Etne/Ølen) for Karmsundet. Skjøllingstadhella viser at ristningar har vore nytta i gravkammer også her (Syvertsen 2003). Dømet Karmsund syner at det ikkje naudsamt er ein korrelasjon mellom sentra basert på bronsefunn og sentra definert ut frå tettleik av ristningar. Kan hende har ristningane vore ei kjelde til makt nettopp fordi ein kunne kontrollere tilgangen til dei? Dette kan på den eine sida gjelde ristningsområde i friluft som ligg utanfor den daglegdagse sfære fordi ein kunne kontrollere kven som reiste og besøkte plassane. På den andre sida kan det gjelde ristningar i graver fordi dei som styrer ritualet også kontrollerar kven som er til stades ved ritualet og kor lenge ristningane skal vere synlege for dei.

Bjørn Myhre har føreslått ein hierarkisk modell for ristningslokalitetane i Rogaland. Mindre lokalitetar plassert spreidd på Nord-Jæren, forståast som kultstadar på gardsnivå. Nord-Jæren sin største lokalitet, Fluberget, foreslåast som kultstad for heile Nord-Jæren, medan felta på Åmøy kan ha vore ein samlingsstad for eit større distrikt rundt Boknefjordsbassenget, inkludert Karmsundet (Myhre 1980:101ff). At ein i liten grad har ristningar lokalt på Karmøy kan difor vere resultat av eit bevisst val av den lokale eliten i bronsealder fordi avstanden til Åmøy kunne utnyttast maktstrategisk.

For å dra det heile attende til situasjonen kring Mjeltehaugen, så må truleg valet av heller i gravanlegget delvis forståast ut frå dei leiande aktørane bak ritualet sine alliansar til personar som kontrollerte brotstaden. Desse har såleis nyttiggjort seg alliansar utanfor lokalsamfunnet i strategiane knytt til den rituelle konteksten til Mjeltehaugen. Kjennskapen til området hellene var henta frå kan ha vore asymmetrisk innanfor samfunna på Giske og næraste omkrins. Med dette meiner eg at ein har vore medviten om denne staden, men kunnskapen om den har teke ulike former. For enkelte har staden vore busett med kjente individ som ein kan ha vore slektskapsmessig knytt til mellom anna gjennom ekteskapsalliansar. For andre har staden truleg berre eksistert gjennom historier, og landskapet kan ha vorte tileigna dels mytiske kvalitetar. Ein sentral komponent ved ritualet omkring Mjeltehaugen kan såleis ha vore det mytedanande omkring staden og personane som reiste dit. Desse mytane kan ha vore veleigna til å legitimere asymmetriske relasjonar på eit lokalt nivå ved å plassere folk ulikt i relasjon til ein fjern stad (jf.Bell 1992:83ff; Barrett 1998).

Tek ein omsyn til at særs få ristningslokalitetar, og ingen som er samtidige med Mjeltehaugen, er kjent lokalt på Sunnmøre, skal kanskje også sjølve ristningane forståast ut frå at dei hadde visse "eksotiske" kvalitetar. Båe aktuelle brotstadar ligg i relativ nærleik til samlingar av ristningslokalitetar og dette kan vere viktig for forståinga av kvifor ein valte stein frå eit område langt borte.

Frode Kvalø (2000:71ff) diskuterar reising i bronsealder ut frå tre hovudgrupperingar av aktørar: den politisk-religiøse eliten, dei reisande og dei ikkje reisande. *Den politisk-*

*religiøse eliten* kan ha vore blant dei reisande, men Kvalø vel å halde dei som skilte kategoriar då spørsmålet slik heller vert ope for tolking ut frå lokale data (*ibid*.:92f). Det reknast likevel med ei tett kopling mellom desse aktørgruppene da eliten må ha ønska å kontrollere dette feltet, sidan det var vesentleg for deira eksistens (*ibid*.). Mary Helms (1988:kap. 4) hevdar også at kontakt med geografisk fjerne stadar i første rekke er ei sak for samfunna sine religiøse og politiske elitar. *Dei reisande aktørane* vert definert som gruppe ut frå dei kunnskapane dei har om ferdsel i det maritime element (sjå Kvalø 2000:kap. 4), og gjennom det systemet av kulturell meining tillagt desse kunnskapane (*ibid*.:72f, 92). Gruppa *ikkje-reisande* konstituerast i denne samanheng ut frå å vere avskåre frå førstehandskjennskap til geografisk fjerne stadar og maritim ferdsel (*ibid*.:73). For Mjeltehaugen sin del er det vanskeleg å sjå at det sistnemnte aspektet ved ”dei ikkje-reisande” har nokon relevans. Mjeltehaugen og Giske ligg i eit utprega kystmiljø der dei fleste må ha beherska maritim ferdsel på ein eller annan måte. Eg går likevel ut frå at ikkje alle hadde same føresetnader for å organisere langferder (mannskap, proviant etc.) og å halde ved like relasjonar til personar i områder langt unna.

Morten Hanisch (2001) nemner reisemotivet i samband med ein diskusjon om handlingsideal knytt til ære i norrøn tid og korleis dette er uttrykt i gravmateriale frå eldre jarnalder. Den unge mannen si reise er vektlagt i fleire skriftlege norrøne kjelder (*ibid*.:28 med tilvisingar). Hanisch spør om det å reise heimanfrå for å tileigne seg ny kunnskap, kan ha vore eit ideal knytt til den unge mannen for å tre inn i sin neste status. Ved å knyte reisemotivet opp mot overgangen til ny status, kan også reisa forståast som eit overgongsritual (Hanisch 2001:28). Handlingar knytt til reise og kontakt med fjerne stadar kan også forståast å aktivt kunne nyttast strategisk til å definere kva den nye statusen skal innehalde. Reisa knyter seg naturleg til det å kunne skape og vedlikehalde alliansar. På eit lokalt nivå kan det å kunne vise til kunnskap om fjerne stadar vere ein sentral strategi i maktdiskursen. I staden for å setje likskapsteikn mellom ”eliten” og dei reisande aktørane, skal kan hende dei reisande aktørane forståast som aktørar med *ambisjonar* om makt.

Ein kan då tenkje seg to moglegheiter basert på om samfunnet skal forståast innanfor eit ”big-man-system” eller eit ”høvdingdømme-system”. I eit ”big-man system” er makt knytt til personlege eigenskapar og personlege ytingar. Makt er ikkje noko du er født til eller arvar, men noko du oppnår gjennom eigne handlingar. Dersom ein ”big-man” døyr oppstår eit maktvakuum, og ein kan forvente at personar med ambisjonar om å overta denne posisjonen konkurrerar gjennom å vise til personlege eigenskapar og dra nytte av sine alliansar. Ein tidlegare autoritetsperson kan sjølvsagt ha vore blant dei gravlagde i Mjeltehaugen, og dei rituelle handlingane kan delvis ha si forståing i ambisiøse aktørar sine forsøk på å fylle det vakuumet denne etterlet seg. Innanfor dette systemet kan tilveieskaffinga av Mjeltehaughellene vere ei slik handling der personleg dugleik (handling i sjømiljø) og alliansar (til mannskapet og kontakt med leiande personar ved brotstaden) vert manifestert.

Likevel er det noko med at det alliansenettverket som synast å vere i spel i Mjeltehaugritualet strekkjer seg eit godt stykke utanfor det lokale. I ”big man”-systemet er nettverka utprega lokale (Eriksen 1993:188). Dette kan bety at eit høgare nivå av politisk integrasjon er meir relevant for forståinga av Mjeltehaugen. Sjølv om makt er institusjonalisert, er det sjølvsagt ikkje naudsamt slik at det er gitt kven som skal overta ved ein autoritetsperson sin bortgang. Personlege eigenskapar er heller ikkje irrelevante for kven som kan sitje i ein institusjonalisert posisjon (jf. *ibid.*). Difor kan ein liknande konkurransesituasjon som skildra ovanfor også ha blitt satt i gang innanfor eit slikt system. Personar med maritim kunnskap kan ha hatt ein fordel her fordi dei hadde kontaktar utanfor lokalsamfunnet. Eg finn det også truleg at den maritime kunnskapen til ei viss grad kan ha vore førehalde menn i dei leiande slektene, og at denne kunnskapen kan ha vore eit viktig aspekt ved deira sosiale identitet (jf. Hanisch 2001:28). Ved å spele ut dette kortet i den rituelle konteksten har dei ytt sitt for å skape myta om seg sjølv som personar med kontaktar utanom det vanlege, og såleis skapa legitimitet for å  tre inn i autoritære roller i lokalsamfunnet.

## Konklusjon

Hellene sin proveniens knyter Mjeltehaugen til ein geografisk lokalitet langt utanfor Giske og nærområdet. Eg har her presentert ei tolking der eg ser dette i lys av strategiar som har utspela seg i den rituelle konteksten. Ved å knyte seg opp mot eit fjernt område har ein manifestert kontaktar og nettverk, og dermed styrke. Dei reisande aktørane ser ut til å ha spela ei sentral rolle i ritualet, og eg vel å sjå (den maritime) reisearenaen som ein potensiell kraftfull arena for legitimering av autoritet i bronsealdersamfunna i Vest-Noreg. Ei rekkje asymmetriske relasjonar internt i samfunnet og utanfor vert på denne måten synleggjort og legitimert gjennom ritualet (jf. Bell 1992 82ff; Bourdieu 1996). Det gjeld til dømes asymmetrien mellom dei som reiser og ikkje reiser og folks ulike relasjonar til og kjennskap til ein geografisk fjern stad. Deltaking i reiser kan såleis gje seg utslag i autoritet gjennom økonomisk og redistrubutiv makt, og makt i form av religiøs og rituell kunnskap.

At hellene er dekorert med ristningar kan vere nær knytt opp til valet av å hente hellene i det aktuelle området. Det kan innebere at ikkje berre hellene var viktig, men også den kunnskapen som var knytt til ristningane. Følgjer ein dette resonnementet vidare kan kontakten med brotstaden innebere noko meir enn kontakt med dei som kontrollerte brotstaden. Det skulle også medføre at kontakt med personar som hadde kunnskap om å lage ristningar også er ein sentral komponent i forståinga av den reisa som er utført i ritualet. Grunnlaget for forståinga av ristningane sitt symbolspråk kan også ha vore ulik mellom dei aktørane som var tilstades ved gravlegginga, og såleis også ha verka forsterkande på asymmetriske relasjonar lokalt.

Kapittel 9

# Frå inhumasjon til kremasjon

*"...do not have my bones laid apart from yours, Achilleus, but with them, just as we grew up together in your house..." (frå Homers Illiaden, etter Mc Kinnley 1997:143)*

I periode II og III av bronsealder skjer endringar i gravskikken, først og fremst synleg ved at kremerte bein vert eit vanlegare innslag i det arkeologiske gravmaterialet. Etterkvart skjer også andre endringar: kistene vert mindre og i yngre bronsealder opptrer urner som behaldarar for dei brente beina. I mindre grad vert det bygd nye haugar og røyser. Tendensen er heller å plassere gravene i haugar og røyser som har prega landskapa ei tid. I det følgjande vert forståinga av desse endringane diskutert. Eg har valt å leggje opp diskusjonen kring kva kremasjon inneber i høve til inhumasjonsgravleggingar. Dette fordi valet av kremering kan vere nært knytt til forståinga av enkelte rituelle strategiar ved gravleggingane i Mjeltehaugen. Eg legg opp til ein brei diskusjon omkring material frå nordisk bronsealder, og trekk linjene til Mjeltehaugen mot slutten.

## Overgongen til kremasjonsgravskikk i nordisk bronsealder – eit faghistorisk sveip

Den arkeologiske litteraturen om emnet overgongen til kremasjonsgravskikk i nordisk bronsealder har i stor grad diskutert overgongen ut frå spørsmål om religiøs endring og/eller diffusjon. Ein av dei mest inngåande diskusjonane om problemfeltet i arkeologi før siste verdskrig finn vi hjå Georg Sverdrup i boka *Fra gravskikk til dødstro i nordisk bronsealder* (Sverdrup 1933). Sverdrup opponerte her mot arkeologar som Sophus Müller, Oscar Montelius, Gustaf Gustafson og Haakon Sheltelig som meinte at overgongen til kremasjonsskikken gjenspegla eit "fullstendig skifte i dødstroen" (Sverdrup 1933:94). Til dømes hadde Shetelig skreve at kremasjonsskikken må gjenspegle "en revolutionerende omvæltning i tanker og tro om døden, og om et liv

efter dette" (Shetelig 1925:89). Sverdrup ser på si side ikkje noko brot i *førestillinga* med denne endringa (Sverdrup 1933:95f, 148). Derimot meinar han at *forholdet* til den døde har endra seg, og at ein hovudtanke i likbrenninga kan vere beina si tyding for livet (*ibid.*:95f, 126). Han underbyggjer dette etnografisk, og viser mellom anna til den indiske Rigveda der han meinar ein ikkje kan spore nokon mentalitetsforskjell mellom kremasjon og inhumasjon (*ibid.*:98f). Han peikar på at kremasjonsgraver kan påvisast alt i eldre bronsealder og at dei to praksisane dermed er samtidige i ei lengre periode. Han vektlegg også at dei eldste kremasjonsgravene elles ikkje skil seg vesentleg frå inhumasjonsgravene og at endringar i gravpraksis i samband med kremasjonsgravskikken skjer gradvis (*ibid.*:100f). Han viser at det er problematisk å utpeike eit spesielt senter i Europa kor kremasjonsskikken har spreidd seg frå, og meiner ein ikkje kan utelukke at den har oppstått fleire stadar uavhengig (*ibid.*:62).

For Johs. Brøndsted (1939:107) er det på den andre sida klart at skikken har spreidd seg til Danmark frå kontinentet. Han diskuterar følgjande moglege årsaker som verka for at skikken vart adoptert i Norden: 1) ein samanheng med åkerbruksritual gjennom elden si symbolske tilknyting til sola, 2) brannoffer for å endre tinga sin eksistens, 3) frykt for den døde, 4) eit medium for å frigje den døde si sjel slik at denne skulle kunne entre dødsriket, og 5) hygieniske årsaker (*ibid.*:107ff). Dei fleste av desse finn han lite trulege, men antydar at elden som frigjevingsmiddel kan ha spela ei rolle (*ibid.*:110). Han peikar dermed på at det kan ha med ei religionsendring å gjere. Samstundes viser han at kremasjonsgravene frå eldre bronsealder er deponert på same vis som inhumasjonsgravene, og forklarar dette med at ideane særs langsamt har fått klarare materielle utrykk (*ibid.*).

Den største styrken i både Brøndsted og Sverdrup sine diskusjonar er at dei får fram kor gradvis og langvarig denne overgongen var. Det er også eit viktig poeng at dei to praksisane eksisterer jamsides i eldre bronsealder, og at det er først ved overgongen til yngre bronsealder at kremasjonsskikken vert einerådande.

Seinare forskarar har for ein stor del vore opptekne av kva religiøse førestillingar har hatt å seie for gravskikken. Bo Gräslund (1983) meinar til dømes at det i høve til førestillingar om livet etter dette ikkje treng vere nokon radikal skilnad uttrykt i branngraver versus jordfestegraver. Ikkje minst fordi overgangen i bronsealderen fann stad som, det han kallar, ein påfallande rolig og jamn prosess (*ibid.*:49). Kristina Jennbert (1988, 1992) ser gravpraksisane og gravrituala i lys av mentalitet; dei reflekterar ideologi og religion (Jennbert 1992:93). Ho meinar følgjeleg at noko hender med den ideologiske og religiøse bakgrunnen når kremasjon etterkvart byrjar å dominere over inhumasjon i bronsealder (*ibid.*:101), men kjem ikkje inn på kva som konkret ligg i desse endringane. I følgje Eva Weiler (1993:156) representerar overgongen til kremasjonsgravskikk ei oppfatning om at kropp og sjel vert skilt i døden og at sjela tek tilhald ein annan stad enn på gravplassen. Motsett ser ho inhumasjonsgraver som uttrykk for ei oppfatning om at den døde har ein kroppsleg eksistens i tilknyting til grava.

Anders Kaliff (1997) tar kremasjonskikken opp til inngåande diskusjon med utgangspunkt i utgravingane på Ringeby-gravfeltet i Östergötland i Sverige med gravleggingar frå yngre bronsealder og førromersk jarnalder. Han ser kremasjonsskikken først og fremst i samband med eskatologiske førestillingar om reinkarnasjon og oppfatningar om at menneskja har to eller fleire sjeler (*ibid*.:79). Konkret om den dominansen som kremasjonskikken får utetter bronsealderen, hevdar han at dette ikkje treng å bety noko tradisjonsbrot eller religiøs endring. Han ser heller for seg visse forandringar av kulten og av visse førestillingar i eit religiøst system, som like fullt er prega av kontinuitet. Til dømes meinar han at ein kan tenkje seg at kremasjonsskikken innebar ei auka vektlegging av kroppen sin oppløysing for sjela si frigiving, men dette berre som ei delforandring innan eit rådande truskompleks (*ibid*.:84). Sentrale idear innan dette komplekset var også soldyrking og livet og årstidene sine syklusar (*ibid*..78). Skikken sin innføring i Norden ser Kaliff som eit resultat av kontakt med kontinentet (*ibid*.:83).

Terje Østigård (1998:125f) rettar ein del kritiske merknader til Kaliff. Blant anna kritiserar han Kaliff sin bruk av analogiar frå hinduisme og buddhisme. Sidan både inhumasjon og kremasjon vert praktisert innanfor desse religionane utan at det ligg eskatologiske forskjellar i det (begge praksisar er retta mot reinkarnasjon), kan ein ikkje på grunnlag av desse hevde at berre kremasjon representerar ein reinkarnasjonstankegang. Ein annan kritisk merknad er at Kaliff ikkje gjer noko forsøk på å dele gravferdene i rituelle fasar før han problematiserar kva eskatologiske konsept dei representerar (*ibid*.).

## Handsaming av døde og rituell handling

Religiøse og diffusjonistiske forklaringsmodellar har altså vore sentrale i tidlegare forsøk på å forklare skiftet frå inhumasjonsgraver til kremasjonsgraver som skjer i løpet av bronsealderen i Norden. Det er samstundes problem knytt til begge typane modellar: Å forklare overgongen til kremasjonsgravskikk ved å vise til eit religionsskifte er ikkje ei fullgod forklaring då den ikkje forklarar *kvifor* eit eventuell slik skifte vart akseptert (Goldhahn 1999:181f). Med andre ord; endra religion er ikkje ei forklaring, men noko som i seg sjølv må forklarast. Ei heller vil ein diffusjonistisk modell vere tilfredsstillande utan at ein forklarar kvifor det kulturelle trekket vert 'adoptert' av nye grupper (Kristiansen 1998; Engedal 2002:101). Goldhahn (1999:195) peikar også på at diffusjonistiske modellar der kremasjonsgravskikken forklarast ut frå kontakt med Urnefeltskulturen ikkje held mål på kronologisk grunnlag.

Eg vil her diskutere frå eit perspektiv som først og fremst tek utgangspunkt i gravrituala, handlingsaspekta ved desse og dei analytiske fasane ein kan dele rituala inn i (jf. Østigård 1998:125f). For det andre vil perspektivet ta spesifikt utgangspunkt i den særlege situasjonen i nordisk bronsealder. Gravritual er midlar til å nå mål som til dømes den døde sin reinkarnasjon og samfunnet sin reintegrasjon. Eit arkeologisk gravmateriale vil innehalde spor etter kva for midlar ein har nytta for å nå måla.

Situasjonen i periode II og III av bronsealderen er at minst to ulike middel (inhumasjon og kremasjon av den døde) er arkeologisk identifiserlege. Om desse representerar eitt eller to mål, har derimot vore oppe til stadig diskusjon (jf. den korte faghistoriske gjennomgangen ovanfor). Enkelte har argument for at dette må innebere endringar i korleis ein har oppfatta menneska som ein del av altet (t.d. Shetelig 1925:89; Jennbert 1992). Samstundes er det vist at begge praksisar kan eksistere innanfor same eskatologiske rammeverk (t.d. Sverdrup 1933; Gräslund 1983; Østigård 1998).

Det kan difor vere nyttig å leggje spørsmåla om religiøs endring og diffusjon litt i bakgrunnen, og heller prøve å gå laus på problematikken frå ein annan ståstad. Situasjonen i periode II og III er at to praksisar eller strategiar eksisterar side om side. Dei praktiske utføringane av desse strategiane (dei rituelle handlingane) ved kvar gravlegging, vil ha virka tilbake på strukturane, og strukturert framtidige gravleggingar: ”The making of each death will have structured the material conditions against which each future burial ritual will have been worked” (Barrett 1994:115). Det er arkeologen sitt privilegium å vite at det langsiktige resultatet av desse handlingane var at den eine praksisen, kremasjon, etterkvart vart dominerande. Dette gjer også arkeologen i stand til å spørje om det kan vere noko ved denne praksisen, i kontrast til den andre, som gjorde den til ein meir fordelaktig strategi? Eg vil difor fokusere på *kontrasten* mellom inhumasjonsgravene og kremasjonsgravene i høve til rituelle handlingar.

## Inhumasjonsgraver i eldre bronsealder

Paul Treherne (1995) tek for seg dei såkalla krigargravene frå eldre bronsealder ut frå korleis den maskuline kroppen, og dermed den maskuline identiteten, vert presentert i døden. Han meinar desse gravene, måten kroppane er manipulert og presentert i grava, viser til at dei etterlevande har vektlagt ein spesifikk *death style*, ein sosiokulturell føreskreve måte å forlate livet på (*ibid.*:106), i presentasjonen av den døde i gravkonteksten. Handlingar knytt til manipulasjon og stell av den døde kroppen vil høyre heime i perioden før sjølve gravlegginga (Hertz 1960; Østigård 1998), og kan forståast som strategiar for korleis dei gjenlevande ønskjer at den døde skal framstå. Slik vart det skapt eit spesifikt bilete av den avdøde og hans identitet overfor dei som var tilstades i gravritualet (Treherne 1995:120).

I det danske eikekistematerialet er enkelte kroppar bevart så godt at dei har ein usedvanleg høg informasjonsverdi når det gjeld korleis desse døde individa har blitt framstilt (t.d. Boye 1896; Jensen 1998; Kyvik 2002). Blant anna er både hovudhår og kjønnshår funne, men aldri skjegg: toalettartiklar funne i gravene setjast i samband med barbering, og står som uttrykk for kroppslege ideal knytt til kategorien ”krigarar”, både i livet og i døden (Treherne 1995:121ff). Saman med krigarutstyr (sverd), ofte lagt ned først etter at liket var dekka av kuhud eller liknande (*ibid.*:121), vart ideal knytt til den sosiale kategorien skapt.

Ein liknande innfallsvinkel skulle kunne nyttast på kvinnegraver frå same periode.

Marie Louise Stig Sørensen (1992:43ff, 1997) har analysert kvinnedrakter (klede og smykke) frå bronsealder i høve til sosiale kategoriar og identitet. Hennar fokus er fremst på korleis draktene er nytta og endra gjennom sosiale kategoriar i ulike fasar av livet (t.d. ugift/gift). Då materialet ho byggjer på i det vesentlege er henta frå gravfunn, skulle det ikkje vere noko i vegen for å også sjå det som uttrykk for presentasjon av spesifikke kvinnelege identitetskategoriar i gravritual.

Det er på den andre sida eit praktisk problem med eit ønskje om å presentere "eit vakkert lik" (jf. Treherne 1995). Problemet ligg i at den døde kroppen er i ferd med å gå i oppløysing. Dette skulle innebere at det er ei grad av tidspress i denne rituelle strategien. Dekomposisjonen av den døde kroppen inneber lukt og endring av kroppen sin utsjånad. Det er også vanlig at blod samlast ved leppene og i naseborrane på døde kroppar (Barber 1990:383). Slike prosessar synast å stå i eit motsetnadsforhold til strategiane omkring kroppen i desse gravene. Det er dermed ikkje sagt at haldningane til slike prosessar er negativt lada i alle samfunn (jf. Metcalf & Huntington 1991:72ff). Til dømes ser forråtnelsesprosessane ut til å ha spela ei sentral rolle i dei rituelle praksisane knytt til gravleggingar i neolitiske megalittmonument (t.d. Tilley 1996: kap.5; Thomas 1999:136). Det danske eikekistematerialet gjev ein unik moglegheit til å sjå nærare på inhumasjonsgravene frå eldre bronsealder, mellom anna med tanke på tempoet i rituala som vart utført kring desse.

Kor spesifikk kan ein vere når det gjeld tidsbruken ved oppføringa av gravene med eikekister? Kor lang tid har gått frå dødsaugneblinken til kistene vart lukka og haugen oppført over kistene? Eksperiment gjort av ein modell av Egtved-haugen ved forsøkssenteret i Lejre, Danmark gir enkelte haldepunkt når det gjeld tid knytt til oppføring av haugen (Kyvik 2002:52ff & 71ff med tilvisingar). Sentralt i dette er spørsmåla om korleis det har vorte danna konserverande jarnkapper i haugane og eikekistene si rolle i konserveringa av lika.

Forsøket viste at jarnkappa må ha vorte danna ved såkalla redoxprosessar. Desse prosessane skjer i vatnhaldig jord. Den biologiske aktiviteten vil føre til at oksygenet i jordmassen vert oppbrukt og anaerobe (oksygenfattige) tilhøve oppstår. I det anaerobe miljøet vert jarnet i jorda omdanna og ført til meir aerobe (oksygenrike) område. Dersom grensa mellom anaerobe og aerobe jordlag er skarp, kan det oppstå ein jarnutfellingsprosess i eit avgrensa område og føre til at eit hardt og lufttett jarnlag vert danna. Dette er observert i "eksperimenthaugane". Prosessen føreset at store mengder vatn vert tilført kjernen til haugen (*ibid.*:55f med tilvisingar). Dersom jarnkappene er danna ved redoxprosessar, betyr det at oppføringa av haugane har skjedd som ein samanhengande byggeprosess (*ibid.*:71 med tilvisingar). Dette setter grenser for kor lenge liminal- og inkorporasjonsfasen kan ha vart (Kyvik 2002:71).

Det har nyleg vorte publisert ein artikkel om eksperiment som er konsentrert om tilhøva for bevaring i sjølve eikekistene i høve til haugkonstruksjonen (Breuning-Madsen et al. 2003). Eksperimenta er gjort med grisekroppar og i kistene har vore

plassert utstyr for å måle oksygentilførselen. Testane syner at dersom eikekistene står udekka, så vil oksygentapet frå kistene halde fram og kroppane i kistene vere rotna i løpet av eit par månader (*ibid.*:344ff). Det vart utført to eksperiment der kistene vart dekka av haug. I det eine tilfellet let ein kista stå eksponert i 11 dagar før ein dekka den med eit tynt lag grastorv utan å påføre vatn. Dermed vart inga jarnkappe danna. Oksygentapet var konstant i dei 11 første dagane. Etter at kista var plassert i haugen, starta det gradvis å utvikle seg anaerobe tilhøve inne i kista, og etter om lag 30 dagar i haugen var oksygenet i kista brukt opp (*ibid.*:346f). I det andre tilfellet let ein kista verte dekka av eit tjukkare lag grastorv med det same og ein skapte ei fuktig kjerne i haugen. I løpet av seks dagar, kor av to gjekk med til å byggje haugen, sank oksygentapet frå kista raskt og opphøyrde heilt (*ibid.*).

Breuning-Madsen et al. (*ibid.*:349f) konkluderar med at kistene må ha blitt dekka til relativt raskt. Vidare synast dei å føretrekke ei tolking der eikekistene har vorte mellombels gravlagde, i månader og kanskje år, i påvente av den endelege gravlegginga i haugen (*ibid.*350). Innleiingsvis i artikkelen er det peika på at enkelte haugar inneheld fleire eikekistegraver, noko dei hevdar tydar på akkumulering av dødsfall før den endelege haugen har vorte reist. Det er også peika på at det må ha tatt tid å organisere den folkemengda som måtte til for å reise haugane (*ibid.*:344). Gro Kyvik (2002) si tolking av gravleggingsprosessen ved Borum Eshøj skil seg frå denne. Ho ser for seg haugen og *alle* dei tre gravleggingane som ei kontinuerleg rekke av hendingar, og ser det som sannsynleg at dei representerar samtidige dødsfall (*ibid.*:71ff). Ritualet, dvs. tidssekvensen frå dødsfalla og fram til heile haugen var ferdig oppført, kan ikkje ha vart i meir enn eit par månader (*ibid.*:74).

Det synast klart etter Breuning-Madsen et al. (2003) sine eksperiment at eksponeringa av dei døde må ha gått føre seg i eit avgrensa tidsrom. Om ein har avgrensa seg til å berre byggje ein mindre haug i første omgang, eller om ein har bygd heile haugen i ein samla tidssekvens er så langt eit ope spørsmål. Nokre detaljar som er påpeika ved utgravingane av ein del haugar med eikekister tydar på at dersom kistene har vore gravlagde i mellombelse haugar, så har desse ved haugen sin endelege oppføring vorte inkorporert i haugen. Det er altså neppe tale om kistene først har vore gravlagde andre stadar i landskapet for så å verte grave opp og endeleg gravlagde i storhaugen. Eg vil rette merksemda mot er påvising av spon etter tilverkinga av kistene, som i alle fall er påvist i to haugar (Borum Eshøj og Gullhøj). Spona er funne like ved kistene, og syner at kistene er tilvirka ved staden der dei seinare vart funne. Til dømes gjeld dette for båe dei to kistene i Borum Eshøj som vart grave ut sakkyndig (Boye 1896:52f, 56, 72). At spona er gjennfunne ved kistene bør også peike i retning av at staden har vorte forsegla av jordmassar ikkje lenge etter tilverkinga. Gro Kyvik (2002:74) har i tillegg peika på at dersom eventuelle mellombelse haugar har stått eksponert over lengre tid vil det ha danna seg vegetasjonsdekke over dei. Slike dekke er ikkje påvist ved utgravingane. Difor reknar eg Gro Kyvik (2002) si tolking av tidssekvensen for Borum Eshøj som noko meir truleg enn Breuning-Madsen et al. (2003) sin. Det



**Figur 50.** *Den kroppslege estetikken slik den kjem til uttrykk i eikekistegrav frå Ølby i Danmark. Etter Boye 1896.*

synast ikkje å vere resultata frå eksperimenta som leiar dei til å rekne med lange tidssekvensar, men deira syn på *organiseringa* av rituala (*ibid.*).

Altså bør ein kunne konkludere med at dei døde kroppane si rolle i rituala ved eikekistehaugane har vore avgrensa til relativ kort tid. Eksponeringa av dei døde framfor dei som var tilstades i rituala har synt dei døde fram i høve til idealiserte sosiale kategoriar. Nært knytt til dette vil eg hevde er ein vektlegging av ein kroppsleg estetikk i gravleggingane (jf. Fredriksen 2002:90). Etter kort tid (nokre dagar) har ei dyrehud vorte lagt over den døde, i enkelte tilfelle eit sverd over dette igjen. Kistene har vorte lukka og haugbygginga kan ha byrja ganske umiddelbart.

Denne kroppslege estetikken uttrykt ikkje berre i eikekistegravene, men i ei rekkje andre inhumasjonsgraver frå eldre bronsealder, kan ha konsekvensar for korleis vi bør sjå på desse rituala og dei rituelle sekvensane si utstrekning i tid (jf. Kyvik 2002). Sjølv om mykje av skjelettmaterialet frå desse gravene ofte er borte, syner gjenstandsmaterialet si plassering til ei tilknyting til kroppen (t.d. Brøndsted 1939:47f; Myhre 1980:72ff; Treherne 1995:112f; jf. fig. 50). Ein konsekvens av dette perspektivet er at den døde kroppen er tilgjengeleg for dei etterlevande i eit relativt kort tidsperspektiv før den vert gravlagt (Treherne 1995:113). Dersom vi ser den rituelle sekvensen som strukturert av idear om den døde kroppen (Hertz 1960; van Gennep 1999:104f), ser den liminale fasen ut til å ha relativ kort varighet. Lukkinga av kistene kan representere avslutninga av den liminale fasen (jf. Kyvik 2002:84f). Oppføringa av haugen har klare trekk av inkorporeringsritual gjennom den kollektive arbeidsinnsatsen som styrkar gruppa sin identitet og legitimitet (jf. Goldhahn 1999:207; Kyvik 2002:85).

## Kremasjonsgravene frå eldre bronsealder

Eit mykje nytta døme frå dei tidlegaste innslaga av kremasjonsgraver i Norden er Hvidegaardsfunnet frå Sjælland, datert til periode III (Brøndsted 1939:111; Lomborg 1981; Randsborg 1993:122ff; Kaul 1998:16ff). Grava inneheld likevel fleire trekk frå inhumasjonspraksisen: Beina var lagt oppå eit okseskinn i ei mannslang kiste og



***Figur 51.*** *Kremasjonsgrava frå Hvidegård slik den fortona seg etter at takhella var fjerna. Teikning frå Herbst 1848.*

klede lagt over beina nett som ein ville finne det lagt over eit ubrent lik i ei eikekiste. Over kleda var plassert eit sverd i slire som typisk i mannlege ubrente graver frå eldre bronsealder (fig. 51). Grava kan difor seiast å uttrykke både tradisjon og fornying (Kaul 1998:16f). I grava låg også ei skinntaske med ei rekkje "bisarre" gjenstandar som kanskje skal tolkast dit hen at den (dei?) gravlagde var sjaman (Randsborg 1993:124). Undersøkingar har avslørt at beina truleg stammar frå to personar, ein mann og ei kvinne (Lomborg 1981:76).

Karakteristikken "tradisjon og fornying" kan ein gje fleire av kremasjonsgravene frå eldre bronsealder då trekk som peikar på inhumasjonsgravene ikkje er noko særtilfelle for Hvidegaardsgrava (Brøndsted 1939:108; sjå også gravene som vart diskutert i det femte kapittelet). Kremasjon kan difor sjåast som meiningsfull i høve til inhumasjonspraksisen og ikkje utelukkande i høve til seg sjølv (jf. Mizoguchi 1993:231). Innanfor Wessex-kulturen i England er det ein liknande tendens i gravmaterialet på 1600-talet f.Kr. med kremasjonsgraver først side om side med inhumasjon, før kremering vert den dominerande praksisen (Barrett 1990:183ff). Barrett ser kremasjonspraksisen som ein strategi for å utvide det romlege og tidsmessige omfanget av den rituelle prosessen, slik at fleire menneske vert involvert i den gjennom prosesjonar, ofringar og festar. Dermed forsterkar den gravrituala sin effektivitet når det gjeld reproduksjonen av maktrelasjonar (ibid.:186).

## Kremasjon

Kva inneber ritual med kremering i høve til ritual omkring inhumasjonar? Eit viktig poeng med kremasjon er at sjølve kremasjonshandlinga, brenninga av den døde, oftast ikkje er nok i seg sjølv. I tillegg utførast komplimenterande ritual ved gravlegginga av dei brente beina. Dermed er det ei mellomperiode i tid og stad mellom desse rituala (Hertz 1960:42f; Oestigaard 1999:350).

Det vert ofte peika på at mellomperioden kan ha ei lang utstrekning i tid: "Cremated bones may be kept for many years prior to burial, perhaps awaiting mingling with the bones of individuals still alive" (Parker Pearson 1999:7). Følgjeleg vil det vere eit tidsmessig større rom for handling som fornyar og reorganiserar relasjonar mellom dei levande og mellom dei levande og dei døde (Oestigaard 1999:351). Dermed gjer kremasjon det mogleg med praksisar som skildra i sitatet frå Parker Pearson, og som er ein mogleg bakgrunn for dei åtte gravene i Mjeltehaugen også. Fleire graver frå bronsealderen som har vorte undersøkt osteologisk, har vist seg å innehalde bein frå fleire enn eit individ. Både situasjonar med bein frå fleire individ i same urne, og situasjonar med fleire urner med ulike individ i same kammer er kjent (t.d. Stjernquist 1961:91ff; Holck 1986:250). Eit døme frå England synte at beina frå to individ låg i klart avgrensa lag i urna som om dei var deponert i den ved to ulike høve. Dette framkom som eit resultat av nøye utgraving og katalogisering av beina i urna (McKinnley 1997:142f). Jaqueline McKinnley syner til at ei mogleg forståing av dette kan sjåast i skildringar frå Illiaden og Odysseen der Achilles sine brente bein vert lagt i urne saman med sin *tidlegare* døde venn, Patroclus (McKinnley 1997:142f). Ved tre høve på Simris-gravfeltet i Skåne er urner med eit individ grave ned, og gropa fylt att med bein og kremasjonsrestar frå eit anna individ. Berta Stjernquist peikar på at kremasjonane ikkje treng vere samtidige, men at *deponeringane* ser ut til å vere det (Stjernquist 1961:91).

Eksempla med fleire individ i samtidige gravdeponeringar syner kanskje til ein tendens vekk frå det individfokuserte og over mot meir kollektive uttrykk i samband med kremasjonsgravskikken sin vaksande praktisering. I alle fall når det gjeld gravdeponeringskonteksten. Treherne (1995:105f) sitt perspektiv kan da også kritiserast for å omfatte for lange linjer når han legg opp til det mannlege krigaretoset som ein seig struktur med kontinuitet langt inn i jarnalder (Gilchrist 1999:66).

Det arkeologiske materialet frå kremasjonsgraver synleggjer også andre praksisar som har vorte utført i mellomfasen. I fleire tilfelle har dei kremerte beina vorte handsama vidare etter at sjølve kremeringa er ferdig. Døme på dette er reinsing og knusing av dei kremerte beina (Weiler 1993:160; Kaliff 1997:88f). Fleire kremasjonsgraver inneheld så små mengder bein at heile individet ikkje kan ha blitt deponert i kista eller urna (t.d. Holck 1986:247-331; Kaliff 1997:87). Kaliff har vist at dette ikkje kan forklarast ved at ein ikkje har teke seg bryet med å samle opp alle beina frå staden der kremeringa fann stad, eller at enkelte bein har rotna vekk (Kaliff 1997:87, 90). Medan vekta av kremerte bein frå eit vakse individ er om lag 3000 g, var gjennomsnittsvekta av beina frå Ringebygravfeltet 159 g (ibid.). Dette tydar på at beina kan ha inngått i ritual i mellomperioden frå kremasjonen til den endelege deponeringa av i alle fall enkelte av beina i grava (ibid.:92). Kaliff viser vidare til fleire døme der brente menneskebein er funne i andre kontekstar enn grav, som til dømes i samband med buplassar, i stolpehol, brønnar og i "skärvstenshögar" (*ibid.*:93ff). Slike deponeringar kan vere vanskelegare å identifisere arkeologisk enn bein deponert i tradisjonelle gravkontekstar.

Likevel skulle desse døma vise at det i nordisk bronsealder har vore rituelle praksisar knytt til kremerte bein i mellomfasen. Ei forståing av desse praksisane kan liggje i dei eskatologiske konsepta dei representerer (sjå drøfting i Kalliff 1997), men måten desse praksisane har involvert personar i ritualet og strekt mellomfasen ut i tid kan også vere ein del av den totale forståinga av kremasjonspraksisen i bronsealder (jf. Barrett 1990:186). Ein annan praksis som synst nært knytt til kremasjon og mellomfasen si potensielt lange utstrekning i tid er samla deponeringar av individ som kan ha døydd og vorte kremerte til ulik tid (sjå ovanfor). På denne måten kan ritual for fleire individ ha vorte fletta saman i konteksten kring den endelege deponeringa.

## Oppsummering og avsluttande diskusjon

Denne særs generelle framstillinga av endringar i det arkeologiske gravmaterialet i eldre bronsealder og eit stykke inn i yngre bronsealder, er meint å vise moglegheita ved å fokusere på den rituelle konteksten når det gjeld endring i gravskikk. Eg har lagt vekt på at ei kontrastering mellom inhumasjonspraksisen og kremasjonspraksisen kan vere relevant for forståinga av endringa i gravskikken i bronsealderen. I realiteten må denne endringa forståast som to sameksisterande praksisar der den eine over tid vinn dominans over den andre. Eg har vektlagt at ein viktig kontrast mellom desse to praksisane er moglegheita for manipulering av tid i kremasjonsgravskikken, og då særleg ved å strekkje ut tid. Dermed kan kremasjonskikken sin dominans på lang sikt vere eit resultat av dei erfaringane ein gjorde seg i gravritualkonteksten (jf. Barrett 1994:115). Ein sentral erfaringsmessig faktor kan ha vore kremasjonspraksisen sin effektivitet i reproduksjonen av maktrelasjonar (jf. Barrett 1990:186).

Kremasjon skapar større rom for handling i mellomfasen, og val av kremasjon kan difor vere eit strategisk val for å skape handlingstid. Når kremasjon er valt i enkelte tilfelle i eldre bronsealder treng det ikkje tolkast som uttrykk for eit religionsskifte. Kremasjonsgravene frå eldre bronsealder inneheld såpass mange likskapstrekk med inhumasjonsgravskikken at dette synast lite sannsynleg. I staden kan det vere uttrykk for gravleggingar i konkrete situasjonar der tid var ein vesentleg faktor for dei gjenlevande sine strategiar i rituala.

På bakgrunn av dette kan ei grav som Hvidegård forståast ut frå at kremering er eit strategisk val i ein situasjon der tid var ein vesentleg faktor i dei sosiale forhandlingane kring gravritualet. Aspekt kring den kroppslege estetikken (jf. Treherne 1995; Fredriksen 2002:90) kan først og fremst ha blitt kommunisert før kremeringa fann stad. Interessant er det også at det synast å vere to individ i grava (Lomborg 1981:76). Dermed er det mogleg at eit mål med ritualet var at to individ skulle gravleggast saman sjølv om dei kan ha døydd på ulik tid.

Er det ein samanheng mellom endringa i gravskikken og større overgripande endringar i det nordiske "bronsealderssystemet"? Reint hypotetisk vil ein kunne gå ut frå at større strukturelle endringar på ein eller annan måte vert reflektert i gravkonteksten fordi dette var ein sentral arena for den sosiale reorganiseringa (jf Vandkilde 1998).

Er det trekk ved det "store biletet" som kan ha medført ei effektivisering i måten rituala på eit mikronivå reproduserar maktrelasjonar (jf. Barrett 1990)? Dette er store spørsmål som er for omfattande til å gå i djupna på her, men representerar i alle fall ein mogleg innfallsvinkel til å diskutere dei store prosessane i høve til handlingar på eit mikronivå (jf. Vandkilde 1998). Andrew Sherratt har peika på eit samanbrot i dei vestlege handelsvegane, om lag synkront med den nordiske bronsealderen si tredje periode, som ei følgje av dei greske bystatane sin kollaps (Myhre 1998:194f med tilvising). Kristian Kristiansen (1986:152) meiner også å sjå ei aukande krise i Sør-Skandinavia frå periode III og utover med basis i sviktande metalltilførsel og tiltakande økologisk krise lokalt. Han knyt omlegginga i gravskikken (og andre rituelle deponeringar) til krisa, men diskuterar ikkje direkte kremeringsskikken i denne samanhengen. Nedgangen i haugbyggeriet ser han som eit ledd i elitane sine forsøk på å "… opretholde og legitimere den politiske struktur under stadig vanskeligere økonomiske vilkår" (*ibid*.:153). Ei auka praktisering av kremering kan vere ein del av dette biletet fordi gravkonteksten har vore ein sentral arena der sosiale relasjonar har vorte reforhandla.

Korleis er alt dette relevant for forståinga av Mjeltehaugen? Ei kronologisk plassering av kammeranlegget til periode II eller III av bronsealder inneber at både inhumasjon og kremasjon i utgangspunktet kan ha vore aktuelle praksisar for handsaming av dei døde. Det skulle innebere at når ein har valt kremasjon så er ikkje dette tilfeldig, men har samanheng med andre strategiar i gravritualet. Sentralt for forståinga av desse strategiane kan vere korleis kremasjonane skapar tid for handling i mellomfasen (jf. Barrett 1990; Østigård 1998; Oestigaard 1999; Parker Pearson 1999:7).

Tid kan ha vore ein avgjerande faktor som har tillete i alle fall to strategiar å ha utspela seg i rituala kring Mjeltehaugen. For det første kan det vere knytt opp mot tilveieskaffinga av hellene. Dette har innebera ei lengre reise som kanskje ikkje utelukkande skal forståast ut frå hellene, men også kvifor det var ristningar på hellene. Gjennom reisa har også rituala fått ein større romleg dimensjon, og gravlegginga av dei døde på Giske har fått signifikans for fleire personar også utanfor det lokale nivå (jf. Barrett 1990). Dette gjeld ikkje berre personar som var knytt til brotstaden (eventuelt også utføringa av ristningane), men kanskje også personar og lokalsamfunn langs reiseruta.

For det andre kan kremasjon og tid ha vore knytt til den samla gravlegginga av åtte individ. I staden for å sjå dette som uttrykk for at dødsfalla har vore relativt samtidige, kan valet av kremasjon som strategi peike på relativt lange tidsintervallar mellom dødsfalla (jf. Stjernquist 1961:91; McKinnley 1997:142f; Parker Pearson 1999:6f). Det vil seie at dei åtte kan ha blitt kremerte kvar for seg i etterkant av sine respektive dødsfall. Dei kremerte beina kan potensielt ha blitt oppbevart i lang tid før den endelege gravlegginga. Dette opnar for å sjå dei åtte som noko anna enn tilfeldige døde personar. I staden kan deira samla gravlegging vere eit strategisk ledd i rituala, og vere knytt til dei døde sin identitet og dei sosiale relasjonane mellom dei (jf. McKinnley 1997:142f).

Kapittel 10

# Fragment frå gravritual

Premissa for forståinga av det sentrale gravanlegget i Mjeltehaugen vart lagt i den første delen av arbeidet. Gjennom ein rekonstruksjon av rissa flatar ut frå fragmenta som er att av materialet, og vidare ved å diskutere dette opp mot dei opplysingane som finnast frå haugen si utgravingshistorie, meiner eg at anlegget skal forståast om lag som det vart skildra etter det første inngrepet i 1847. Det vil seie at hovudmengda ristningar har vore på to heller som har lagt som dekke over åtte kister. Mesteparten av ristningane har vendt ned og inn mot kammera. Ei mindre mengd ristningar er plassert på det som ville vendt utover på dekkhellene. I tillegg har det vore ristningar på minst ei av sidehellene inne i kammera. Beinmaterialet i kistene må etter alt å dømme reknast som brente. Mangel på direkte daterande materiale gjer det vanskeleg å tidfeste anlegget nøyaktig. Ei vurdering av fleire aspekt ved materialet gjer det likevel overvegande truleg at kammeranlegget vart oppført ein gong innanfor periode II eller III av bronsealderen. I andre halvleik av arbeidet har materialet vorte diskutert ut frå tydinga til handlingane dei representerar. Eg vil trekkje ut essensane frå dette gjennom ei tolking av Mjeltehaugen sine rituelle sekvensar:

## Mjeltehaugen si liminale fase

Praktiseringa av kremasjon på dei åtte døde som vart gravlagt i Mjeltehaugen opnar for å sjå materialet innanfor ei tidsmessig lang mellomfase frå kremeringane vart utført til beina vart endeleg gravlagt i haugen. Det kan potensielt også ha vore lange tidssekvensar mellom kvar einskild dødsfall. Kremasjonane kan ha blitt oppfatta å ha visse transformative element for dei døde sin integrasjon i det neste tilværet. Likevel har truleg dette ikkje vore nok i seg sjølv, og ei rekkje ritar måtte utførast i tillegg for å sikre dei døde sin integrasjon. Den endelege deponeringa av dei døde i kammera med dei dekorerte hellene har kanskje berre vore den siste i ei lang rekkje med ritual for å sikre dette (jf. Kaliff 1997:97). Det er også dette som arkeologisk sett er synleg. Mange av dei andre rituala i mellomfasen vil ikkje ha lete etter seg like konkrete spor.

Denne tidsfasen må også reknast å ha karakter av ein liminalfase då situasjonen til både dei levande og dei døde kan ha hatt visse trekk av å vere uavklara. For dei døde i høve til at den endelege integrasjonen ikkje har skjedd enda. For dei gjenlevande i høve til at sentrale sosiale posisjonar kan ha vore ubesette, og det har råda uvisse om samfunnet sin vidare lagnad. Den sosiale og kulturelle orden kan difor ha vorte kjent som truga (jf. Douglas 1966; Syvertsen 2003:76). Samstundes kan denne anti-strukturelle tilstanden ha opna for strukturelle endring, i det minste å fylle dei gamle strukturane med nytt innhald (jf. Turner 1974).

## Tilveieskaffinga av hellene si plassering innanfor den rituelle prosessen

Tilveieskaffinga av hellene skal difor potensielt kunne forståast som ei handling i ritualet si liminale fase. Som eg var inne på tidlegare er det i utgangspunktet ikkje mogleg å tidfeste dette aspektet anna enn til før oppføringa av kisteanlegget, og dermed teoretisk sett også før dødsfalla. Dette inneber samstundes ein grad av planlegging som vert mindre truleg ettersom vi har med fleire dødsfall å gjere. Eg har også vektlagt ei forståing av kremasjonar der det temporære romet for handling er større enn kva gjeld inhumasjonsgravene frå eldre bronsealder. Dermed vert desse to delane ved rituala til ein viss grad forståelege i høve til kvarandre då kremering kan ha vore ein føresetnad for at ei tid- og ressurskrevjande handling som dette kunne gjennomførast på dette stadiet i ritualet. Med dette har den rituelle prosessen også fått ein større romleg dimensjon i og med at gravleggingane fikk relevans for personar på geografiske lokalitetar langt utanfor Giske.

## Dei reisande aktørane som rituala sine leiande aktørar

Eg har vist korleis tilveieskaffinga av hellene kan forståast innanfor ein lokal maktdiskurs der nettverk med personar på ein fjern stad er manifestert. Dette peikar mot at reisande aktørar kan ha hatt ei sentral rolle i ein maktdiskurs vevd inn i ritualet. Kontroll og deltaking i reiser over lange distansar er ei sterk kjelde til etablering og stadfesting av makt. I følgje Mary Helms (1988) kan også folks konseptualisering av geografisk fjerne stadar og personane som har kontaktar i desse områda ha potensiale til å virke legitimerande på asymmetriske sosiale relasjonar.

Dei reisande aktørane synast å ha spela ei leiande rolle i rituala. Det opnar for å sjå dei rituelle strategiane først og fremst som strategiar knytt til denne institusjonen. Eg har vektlagt ei forståing av kremasjonspraksisen som ein strategi knytt til å skape tid for handling i mellomfasen. For Mjeltehaugen sin del synast denne strategien å vere knytt opp mot minst to andre strategiar i rituala. For det første kan den vere knytt opp mot reisa for å skaffe til veie hellene, og kanskje også sjølve ristningane. For det andre kan den samtidige gravlegginga av åtte individ vere ein strategi nær knytt til dei døde sin identitet. Kva kan så dei døde sin identitet vere, og kva sosiale relasjonar kan ha knytt dei saman? Skal dei døde sin samla gravlegging forståast med bakgrunn i deira relasjon til den institusjonen som synast å stå sentralt i ritualet

sine handlingar? Dei døde kan sjølv ein gong ha vore reisande aktørar. Deira felles gravlegging skulle då kunne knytast opp til ein diskurs kring den sosiale tydinga til dei reisande aktørane. Det kollektive uttrykket i gravkonteksten kan spegle attende til dei reisande som eit kollektiv. Deltaking i dette kollektivet kan ha legitimert aktørane sine roller som autoritetspersonar i ein seinare fase. Dei maritime reisene kan ha vore ein sentral arena for etableringa av ein fellesskap som kanskje vedvarte i seinare livsfasar. På denne måten kan gravlegginga og mange av rituala forståast som ei feiring og legitimering av den institusjonen som mykje av reproduksjonen av den sosiale struktur var avhengig av.

## Lukkinga av kistene og oppføringa av haugen

Eit sentralt fase i den rituelle sekvensen må ha funne stad ved gravene. Dei siste rituala for å sikre dei døde sin inkorporering i deira neste tilvere kan ha funne stad her. Beina har vorte lagt i kistene. Dei to store lokka med ristningane på har vore til stades på arenaen. Ei større folkemengd kan også ha vore samla her, kanskje i påvente av å delta i oppføringa av røysa over kammeranlegget. Dersom ristningane har kommunisert noko til eit større publikum, kan det ha vore nettopp i denne fasen.

Den lange liminale fasen kan no ha byrja å gå mot slutten. Akkurat som beina er lagt i kistene, er også helleristningane i ferd med å kome på plass. Dersom ristningar på lause heller har kvalitetar av å vere ”betwixt and between” og tilknytt ureinskap, fare og kaos, kan innlemminga av dei i grava forståast som at ein er i ferd med å få kontroll over desse kreftene (Syvertsen 2003:108ff). Samstundes syner dette at samfunnet er i ferd å overvinne desse kreftene, med andre ord: samfunnet er i ferd med å reintegrerast og dei siste rituala for dei døde sin transformasjon og overgong til deira neste tilvære finn stad. Det er kanskje i lys av dette seine stadiet i den liminale fasen at dei ikonografiske framstillingane på hellene får meining. I alle fall skulle båtsymbolikken på hellene på eit religiøst plan ha meining i høve til overgong og transformasjon (t.d. Artelius 1996:115). Båtane kan ha blitt oppfatta som overgongsmedium for dei døde til ei ny sfære. Samstundes kan symbolikken for dei etterlevande ha referert attende til tidlegare handlingar i ritualet. Hellene er brakt til Giske gjennom ei sjøreise som har karakter av ei langferd, og knyt dermed båtsymbolikken opp til dei reisande aktørane og deira handlingar i ritualet. Dermed vert den religiøse og rituelle kunnskapen knytt til dei reisande aktørane understreka.

Lukkinga av kistene representerar kanskje avslutninga på den liminale fasen, og ein overgong til ritual som meir har karakter av å betone dei gjenlevande sin kollektive identitet og kollektivet sin reintegrasjon. Oppføringa av røysa (og eventuelt jorddekket) skulle ha karakter av eit større arbeid som har involvert mange personar og såleis ha virka styrkande på gruppa sin kollektive identitet (jf. Goldhahn 1999:207; Kyvik 2002:85). Ei slik tolking opnar samstundes for å sjå ristningane på utsida av kistene (fig. 33) som meiningsfylte innafor ein annan rituell kontekst enn ristningane som vender innover. Ein slik synsmåte styrkast av at ikonografien delvis er forskjellig på

inn- og utsida. På utsida manglar den linjære geometriske dekoren. I staden er her figurar av ein annan karakter som diverre er vanskeleg å forstå fordi berre fragment er bevart. Båtsymbolet er likevel også representert på utsida. Det kan bety at symbolet her først og fremst har virka på eit kollektivt plan der det både har stadfesta, legitimert og avgrensa dei som var tilstades sin identitet i høve til samfunnet sin sosiale struktur (jf. Artelius 1996:116).

## Etterord

Først vil eg takke rettleiaren min, Gro Mandt, for ein konstruktiv dialog og gode rettleiingstimar i arbeidet med hovudfagsoppgåva. Per Ditlef Fredriksen las gjennom det meste av oppgåva før levering, påpeika slurv og kom med gode kommentarar. Han fortener stor takk for det! Delar av oppgåva vart også synfart av dei kritiske augo til Ørjan Engedal og Nils Ole Sundet, og dei fortener også takk. Eg har nytt godt av økonomisk støtte frå Norsk Arkeologisk Fond til ein lærerik tur til midtnorske bergkunstlokalitetar. Lærerik har det også vore å arbeide for Bergkunstprosjektet. Ein takk går difor og til alle eg har jobba saman med der. Til slutt vil eg takke redaksjonen i UBAS for å ha synt interesse for arbeidet mitt, og særleg Terje Østigård som kom med gode innspel i redigeringsfasa.

# *Appendiks A*


1
2
3
4
5
6
7
8
9
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30
31
32
33
34
35
36
37
38
39
40


0
1m

# *Appendiks B*



# Appendiks C






# Appendiks D



# *Appendiks E*



## Appendiks F



# Appendiks G






## Litteratur


Aakvik, J. 2000. *Med blikket vendt mot sør! En materialstudie av eldre bronsealder på Vestlandet.* Hovedfagsoppgave i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.

Ab. 1868. *Foreningen til norske fortidsmindesmerkers bevaring. Aarsberetning for 1868.* Utgitt 1869. Kristiania.

Aksdal, J. 1996. *Neolitikum i Vestnoreg. Sosiale prosessar i eit regionalt perspektiv.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi. Arkeologisk Institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert

Althin, C-A. 1945. *Studien zu den Bronzezeitlischen Felszeichnungen von Skåne. Band I - Textteil.* C.W.K. Gleerup, Lund/Ejnar Munksgaard, København.

Artelius, T. 1994. Bronsåldersskeppen I Stenunga. I Artelius, T., Hernek, R. & Ängeby, G. (red.) *Stenskepp och Storhög. Rituell tradition och sosial organisation speglad i skeppsättningar från bronsålder och storhögar från järnålder.* Riksantikvarieämbetet, Arkeologiske undersökningar, skrifter no. 5, Stockholm. s. 26-42.

Artelius, T. 1996. *Långfärd och återkomst – skeppet i bronsålderns gravar.* Riksantikvarieämbetet, Arkeologiska undersökningar, skrifter no. 17, Stockholm.

Askvik, H. 1983. Petrography of the Mjeltehagen slabs. *Norwegian Archaeological Review,* vol 16, no 1. s. 33

Bakka, E. 1972. Forntida i Stord. Serprent av O. Høyland *Stord Bygdebok band I, Stord i gamal tid.* Stord Herad, Bergen.

Bakka, E. 1973. Om alderen på veideristningane. *Viking*, bind XXXVII. s. 151-187

Bakka, E. 1980. Representativitetsproblemet i vestnorsk bronsealder. I Thrane, H. (red.) *Broncealderbebyggelse i Norden. Beretning fra det andet nordiske symposiet for broncealderforskning, Odense 9.-11. april 1980.* Skrifter fra historisk institut, Odense Universitet, nr. 28. s. 37-58.

Bakka, E.† 1987. *Bronsealderristningane på Bogge i Romsdal.* Gunneria 57, Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet, Trondheim.

Bakka, E.† 1993. Kulturtilhøve og regionale skilnader i vestnorsk bronsealder. *Arkeologiske Skrifter fra Historisk museum, UiB, nr. 7 (Minneskrift til Egil Bakka).* Historisk museum, Universitetet i Bergen, Bergen. s. 90-117.

Barber, P. 1990. Cremation. *The Journal of Indo-European Studies* vol. 18, nos. 3 & 4. s. 379-388.

Barrett, J.C. 1990. The monumentality of death: the character of Early Bronze Age mortuary mounds in southern Britain. Bradley, R. (red.) *World Archaeology, vol 22, no 2.* S.179-189.

Barrett, J.C. 1994. *Fragments from antiquity - An Archaeology of Social Life in Britain 2900 - 1200 BC.* Blackwell publishers, Oxford.

Barrett, J. 1998. The politics of Scale and Experience of Distance: The Bronze Age World System. I Larsson, L. og B. Stjernquist (red.) *The world-View of Prehistoric Man.* Kungliga Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien Konferanser 40, Stockholm s. 13-25.

Barrett, J.C. 2001. Agency, the Duality of Structure and the Problem of the Archaeological Record. I Hodder, I. (red.) *Archaeological Theory Today.* Polity Press, Cambridge. s. 141-164.

Bell, C. 1992. *Ritual Theory, Ritual Practice.* Oxford University Press. New York / Oxford.

Berglund, B. (red.) 2001. *"Gassprosjektet" – Arkeologiske undersøkelser på Tjelbergodden, Aure kommune, Møre og Romsdal fylke i forbindelse med bygging av metanolanlegg.* Rapport arkeologisk serie: 2001 – 1, Vitenskapsmuseet, NTNU, Trondheim.

Bjørn, A 1916. Helleristningen paa Gurskø i Søndmør. I *Naturen - illustrert maanedsskrift for populær naturvidenskap,* 40de aargang. Utgitt av Bergens museum. s. 379-382

Bjørn, A. 1935. Arkeologiske misceller. *Universitetets Oldsakssamling Årbok 1933-1934,* Oslo. s. 1-20.

Bloch, M. & J. Parry 1982. Introduction: death and the regeneration of life. I Bloch, M. & J. Parry (red.). *Death and the Regeneration of Life.* Cambridge University Press. s. 1-44.

Bourdieu, P. 1977. *Outline of a theory of Practice.* Cambridge University Press, Cambridge.

Bourdieu, P. 1996. Ritualer som innstiftende handlinger. I Bourdieu, P. *Symbolsk makt. Artikler i utvalg.* Pax Forlag, Oslo. s. 27-37.

Boye, V. 1896. *Fund af Egekister fra Bronzealderen i Danmark.* Kjøbenhavn.

Breuning.-Madsen, H., Holst, M.K., Rasmussen, M. & Elberling, B. 2003. Preservation Within Log Coffins Before and After Barrow Construction. *Journal of Archaeological Science* vol. 30, s. 343-350.

Brøndsted, J, 1938. *Danmarks Oldtid. Bind I: Stenalderen.* Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag,

København.
Brøndsted, J. 1939. *Danmarks Oldtid. Bind II: Bronzealderen.* Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, København.
Bukach, D. 2003. Exploring identity and place: Ananalysis of the provenance of passage grave stones on Guernsey and Jersey in the Middle Neolithic. *Oxford Journal of Archaeology* vol. 22, no. 1, s. 23-33.
Bøe, J. 1942. Fra ledens fortid – et forsøk. *Viking VI.* s. 175-194.
Chippindale, C. 1994. *Stonehenge Complete* (revised edition). Thames & Hudson, London.
Christie, W.F.K. 1837. Om Helle-Ristninger og andre Indhugninger i Klipper, især i Bergens Stift. *Urda* bind I, s. 91-97.
Christie, W.F.K. 1847. Indberetning til Directionen for det Bergenske Museum. *Universitetsbiblioteket i Bergen si manuskriptsamling nr. 193.*
Christie, W.F.K. u.d. Oldtidsminder paa Giskøe. Notat i interfoliert eksemplar av Klüwer 1823, *Universitetesbiblioteket i Bergen si manuskriptsamling nr. 489.*
Christie, W.F.K. & Hagerup, C. 1847. Kontrakt om retten til å grave i Mjeltehaugen. Signert på Gidsköegjerde den 19. august 1847. *Universitetsbiblioteket i Bergen si manuskriptsamling nr. 193.*
Damm, C.B. 1998. Forhistoriske ritualer: En diskussion omkring mening og handling. I Christensen, L.B. & Sveen, S.B. (red.) *Religion og Materiell kultur.* Aarhus Universitetsforlag, Aarhus. s. 44-65.
Den Norske Los 1992. *Den Norske Los. Farvannsbeskrivelse Statt-Rørvik*. Bind 5, femte utgave. Utgitt av Statens Kartverk, Norges Sjøkartverk, Stavanger 1992.
Den Norske Los 2001. *Den Norske Los. Farvannsbeskrivelse Jærens Rev – Stad.* Bind 3, femte utgave. Utgitt av Statens Kartverk, Sjøkartverket 2001.
Dommasnes, L.H. 1998. *Tradisjon og handling i førkristen vestnorsk gravskikk - del II. Fra Vereide til Vikingtid.* Doktorgradsavhandling i arkeologi, Universitetet i Bergen.
Douglas, M. 1966. *Purity and Danger. An analysis of concepts of pollution and taboo.* Routledge & Kegan Paul, London.
Engedal, Ø. 1999. Døderitual i nordisk bronsealder. *Arkeologiske skrifter fra Universitetet i Bergen* nr. 10. Bergen. s.120-144.
Engedal, Ø. 2002. *The Nordic Scimitar. External relations and the creation of elite ideology.* M.A. thesis in Archeology, Department of Archaeology, University of Bergen. Upublisert.
Engedal, Ø. 2005. Blindheimsverdet – eit bidrag til det europeiske sverdets historie. I Goldhahn, J. (red.) *Mellan sten och järn. Rapport från det 9:e nordiska bronsålderssymposiet, Göteborg 2003-10-09/12*. Gotarc serie C, Arkeologiska skrifter no. 59, Göteborg.
Eriksen, T.H. 1993. *Små steder – store spørsmål. Innføring i sosialantropologi*. Universitetsforlaget, Oslo.
Fasteland, A. (red.) 1981. *Fornminne på Sunnmøre 4: Giske kommune. Rapport om topografisk-arkeologisk registrering for det økonomiske kartverket.* Universitetet i Bergen, Historisk Museum, Bergen.
Fasteland, A. 1996. Valderøybåten og Halsnøybåten – gamle funn i nytt lys. *Arkeo* nr. 2 - 1996 Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Bergen. s. 23-26.
Fett, E.N. & Fett, P. 1941. *Sydvestnorske helleristninger. Rogaland og Lista.* Stavanger museum. Stavanger.
Fett, E.N. & Fett, P. 1979. Relations West Norway - Western Europe Documented in Petroglyphs. *Norwegian Archaeological Review* vol 12, no 2. s. 65-92.
Fett, P. 1950. *Førhistoriske minne på Sunnmøre – Borgund Prestegjeld*. Historisk museum, Universitetet i Bergen.
Fett, P. 1963. *Funnstad for bronsesverd 1963.* Dokument nr. 9015 i Topografisk arkiv, Bergen museum.
Fredriksen, P.D. 2002. *karet/kroppen/identiteten. Spannforma leirkar i graver*. Hovudfagsoppgåve i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Fylling, P. 1847. Historisk - Antikvariske Bemærkninger over Borgunds Prestegjeld paa Søndmør. *Urda* bind 3. s. 1-40.
Fylling, P. 1859. *Historisk - Antikvariske Bemærkninger over Borgunds Prestegjeld paa Sunnmøre, samt Gidskeætten.,* Aalesund. (Faksimileutgave trykt og forlagt av Børsums Forlag & Antikvariat A/S 1963).
Fyllingen, H. 2002. *The use of human osteology in the analysis of ritual and violence during the Early Bronze Age. A case study from Nord-Trøndelag.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi, Arkeologisk institutt,

Universitetet i Bergen. Upublisert.
Gansum, T. & Østigård, T. 1999. En haug med ritualer - Haugar og rikssamlingene. I *Vestfoldminnet 1998/99.* Utgitt av Vestfold historielag. s. 74-99.
Gaustad, F. 1965. *Tidlig metalltid i det nordenfjelske Norge*. Upublisert magistergradsavhandling, Arkeologisk institutt, Universitetet i Oslo. Upublisert.
van Gennep, A. 1999[1909]. *Rites de Passage. Overgangsriter.* Pax Forlag, Oslo. (norsk omsetjing ved Erik Ringen).
Gidske, K. 1913. *Søndmør i eldre tid.* Olaf Norlis Forlag. Oslo.
Gilchrist, R. 1999. *Gender and Archaeology. Contesting the past.* Routledge, London & New York.
Gjessing, G. 1936. *Nordenfjelske ristninger og malinger av den arktiske gruppe*. Institutt for sammenlingende kulturforskning, serie B, skrifter XXX, Oslo.
Gjessing, G. 1945. *Norges Steinalder.* Norsk Arkeologisk Selskap, Oslo.
Glob, P.V. 1945. *Studier over den jyske Enkeltgravskultur*. Gyldendalske boghandel, København.
Goldhahn, J. 1999. *Sagaholm – hällristningar och gravritual.* Studia Archaeologica Universitatis Umensis 11 / Jönköpings Läns Museums Arkeologiska Rapportserie 41. Umeå & Jönköping.
Gräslund, B. 1983. Jordfästning ovh likbränning. Vägen till livet efter detta speglat I bronsålderns och stenålderns gravskick. I Marstrander, S. (red.) *Foredrag ved det 1. nordiske bronsealder-symposium på Isegran 3.-6.oktober 1977.* Varia 9, Universitetets Oldsakssamling, Oslo. s. 48-56.
Grønnesby, G. 2002. Gamle graver i veien – utgravning av røys og haug i forbindelse med E6 i Steinkjer. *Spor* nr. 2, 2002. Institutt for arkeologi og kulturhistorie, Vitenskapsmuseet, NTNU, Trondheim. s. 4-12.
Grøvik, I. 1969. Peder Fylling - ein føregongsmann i sunnmørsk kultursoge. 150 år sidan han vart født. *Tidsskrift for Sunnmøre historielag.* 43.-44. årgang, Ålesund. s. 13-23.
Gustafson, G. 1914. Megalitiske graver i Norge. *Oldtiden IV.* s. 1-8.
Haack Olsen, A.-L. 1990. Egshvile – A Bronze Age Barrow with Early Urn Graves from Thy. *Journal of Danish Archaeology vol. 9.*s. 133-152.
Hagen, A. 1970. Comments on Rock Carvings in Øsfold. *Norwegian Archaeological Review* vol. 3, nr 1. S. 105-112
Hagen, A. 1973. Fra Sunnmørsledens jernalder - kommentar til et forsøk. *Honos Ella Kivikoski - Finska fornminnesforeningens tidsskrift,* 75. Helsinki. s. 50-59.
Hagen, A. 1997. *Gåten om Kong Raknes grav. Hovedtrekk i norsk arkeologi.* J.W. Cappelens forlag, Oslo.
Hallström, G. 1938. *Monumental Art of Northern Europe from the Stone Age. 1. The Norwegian Localities.* Bokförlags Aktiebolaget Thule, Stockholm.
Hanisch, M. 2001. *Gravritualene – fortellinger om ære? Et nytt perspektiv på vestnorsk gravmateriale fra romertid og folkevandringstid.* Hovedfagsoppgave i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Helms, M. 1988. *Ulysses' Sail. An Ethnographic Odyssey of Power, Knowledge, and Geographical Distance.* Princeton University Press, Princeton.
Henrichsen, C. 1865. Brev til Hr. Toldsagfører Christie. Datert 25.08.1865. Top. ark. dokument nr. 1130. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1967a. Brev til Hr. Toldinspektør Wiesener. Datert 28.06.1867. top. Ark. Dokument nr. 1139. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1867b. Brev til Hr. Toldinspektør Wiesener. Datert 09.08.1867. Top. ark. dokument nr. 1140. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1867c. Brev til Hr. Toldinspektør Wiesener. Datert 27.08.1867. top. Ark. Dokument nr. 1141. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1867d. Brev til Hr. Toldinspektør Wiesener. Datert 30.08.1867. Top. ark. dokument nr. 1142. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1868a. Brev til Hr. Toldsagfører Christie. Datert 05.06.1868. Top. ark. dokument nr. 1145. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1868b. Brev til Hr. Toldsagfører Christie. Datert 25.06.1868. Top. ark. dokument nr. 1144. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1868c. Brev til Hr. Toldsagfører Christie. Datert 11.09.1868. Top. ark. dokument nr. 1146. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Henrichsen, C. 1868d. Brev til Hr. Toldsagfører Christie. Datert 02.10.1868. Top. ark. dokument nr.

1147. Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Herbst, T.C. 1848. Hvidegaardsfundet. *Annaler for nordisk oldkyndighed og historie* 1848.
Hertz, R. 1960 [1907]. A contribution to the Study of the Collective Representation of Death. I *Death and the Right Hand* (oversatt av R. Needham & C. Needham) Cohen & West, Aberdeen. s. 27-86.
Hildebrand, B. E. 1869. Till hvilken tid och hvilket folk böra de Svenska Hällristningar hänföras? *Antiqvarisk Tidskrift för Sverige*. Utgifen af Kongl. Vitterhets Historie och Antiqvitets Akademien, Stockholm. s. 417-432.
Hodder, I. 1982. *The Present Past.* Batsford, London.
Hodder, I. 1987. The contribution of the long term. Hodder, I. (red.) *Archaeology as Long-term History.* New Directions in Archaeology. Cambridge University Press. s. 1-8.
Holberg, E. 2001. *Klokkebegekulturens symboler. Senneolitikum i Rogaland og Nordland sør for polarsirkelen.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Holck, P. 1986. *Cremated Bones. A Medical-Anthropological Study of an Archaeological Material on Cremation Bones.* (1st edition). Antropologiske skrifter nr. 1, Anatomical Institute, University of Oslo, Oslo.
Holck, P. 1996. *Cremated Bones. A medical-anthropological study of an archaeological material on cremation bones.* (2nd revised edition). Antropologiske skrifter nr. 1b. Anatomical Institute, University of Oslo, Oslo.
Hornstrup, K. M. 1998. Overgangen fra eldre til yngre bronzealder. Et eksempel fra Nordvestjylland, Danmark. I Løken, T. (red.) *Bronzealder i Norden – Regioner og interaksjon. Foredrag ved det 7. nordiske bronsealdersymposium i Rogaland, 31. august – 3. september 1995.* AmS – Varia 33. Stavanger. s. 23-33.
Hyssing, P. 1872. Brev til Hr. Toldsagfører Christie. Datert 31.01.1872. Top. ark. dokument nr. 1148.
Indrelid, S. 1984. Bronsealderens samfunn. I Indrelid, S. & Ugelvik Larsen, S. (red.) *Sunnmøres forhistorie - Fra de første fotefar,* Sunnmørsposten forlag, Ålesund. s. 37-44.
Iregren, E. 1972. *Vårby och Vårberg II. Studie av kremerat människo- och djurbensmaterial från järnåldern.* Thesis and Papers in North-European Archaeology 1. Institute of North European Archaeology, University of Stockholm. Stockholm.
Jennbert, K. 1988. Gravseder och kulturformer. I arkeologins gränsland. i Iregren, E., Jennbert, K. & Larsson, L. (red.) *Gravskick och Gravdata. Rapport från arkeologidagarna 13-15 januari 1988.* University of Lund, Institute of Archaeology, Report series no. 32. s. 87-99.
Jennbert, K. 1992. Changing Customs. Reflections on Grave Gifts, Burial Practices and Burial Rituals during Period III of the Bronze Age of Southeast Scania. *Meddelanden från Lunds universitets historiska museum 1991-1992.* Papers of the Archaeological Institute of Lund 1991-1992, New Series vol 9. s. 91-102.
Jensen, J. 1998. *Manden i kisten. Hvad bronzealderens gravhøje gemte.* Gyldendal, København.
Johansen, Ø.K. 1986. *Tidlig metallkultur i Agder.* Universitetets Oldsaksamlings Skrifter, Ny Rekke, nr. 8, Oslo.
Johansen, Ø.K. 2000. *Bronse og makt.* Andresen & Butenschøn, Oslo.
Johnson, T. 1993. *Seinneolitisk tid i Sogn og Fjordane. Gjenstandstyper og funndistribusjon.* Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen.
Kaliff, A. 1997. *Grav och Kultplats.* Aun 24, Uppsala.
Kaul, F. 1998. *Ships on Bronzes. A study in Bronze Age Religion and Iconography.* Publications from the National Museum Studies in Archaeology & History, vol. 3. København.
Kildal, E. S. 1970. *Geologisk kart over Norge, bergrunnskart Måløy, 1:250 000.* Norges geologiske undersøkelse.
Kleiva, Ø. 1996. *Frå det sosiale livet til tinga. Seinneolitikum på Ytre Søre Sunnmøre.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi med vekt på Norden, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Kristiansen, K. 1982. Kriger og Høvding i Danmarks Bronzealder. Et bidrag til bronsealdersværdets kulturhistorie. I *Rapport från det tredja bronsåldersymposiet för bronsålderforskning i Lund, 23.-25. april 1982.* University of Lund, Institute of Archaeology, Report series no. 17, Lund. s. 63-87.
Kristiansen, K. 1986. Ideologi og samfund i Danmarks bronzealder. *Varia* 12, s. 144-155.
Kristiansen, K. 1987 Centre and periphery in Bronze Age Scandinavia. I Kristiansen, K., Larsen, M. & Rowlands, M. (eds.) *Centre and Periphery in the Ancient World.* Cambridge University Press,

Cambridge. s. 74-85
Kristiansen, K. 1998. A theoretical strategy for the interpretation of exchange and interaction in a Bronze Age context. I Mordant, C., Pernot, M. & Rychner, V. (red.) *L'Atelier du bronzier en Europe du XX au VIII siecle avant notre ère. Actes du colloque international Bronze'96, Neuchàtel et Dijon. III: Production, circulation et consommation du bronze.* Paris, CTHS, 1998. s. 333-343.
Kvalø, F. 2000. *Oversjøiske reiser fra Sørvest-Norge til Nordvest-Jylland i Eldre Bronsealder. en drøfting om maritim realisering og rituell mobilisering.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Oslo. Upublisert.
Kyvik, G. 2002. *Begrepet Livsverden – Fenomenologiske perspektiver. Borum Eshøj og den kosmogoniske død.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
de Lange, E. 1912. Ornerte heller i norske bronsealdersgraver. *Bergen Museums Aarbok 1912, nr 4.* Bergen. s. 3-36.
Larsen, I.C. 1996. *Haugene fra eldre bronsealder på Jæren. En religionsarkeologisk analyse.* Hovedfagsoppgave i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Lavik, P.J. 1969. *Godøyfunnet og bakgrunnen for det.* Upublisert mag.art avhandling, Universitetet i Bergen.
Lillehammer, G. 1996. *Død og grav. Gravskikk på Kvassheimfeltet, Hå i Rogaland, SV Norge.* AmS – Skrifter 13. Arkeologisk museum i Stavanger, Stavanger.
Lomborg, E. 1973. *Die Flintdolche Dänemarks. Studien über Chronologie und Kulturbeziehungen des Südskandinavishen Spätneolitikums.* Universitetsforlaget, København.
Lomborg, E. 1981. Et tøjstykke fra Hvidegårdsfundet. I *Det Skabende menneske bind 1, Kulturhistoriske skitser tilegnet P.V. Glob 20. februar 1981.* Nationalmuseet, København. s. 64-84
Lorange, A. 1875. *Samlingen af oldsaker i Bergens Museum.* Bergens museum, Bergen.
Lorange, A. 1879. *Fortegnelse over de i 1878 til Bergens museum indkomne oldsager ældre end reformationen samt inberetning om arkæologiske undersøgelser i 1878.* Foreningen for norske fortidsminners bevaring. Kristiania.
Lorange, A. 1889†. *Den Yngre Jernalders Sværd.* Bergens museum, Bergen.
Magnus, B. (red.) 1975. *Tilvekstfortegnelse 1969-1970*, Historisk museum, Arkeologisk avdeling, Universitetet i Bergen, Bergen.
Magnus. B. & B. Myhre 1970. *Utgraving av gravhaug på Sørheim gnr. 36, bnr. 12, Etne kommune.* Dokument nr 41673,Topografisk arkiv, Bergen Museum.
Magnus, B. & B. Myhre 1986. Forhistorien. Fra jegergrupper til høvdingsamfunn. Bind 1 i Mykland, K. (red.) *Norges historie.* Cappelen forlag, Oslo.
Mandt, G. 1983. Tradition and diffusion in West-Norwegian rock art. Mjeltehaugen revisited. *Norwegian Archaeological Review* vol 16 no 1 s.14-32.
Mandt, G. 1984. Mjeltehaugen på Giske - en gåte i norsk forhistorie. I Indrelid, S. & Ugelvik Larsen, S. (red.) *Sunnmøres forhistorie - fra de første fotefar* Sunnmørsposten forlag, Ålesund. s. 70-79.
Mandt, G. 1991. *Vestnorske ristninger i tid og rom.* Doktorgradsavhandling, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Mandt, G. 1994. Europeiske impulser i Sunnmøres bronsealder. *Arkeo* nr. 1, 1994, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen, Bergen. s. 9-15.
Marstrander, S. 1963. *Østfolds jordbruksristninger. Skjeberg.* Institutt for sammenlignende kulturforskning. Universitetsforlaget. Oslo.
Marstrander, S. 1978. The problem of European impulses in the Nordic area of agrarian rock art. I Marstrander, S. (Red) *Acts of the international symposium on rock art.* Universitetsforlaget, Oslo s. 45-67.
Marstrander, S.† & Sognnes, K. 1999. *Trøndelags jordbruksristninger.* Vitark 1, Acta Archaeologica Nidarosiensia, Vitenskapsmuseet, NTNU, Trondheim.
Mays, S. 1998. *The Archaeology of Human Bones*. Routledge, London & New York.
McKinnley, J.I. 1997. Bronze Age 'Barrows' and Funerary Rites and Rituals of Cremation. *Proceedings of the Prehistoric Society* vol. 63. s. 129-145.
Metcalf, P. & R. Huntington 1991. *Celebrations of Death. The Anthropology of mortuary Ritual* (2nd ed.) Cambridge University Press, Cambridge.
Mizoguchi, K. 1993. Time in the reproduction of mortuary practices. I R. Bradley (ed) *World Archaeology vol. 25, no. 2 – Conceptions of time and ancient society.* s. 223-235. Routledge, London.

Montelius, O. 1917. *Minnen från vår forntid.* Del 1 stenåldern och bronsåldern. P. A. Norstedt och söners förlag, Stockholm.
Moore, H.L. 1994. *A passion for difference*. Polity press, Cambridge.
Myhre, B. 1969. *Befaring på Blindheim*. Dokument nr. 9020 i Topografisk arkiv, Bergen museum.
Myhre, B. 1970. *Ettergraving for funnsted for bronsesverd.* Dokument nr. 9022 i Topografisk arkiv, Bergen museum.
Myhre, B. 1972. Bronsealders jordhauger i Etne i Sunnhordland. *Arkeo – arkeologiske meddelelser fra Historisk museum, Universitetet i Bergen.* s. 12-17.
Myhre, B. 1980 Sola og Madla i førhistorisk tid. I Myhre, B., Lindanger, B. & Tjelta, H. (red.). *Soga om Sola og Madla, bind 1.* Utgjeven av Sola kommune.
Myhre, L.N. 1998. *Historier fra en annen virkelighet. Fortellinger om bronsealderen ved Karmsundet.* Ams-småtrykk 46, Arkeologisk museum i Stavanger, Stavanger.
Møllerop, O. 1963. Fra Rogalands eldre bronsealder. *Stavanger museum årbok 1962.* s. 5-57, Stavanger.
Nordèn, A 1934. Från Kivik till Eggjum I. De gravmagiska bildristningarna. I *Fornvännen*, 29. årgång. s. 35-53
Nyland, A. 2003. *Å finne noe kjent ved det ukjente. Neolitikum på Nordre Sunnmøre.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Oestigaard, T. 1999. Cremations as transformations: When the dual cultural hypothesis was carried away and buried in urns. *Journal of European Archaeology.* vol 2, no 3. s. 345-364
Oestigaard, T. – sjå også Østigård, T.
Olsen, B. 1997. *Fra Ting til Tekst. Teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning.* Universitetsforlaget, Oslo.
Parker Pearson, M. 1999. *The Archaeology of Death and Burial.* Sutton Publishing Ltd, Stroud.
Pilø, L. 1989. *Den førromerske jernalder i Vestnorge. Et kulturhistorisk tolkningsforsøk.* Hovedfagsoppgave i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Prescott, C. 1991. Late Neolithic and Bronze Age Developments on the Periphery of Southern Scandinavia. *Norwegian Archaeological Review*, vol. 24, no. 1, s. 35-48
Randsborg, K. 1993. *Kivik: Archaeology and iconography.* Acta Archaeologica vol 64(1). Munksgaard. København.
Randsborg, K. 1996. The Nordic Bronze Age: Chronological Dimensions. I Randsborg, K. (ed.) *Absolute Chronology. Archaeological Europe 2500-500 BC.* Acta Archaeologica, vol. 67. s. 61-72.
Resi, H.G. 1982. *Befaring for å innhente opplysningar ang. randlistøks av bronse.* Dokument nr. 9036 i Topografisk arkiv, Bergen museum.
Resi, H.G. 1983. *Ettergraving av funnsted for randlistøks av bronse.* Dokument nr. 9038 i Topografisk arkiv, Bergen museum.
Ringstad, B. 1987. *Vestlandets største gravminner. Et forsøk på lokalisering av forhistoriske maktsentra.* Magistergradsavhandling i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Rygh, K. 1906. *En gravplads fra broncealderen.* Det Kgl. Norske videnskabers selskabs skrifter, 1906, no. 1, Trondheim.
Sandnes, J. & Stemshaug, O.(red) 1990. *Norsk Stadnamnleksikon.* 3.utg. Det norske samlaget. Oslo
Schetelig, H. 1912. *Vestlandske graver fra jernalder.* Bergens Museums Skrifter. Ny række, bind II, no. 1. Bergen.
Schetelig, H. Sjå også Shetelig, H.
Sherratt, A. 1981. Plough and Pastoralism: aspects of the secondary products revolution. I Hodder, I., Isaac, G. & Hammond, N. (red.) *Patterns of the Past. Studies in honour of David Clarke.* Cambridge. s. 261-305.
Sherratt, A. 1998. The Transformation of Early Agrarian Europe: The Later Neolithic and Copper Ages, 4500-2500 BC. I Cunliffe, B. (red.) *Prehistoric Europe. An illustrated History.* Oxford University Press, Oxford & New York. s. 167-201
Shetelig, H. 1925. *Norges forhistorie. Problemer og resultater i norsk arkeologi.* Institutt for sammenlignende kulturforskning, Oslo.
Shetelig, H. 1936. En støpeform til bronsesverd fra Møre. *Naturen* 6. rekke, 10. årgang. s.265-278.
Shetelig, H. Sjå også Schetelig, H.
Sigvallius, B. 1994. *Funeral Pyres – Iron Age Cremations in North Spånga.* Thesis and Papers in Osteology 1. Published by the Osteological Research Laboratory, Stockholm University.
Skirner 1848. *Skirner - et Quartalsblad, indeholdende Meddelelser fra det Bergenske Museums Direction*

*til Museets Medlemmer og Velyndere, udgivet af Directionen.* Nr. 3, 1848. Bergen. (Skirner er eit tidsskrift utan oppgitt redaktør- eller forfattarnamn.)
Slinning, T. 2002. Digital dokumentasjon og figurtolking av bergmalinger. I Goldhahn, J. (red.) *Bilder av bronsålder – ett seminarium om kommunikation.* Acta Archaeologica Lundensia, series in 8, No. 37. Almqvist & Wiksell International, Stockholm. s. 283-296.
Sognnes, K. 1987. *Bergkunsten i Stjørdal 2. Typologi og kronologi i nedre Stjørdal.* Gunneria 56, Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet, Trondheim.
Sognnes, K. 1993. The role of rock art in the Bronze Age and Early Iron Age in Trøndelag, Norway. I *Acta Archaeologica, vol.63 - 1992.* København. s.157-188
Sognnes, K. 1994. Ritual Landscapes. Toward a Reinterpretation of Stone Age Rock Art in Trøndelag, Norway. *Norwegian Archaeological Review, vol. 27, no. 1, 1994*. s. 29-50.
Sognnes, K. 1996. Dyresymbolikk i midt-norsk yngre steinalder. *Viking*. Bind LIX-1996. s. 25-44
Sognnes, K. 1999a. *Det levende berget.* Tapir Forlag, Trondheim.
Sognnes, K. 1999b. Å se eller ikke se. Midt-norske bergmalerier i en historisk-kognitiv kontekst. In Gustafsson, A. & Karlsson, H. (red.) *Glyfer och arkeologiska rum – en vänbok till Jarl Nordbladh.*. Gotark series A, vol. 3. Gøteborg. s. 465-475
Sognnes, K. 2001. *Prehistoric imageries and landscape. Rock Art in Stjørdal, Trøndelag, Norway.* BAR International series 998, Oxford.
Sognnes, K. 2002. Bilde, landskap og ritar i midt-norsk stein- og bronsealder. I Goldhahn, J. (red.) *Bilder av Bronsålder – ett seminarium om förhistorisk kommunikation*. Almqvist & Wiksell International, Stockholm. s. 1-22.
Solberg, B. 1994. Exchange and the Role og Import to Western Norway in the Late Neolithic and Early Bronze Age. *Norwegian Archaeological Review*, vol. 27, no. 2, s. 111-126.
Solberg, B. 2000. *Jernalderen i Norge. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus.* Cappelen Akademisk Forlag, Oslo.
Solevåg, K. 2002. *Fra bronsealder til jernalder – en analyse med utgangspunkt i nordvestnorske bosetningspor og gravfunn.* Hovudfagsoppgave i arkeologi med vekt på Norden. Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Stjernquist, B. 1961. *Simris II. Bronze Age problems in light of the Simris excavation.* Acta Archaeologica Lundensia, series in 4°, no. 5. Bonn & Lund.
Sulebust, J. 1984. Fra forhistorie til historie. Sunnmøre inn i middelalderen (1030-1536). I Indrelid, S. & Ugelvik Larsen, S. (red.) *Sunnmøres forhistorie – Fra de første fotefar.* Sunnmørsposten Forlag, Ålesund. s. 177-183.
Sverdrup, G. 1933. *Fra Gravskikker til Dødstro i nordisk bronsealder.* Skrifter utgitt av det Norske videnskaps-akademi i Oslo II. Historisk Filosofisk Klasse 1933, no. 4. Oslo.
Syvertsen, K. J. 2003. *Ristninger i graver – Graver med ristninger. Om ristningers mening i gravminner og gravritual. En analyse av materiale fra Rogaland.* Hovudfagsoppgåve i arkeologi, arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Sørensen, M. L. S. 1992. Gender Archaeology and Scandinavian Bronze Age Studies. *Norwegian Archaeological Review*, vol. 25, no. 1, s. 31-49
Sørensen, M. L. S. 1997. Reading dress: The construction of social categories and identities in Bronze Age Europe. I *Journal of European Archaeology* vol.5, no 1 s. 93-114
Thomas, J. 1999. *Understanding the Neolithic*. Routledge, London & New York
Tilley, C. 1996. *An Ethnography of the Neolithic. Early Prehistoric Societies in southern Scandinavia*. Cambridge University Press, Cambridge.
Treherne, P. 1995. The Warriors Beauty: The Masculine body and self-identity in Bronze-Age Europe. *Journal of European Archaeology*, vol.3, nr.1. s. 105-144.
Trigger, B.G. 1989. *A History of Archaeological Thought*. Cambridge University Press, Cambridge.
Turner, V. 1967. *The Forest og Symbols. Aspects of Ndembu Ritual*. Cornell Univesity Press, Ithaca & London.
Turner, V. 1974. Social Dramas and Ritual Metaphors. *Dramas, Fields and Metaphors*. Cornell University Press, Ithaca & London, s. 23-59.
Vandkilde, H. 1998. Den senneolitiske offernedlæggelse i den jyske Gallemose: tid-rum dimensioner og fremmede forbindelser. I T. Løken (red.) *Bronsealder i Norden - regioner og interaksjon. Foredrag ved det 7. nordiske bronsealdersymposium i Rogaland, 31. august – 3. september 1995.* AmS-Varia 33,

Arkeologisk museum i Stavanger. s. 7-22.
Vandkilde, H., U. Rahbek & K.L. Rasmussen 1996. Radicarbon Dating and the Chronology of Bronze Age Southern Scandinavia. I Randsborg, K. (ed.) *Absolute Chronology. Archaeological Europe 2500-500 BC.* Acta Archaeologica vol. 67. s. 183-198.
Vinner, M. 2003. Sea Trials. I Crumlin-Pedersen, O. & Trakadas, A. (red.) *Hjortspring. A Pre-Roman Iron Age Warship in Context.* Ships and Boats of the North, vol. 5. The Viking Ship Museum in Roskilde / Centre for Maritime Archaeology of the National Museum of Denmark, Roskilde. s. 103-118.
Weiler, E. 1993. *Innovationsmilöjer i bronsålderns samhälle och idévärd*. Studia Archaeologica Universitatis Umensis 5. Arkeologiska institutionen, Umeå Universitet, Umeå.
Willvonseder, K. 1938. Das Steinkistengrab der älteren Urnenfelderzeit von Illmitz im Burgenland. *Wiener Prähistorische Zeitschrift* XXV Jahrgang. Wien. s. 109-128.
Wolff, F. C. 1976. *Geologisk kart over Norge, bergrunnskart Trondheim, 1:250 000*. Norges geologiske undersøkelse.
Wrigglesworth, M. 2000. *Ristninger og graver som sted. En visuell landskapsanalyse.* Hovedfagsoppgave i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert.
Østerdal, A. 1999. *Tid, rom og sted. Bronsealderrøysene i Hordaland*. Hovedfagsoppgave i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert
Østigård, T. 1998. *The Deceased's Life Cycle Rituals. Present Cremation Burials for Interpretations of the Past. An Ethnoarchaeological Study of Funeral Practices in Nepal.* MA-thesis in Archaeology, Department of Archaeology, University of Bergen. Upublisert.
Østigård, T. – sjå også Oestigaard, T.

## Kjelde frå internett:

www.digitalarkivet.uib.no: personopplysingar om Christopher Hagerup

## Personlege meddelingar

Askvik, Helge – 30.04.04

Mandt, Gro – November 2002